

Å vere og gjere kvinne

Ein diskursanalyse av KK-tekstar om arbeid, omsorg og
kjærleik

Liv Ragnhild Holdhus Sjursen

Trondheim, juli 2011

Takk til ...

Posisjoneringar av dei som har delteke og bidrege med arbeid, omsorg og kjærleik i masteroppgåveskrivinga mi

Tusen takk til Ellen for at du heile tida har vore så interessert og engasjert i prosjektet mitt, i den lange prosessen med å få det ferdig, og i meg. Du har vore ei utømmeleg kjelde til visdom om verda, og du har delt villig av di vide, breie og lange forskarerfaring. Alltid konstruktiv, pragmatisk og tålmodig – og morosam! Vegleiiingane våre vil eg oppsummere med eit kjent presidentslagord (her fritt formulert og omsett til nynorsk): ”Ja, klart du kan!”

Takk og lov for dei feiande flotte medstudentane mine: Sissel ”Frø”, Janne ”Lilja”, Mari ”Funfact”, Eli Maritha ”Kåsa Carlsen” og Dagfinn ”Dæggern” som utgjorde det sosiale landskapet og faglege fellesskapet på lesesalen, Gittan og Tove-Lill på fellesvegleiiingane med Gjenget, samt små og store deltakarar på masterseminaret med Marte Engdal. For å seie det med slagordet til Fusa kommune: ”Med omsorg, tillit og respekt, finn me løysingar og har da kjekt!”

Intens takk til Sissel – mitt spirande Frø som jammen santen blomstra seg ferdig med masteroppgåva før meg. Av og til eit gjenstridig, insisterande ugras umogeleg å bli kvitt, men alltid og uansett ein strålande, fargesprakande jungel av positivitet, råskap, hugleik og herlegdom. Suddelida!

Det hadde nok ikkje blitt nokon mastergrad i språkleg kommunikasjon på utan dei knakande kjekke anvendtfolka på Institutt for språk- og kommunikasjonsstudier. Ein spesiell takk til Hanne som for meg *var* bacheloremna. Leikande lett gjorde du faget så morosamt og interessant! Ein like stor takk til Gøril som for meg *var* masteremna. Du viste meg korleis det abstrakte var sydd saman med det konkrete i faget vårt, og lærte meg å verkeleg bruke og reflektere gjennom anvendt-brillene.

Takk til responslesarane mine: Sissel fagleg respons, Mammo og Pappen for topptrente falkeblikk på nynorsken, og Anders som nøsta opp i den raude tråden og granska saumane som heldt tekstane mine saman.

Og takk til Andersen min: artikkelskrivaren som lærde meg å myrde darlings over ein lav sko, Word-eksperten som hurtigtasta seg fram til løysingar på det meste, sivilingeniøren med streng sans for rettskriving, samfunnskritikaren med stor interesse for faget mitt, og oppvaskmaskina som aldri gjekk sund. Evig elsk!

Liv Ragnhild Holdhus Sjursen

Trondheim, 25.juli 2011

Innhold

1	Innleiing	1
1.1	Fokus i studien.....	2
1.2	Posisjonering av studien	3
1.3	Forskarposisjon og føremål	5
1.4	Problemstilling.....	6
1.5	Aktualitet	6
1.6	Strukturen i oppgåva.....	7
2	Teori.....	9
2.1	Eit dialogisk syn på språk.....	9
2.2	Sosialkonstruksjonisme	12
2.3	Poststrukturalisme – å lage trøbbel.....	14
2.4	Identitet.....	16
2.5	Kjønn	17
2.6	Å vere passande	19
2.7	Medietekstar – inngangsportar til kulturen.....	20
2.8	Diskursanalyse.....	22
3	Material og metode	23
3.1	Kvifor dette utvalet?	24
3.1.1	Vekeblad – ”ugress i den litterære kulturens hage”	24
3.1.2	Dameblad – kvinners underliv, potteplanter og trygdelovgivning.....	25
3.1.3	KK – meir enn berre ”kvinner og klær”	25
3.1.4	Kven er målgruppelesaren til KK?.....	27
3.1.5	Materialutval	27
3.2	Kva gjer dette utvalet høve til?.....	28
3.2.1	Teoretisk validering av materialet - ”Levva livet”	28
3.2.2	Empirisk validering av materialet - ”et tretrådet garn”	29
3.3	Metode	30

3.3.1	Diskursanalyse	30
3.3.2	Analytiske reiskapar: tekstnære analysemetodar	31
3.3.3	Slik gjorde eg	32
3.3.4	Å fylgje ei analyseoppskrift eller å symje med materialet?	33
3.3.5	Bruk av materialet	34
4	Analyse av kjærleikstekstar	35
4.1	<i>Menn, altså</i>	35
4.1.1	Utforming	35
4.1.2	Oppbygging	36
4.1.3	Kven er <i>du</i> ?	39
4.1.4	<i>Vi</i> og <i>han</i> , kvinner og menn	40
4.1.5	Korleis gjere kjønn i det heteroromantiske parforholdet?.....	41
4.2	<i>Alt om mannen</i>	42
4.2.1	Utforming og oppbygging	42
4.2.2	Myter eller sanning?	43
4.2.3	Det sosiale landskapet i teksten.....	44
4.2.4	Likestilling og ansvar	45
4.3	<i>Kunsten å tenne en kvinne</i>	46
4.3.1	Overskrift, ingress og utheva sitat.....	47
4.3.2	Visuell skildring	47
4.3.3	Situasjon og problem - samanhengen mellom kropp og kjensler	47
4.3.4	Løysing – <i>Det er jo så mye fint å utforske i rommet mellom null og knull</i>	48
4.3.5	<i>Hvordan tenner man en kvinne? Dette MENER gutta!</i>	49
4.3.6	<i>Slik tenner du meg, kjære – ei ”sei ditt, gjer datt-liste”</i>	50
4.3.7	Posisjoneringa av stemmene i teksten	51
4.3.8	Ulik ansvarsfordeling	53
5	Analyse av omsorgstekstar	55
5.1	<i>Ego eller super</i>	55
5.1.1	Situasjon	56
5.1.2	Problem	56

5.1.3	Løysing.....	57
5.1.4	Fødselspermisjon.....	59
5.2	<i>Far på farten</i>	60
5.2.1	Dei store og dei små tinga.....	60
5.2.2	Maskulin identitet: arbeid og barn.....	61
5.2.3	Kvinner som bakkemannskap.....	62
5.2.4	Ein typisk, norsk familie?.....	63
5.3	<i>Kvinnen bak</i>	64
5.3.1	Engasjement, innsats og arbeid.....	64
5.3.2	Kvinna i kulissane.....	65
5.3.3	<i>Å glede, eller muligens plage, ein heil nasjon</i>	65
5.3.4	Ein alternativ veg til sjølvrealisering ... viss du vil.....	66
6	Analyse av arbeidstekstar.....	67
6.1	<i>Tid for nye tanker</i>	67
6.1.1	Overskrift og ingress.....	67
6.1.2	Visuell skildring.....	68
6.1.3	Hovudteksten.....	69
6.1.4	<i>Framtiden på hjul</i>	69
6.1.5	<i>Hobby ble jobb</i>	70
6.1.6	<i>Dette er spørsmålene du må stille deg selv</i>	71
6.1.7	Posisjoneringa i heile teksten.....	72
6.1.8	Kvinnelege gründerar.....	72
6.2	<i>Valgte om igjen</i>	74
6.2.1	Fra reklame til jordmor – <i>Nå vil jeg være mer tilstede!</i>	74
6.2.2	Fra sykepleier til gallerist – <i>Jeg synes det er viktig at man liker hverdagen sin</i>	75
6.2.3	Fra designer til kunstner – <i>Kunstbransjen er ikke noen kosebransje</i>	76
6.2.4	Posisjoneringsanalyse.....	77
6.3	<i>Damer i uniform</i>	79
6.3.1	Politifyrstebetjent Monsen.....	80
6.3.2	Cabincrew Todros.....	81

6.3.3	Femininitet og profesjonalitet	83
7	Drøfting.....	85
7.1	Påminning om analysefokus og problemstilling	85
7.2	KK og den kvinnelege lesaren.....	86
7.2.1	Klasse, etnisitet og seksualitet i KK-tekstane	86
7.2.2	Rådgeving og kvinnefellesskap.....	87
7.3	Kjærleik	88
7.3.1	Det heterofile parforholdet mellom to motpolar	88
7.3.2	Kommunikasjonsproblem	89
7.3.3	Handlingsrom i kjærleikstekstane	90
7.4	Omsorg	93
7.4.1	Fødselspermisjon og lønna arbeid.....	94
7.4.2	Kvinner som bakkemannskap	96
7.4.3	Handlingsrom	98
7.5	Arbeid	98
7.5.1	Gründerdrømmen	99
7.5.2	Sjølvrealisering og frigjering	100
7.5.3	Handlingsrom: kor er kjønnet i arbeidstekstane?.....	101
7.6	Handlingsrom for den kvinnelege KK-lesaren.....	102
7.7	Til slutt.....	103
	Litteraturliste	105
	Vedlegg A: Tekstar om kjærleik	A1
	Vedlegg B: Tekstar om omsorg	B1
	Vedlegg C: Tekstar om arbeid.....	C1

1 Innleiing

Norske dameblad har opp igjennom åra måtte tåle ein del kritikk. Kritikken går gjerne ut på at innhaldet er fordummande eller at kvinnekroppane i blada er usunne ideal. Dei har blitt kategoriserte som ”nedbrytende, bakstreverske og medvirkende til å forringe kvinners livskvalitet og selvbilde” (Sørensen 2003:11). Til dømes kom Agnes Ravatn ut med essaysamlinga *Folkelesnad* i vinter der ho kritiserar og gjer narr av vekeblad med ”en ovenfra og ned-holdning” (Lauritzen 2011).

Dameblad har òg vore gjenstand for forskning, blant anna i fleire hovud- og masteroppgåver. Ragnhild Bjørlo har analysert estetikk og kvinnebilette i tre norske dameblad, Kjersti Bakke Sørensen har undersøkt korleis jenter les ulike blad, og Siri Øyslebø Sørensen har sett på korleis kjønn, særleg maskulinitet, blir konstruert og forhandla om i jentebled¹. KK er eitt av dei dameblada som har blitt mest brukt som analysemateriale i slike studiar. Til dømes har Torill Enersen studert kvinnebilette i KK over ein periode på 49 år, og Ingvild Aursøy Måseide har granska korleis kvinner i løna arbeid blir framstilt i KK, òg over ein femtiårsperiode².

I denne studien brukar eg òg KK som analysemateriale, men eg er verken ute etter å kritisere bladet, peike på endringar i det eller finne ut kva lesarane synst om det. Eg er heller interessert i dei heilskaplege biletta av kvinner og kvinneliv som blada skriv fram. Kva inneheld desse liva og korleis er dei er bygd opp? Eg har tatt for meg dei lengre reportasjane i KK og undersøkt kva dei fortel om kvinner, og kva kvinner er og gjer.

¹ Bjørlo (2001), Sørensen (2003) og Sørensen (2005).

² Enersen (1997) og Måseide (2005).

Kapittel 1

Min faglege ståstad å undersøkje dette frå er innanfor anvendt språkvitskap, og i det ligg det eit sjølvstøtt fokus på språkbruk i tekstane. Gjennom mine faglege briller ser eg òg på alle formar for språklege uttrykk, inkludert KK-tekstar, som skapte i dialog mellom språkbrukarar, og som både formidlarar og produsentar av samtalar, refleksjonar og handlingar. Det vil seie at KK sine skildringar av kvinneliv både viser fram kva moglegheiter som finst for kvinnene som les blada, og strekar opp grensene for kva som lar seg gjere for kvinnene som kompetente medlemmar av vår kultur.

1.1 Fokus i studien

Val av fokus og materiale for denne studien kom fyrst. Eg visste tidleg at eg hadde lyst til å studere kjønn i masteroppgåva mi, og sidan eg fyrst hørde om Siri Øyslebø Sørensen si masteroppgåve om konstruksjonar av kjønn i jenteblad, har eg sjølv hatt lyst til å bruke slike blad som materiale for masteroppgåva mi (2005).

Som Sørensen ser eg på kjønn som sosiale kategoriar konstruert av og gjennom kulturen rundt oss, og eg var interessert i KK sin konstruksjon av kategorien 'kvinne'. Samstundes ville eg ikkje berre undersøkje kva kvinner i KK er og gjer; eg ville òg finne ut korleis heile kvinneliv blir bygde opp og fortalt fram i tekstane. Eg ville deretter sjå på samanhengar mellom konstruksjonane av kvinner og kvinneliv i tekstane, kulturen tekstane sirkulerar rundt i og kvinnene tekstane skriv om og for. For å kunne peike på desse samanhengane, har eg valt å gjere diskursanalyse av KK-tekstane.

Det vil seie at eg undersøker tekstane som brukarar av og innlegg i *diskursar* om kvinner og kvinneliv. Ein diskurs om eit fenomen er ein bestemt måte å forstå fenomenet på som dikterer både kva som er passende å seie om det og å gjere i samband med det. Det KK-tekstane fortel om kvinner, kan dermed seie noko om kva slags diskursar dei trekk vekslar på. Det interessante blir å finne ut i kva grad tekstane resirkulerar og rekonfigurerar diskursane som sirkulerar rundt i kulturen vår.

Med diskursomgrepet kan eg òg peike på kva for handlemåtar forteljingane om kvinner gjer mogelege for dei kvinnelege lesarane av bladet. Kor lenge er det til dømes passande for norske mødrer i dag å ha fødselspermisjon ut i frå forteljingane både om kva som er bra for spedbarnet og kva som er bra for mor?

Dei ni KK-tekstane eg analyserar, tar for seg nettopp slike tema. Eg har valt ut lengre reportasjar frå KK som handlar om *arbeid, omsorg og kjærleik*. I følgje Liv Emma Thorsen er desse tre sentrale strengar i kvinner sine liv, og etter å ha sumt rundt i materialet mitt ei stund, fann eg at dei fleste reportasjane i KK òg handlar om desse tre strengane (1993:11).

KK kjem ut ein gong i veka og er ”et aktualitetsblad for kvinner som vil følge med” (Aller u.d.). Det er eit kommersielt produkt og er avhengig av flest mogelege kjøparar. Derfor er det nøydd til å vere generell i skildringane sine av kvinner slik at det når mange. Medietekstar som KK er derfor gode kjelder til rådande diskursar om kvinner og kvinneliv i dag, slik eg ser det.

1.2 Posisjonering av studien

Fleire andre master- og hovudfagsstudentar ved språkleg kommunikasjon-studiet ved NTNU har òg brukt mediert snakk eller tekst som materiale. Til dømes har Inger Sandnes tatt for seg fjernsynsprogrammet *Holmgang* og analysert debattane i programmet som komplekse samtalsjangrar (2006). Kristin Halvorsen har brukt prateprogrammet *Først og sist* som materiale (2001). Ho har sett på mogelegheitene og avgrensingane ved dette samtaleformatet, og samstundes kva for diskursar om kjønn tekstane aktualiserar (op.cit. 2-3). Fokuset på kjønn og diskurs i studien hennar er samanfallande med fokuset mitt i denne studien. Valet mitt av materiale og tekstnære analysemetodar derimot har meir til felles med Daniel Milford Flathagen si masteroppgåve *Avisleseren og klimadiskursen. Dagbladets posisjoneringer av lesernes forhold til klimaendringer* frå 2008.

Kapittel 1

Eg har henta mykje inspirasjon frå denne studien, spesielt frå metode- og analysekapitela. Flathagen analyserar artiklar frå avisa Dagbladet frå 2002 og 2007, og ser på kva dei fortel om klimaendringar og korleis dei posisjonerar lesarane sitt forhold til endringane. Han viser fram korleis ein konkret gjer posisjoneringsanalyse av eit større materiale, blant anna ved å bruke sitat frå materialtekstane flittig, og det har eg tatt lærdom av. Han skildrar òg i detalj korleis han arbeidde med materialet i forkant og undervegs i analysane, og det hjelpte meg mykje i prosessen med å komme fram til ein måte å analysere materialet på.

Eg har òg lært mykje av Ellen Andenæs sitt arbeid med rådgivingsbøker for foreldre. I artikkelen ”’En virkelig far fra første stund’ – diskursive (re)konstruksjoner av mannlighet og faderskap” undersøker ho i eit diskursanalytisk perspektiv korleis fedrar blir framstilt i slike bøker, og korleis kjønn generelt heng saman med desse framstillingane (2005). Her har eg fyrst og fremst henta inspirasjon til måtar å behandle diskurs på som analytisk kategori – eller henta diskursar om diskursanalyse, så å seie.

Studiar innanfor anvendt språkvitskap *utanfor* fagmiljøet mitt ved NTNU har òg vore til nytte. Til dømes har Mary Talbot skrive om britiske jenteblad, korleis dei posisjonerar lesaren og kva forholda mellom deltakarane i bladtekstane er (1992 og 1995). Ho har gjort mikronalysar av tekstane, og sett korleis lingvistiske trekk posisjonerar.

Til slutt vil eg trekke fram doktoravhandlinga til Dorte Marie Søndergaard, *Tegnet på kroppen*, som eg har referert mykje frå i studien min (1996). Den er for meg ei verd av fagomgrep og forståingsmåtar som er relevante for studien min, og den er full av døme på samanhengar mellom kjønn og diskurs som har hjelpt meg å sjå liknande samanhengar i mitt materiale.

Eg har no vist fram fleire døme på studiar som har brukt medietekstar som materiale, som har gjort tekstnære analysar, posisjoneringsanalysar og diskursanalysar, og som har undersøkt kjønn som sosial kategori. Min studie av forteljingar om kvinner i KK-tekstar inneheld alle desse elementa.

1.3 Forskarposisjon og føremål

I denne studien undersøker eg tekst i eit dialogisk perspektiv. Eg undersøker ikkje tekstar som papir med ord på, men som *kulturelle hendingar* (Andenæs 2005:26, Linell 1998:21) Det vil seie at eg ser på tekstane som møteplassar mellom kulturen og menneska som lev i den. I mine analysar tar eg djupdykk ned i kulturen på ein viss stad til ei viss tid, tar ut ein bit av den, ristar litt på den og undersøker det som fell ut. Eg gjer språklege mikroanalysar av tekstane (eller innpåsliten tekstanalyse som eg likar å kalle det), og eg undersøker kva slags posisjonar som er tilgjengelege for deltakarane i og lesarane av teksten gjennom posisjoneringsanalyse. Desse er ledd i den heilskapelege analysen av diskursane om kvinner i tekstane. Til saman gjer desse analysemetodane meg eit meir ”helhetlig perspektiv på konstruksjonen av mening i samfunnet” (Halvorsen 2001:43).

I tillegg til å analysere posisjonar, har eg òg sjølv arbeidd med studien ut i frå ulike posisjonar. Som forskar innanfor anvendt språkvitskap har eg med meg grunnleggande forståingar av språkbruk og meiningsskaping, og ulike analyseverktøy for å gjere tekstnære analysar. Samstundes har eg ein forskarposisjon knytt til det overordna målet med studien og som er bestemmande for val av analysefokuset. Eg har valt å ta ein *feministisk og sosialkonstruksjonistisk* forskarposisjon (Harding 1991 og Søndergaard 2000).

Ut i frå ein slik posisjon ser eg ikkje på kunnskap som objektiv, men som grunnlagt i spesifikke, historiske sosiale situasjonar (Harding 1991:58-59). Min subjektivitet har altså noko å seie for forskingsarbeidet eg gjer og resultatene eg kjem fram til i denne studien, og det er eg medviten om. Eg er sjølv ein del av kulturen eg prøver å analysere og seie noko vitskapleg om, og som ei kvit, heteroseksuell, etnisk norsk middelklassekvinne på 27 år er eg ikkje langt unna målgruppa til tekstane eg analyserar. Ein slik forskarposisjon inneber òg eit syn på kjønn og identitet som sosialt konstruert og historisk situert (Harding 1991:13). Mitt utgangspunkt som forskar ligg dermed litt på sida av tradisjonell forskning innanfor anvendt språkvitskap.

Kapittel 1

Tradisjonelt har forskning ved språkleg kommunikasjon-stuidet ved NTNU (før Institutt for anvendt språkvitskap) dreidd seg om å løyse problem knytt til språkbruk, og produsere kunnskap med relevans for språkbrukarane (Thomassen 2002:7). Målet med studien min er derimot ikkje å løyse spesifikke språk*problem*, men heller å peike på samanhengar mellom språkbruk og sosiale kategoriar. I nyare tid har faget utvikla seg meir i retning av sosialkonstruksjonisme og kritisk teori, skriv Gøril Thomassen i artikkelen ”Kunnskapsproduksjon og forståelser av kunnskapsproduksjon” (2002). I slik type forskning vil målet heller vere ”bevisstgjøring enn problemløsning” (op.cit. 8). Når ein studerar språk i eit kjønnspektiv, slik eg gjer, ”utdypes forståelsen av hva slags prosesser som utformer og struktrerer språklig samhandling” (Andenæs 1998:26). Når ein så set studiar av språk og kjønn i samband med andre system, som til dømes andre sosiale kategoriar som klasse og seksualitet slik eg gjer, gjer det ”muligheter for bredere og mer fullstendig forståelse av samfunnsliv og samfunnsutvikling”. Det er her me finn målet med studien min: auka medvit om samanhengar mellom språkleg samhandling, kjønna konstruksjonar og kultur.

1.4 Problemstilling

For å kunne seie noko om desse samhengane, har eg i arbeidet med denne studien stilt følgjande spørsmål:

- ❖ Korleis blir den diskursive kategorien ’kvinne’ skriva fram i KK?
 - Korleis blir kvinner skildra, og kva består kvinneliv av?
- ❖ Kva handlingsrom gjer tekstane til lesaren?
 - Kva er passende for norske kvinner å vere og gjere i dag?

1.5 Aktualitet

Like etter at eg hadde samla inn materialet mitt og byrja å arbeide med studien, skjedde det fleire hendingar som gjorde kjønn til eit omdiskutert tema både i media og blant folk flest. NRK sine

Hjernevask-program³ byrja å rulle over skjermen, og vedtaket om å endre lova om lengda på stønadspanoden for fedre i foreldrepermisjon kom 1.juli 2009 (NAV u.d.). Debattane desse to hendingane skapte, viser at både kva kjønn *er* for noko, kva innhaldet i kjønnskategoriane skal vere og kva som er 'passande' å gjere for dei ulike kjønnane, er aktuelle tema i dag.

1.6 Struktura i oppgåva

Etter denne korte innføringa i teoretiske perspektiv, analysefokus, materialtekstar, analysemetodar og rammer rundt studien, kjem teorikapittelet (2.). Der vil eg leie lesaren gjennom dei grunnleggande teoretiske perspektiva mine på språk, meiningsskaping, kultur, kjønn og identitet. Eg vil òg la lesaren ta ein titt på medietekstar og diskursanalyse gjennom brilleglasa forma av dei teoretiske perspektiva.

I material- og metodekapittelet (3.) vil eg seie noko generelt om vekeblad og dameblad, før eg fortel om KK og målgruppelesaren til bladet. Eg vil så gjere greie for korleis eg valde ut materialet. Deretter vil eg gå gjennom analysemetodane mine og forklare korleis eg har analysert KK-tekstane.

Analysane av KK-tekstane er delte inn i tre kapittel etter dei tre strengane arbeid, omsorg og kjærleik. Kjærleikstekstane (4.) (*Menn, altså ...*, *Alt om mannen* og *Kunsten å tenne en kvinne*) kjem fyrst. Deretter kjem omsorgstekstane (5.) (*Ego eller super*, *Far på farten* og *Kvinnen bak*), og til slutt kjem arbeidstekstane (6.) (*Tid for nye tanker*, *Valgte om igjen* og *Damer i uniform*).

Eg avsluttar med drøftingskapittelet kor eg går igjennom og oppsummerar funna frå analysekapitla kvar for seg, samstundes som eg drøftar dei ut i frå problemstillingane mine. Til slutt presenterar eg det overordna handlingsrommet tekstane gjer lesaren.

³ (NRK u.d.)

2 Teori

Discourse is not pure content, not just a window on someone's mental or social world; it has to be considered as discourse, that is, as a form of language with certain characteristics which are dictated by the way language and communication work⁴

Eg vil her presentere dei teoretiske perspektiva som studien min byggjer på. Eg går fyrst gjennom grunnleggande forståingar av språk, mening og identitet innanfor dei tre –ismane dialogisme, sosialkonstruksjonisme og poststrukturalisme. Deretter gjer eg greie for korleis eg forstår identitet og kjønn, og kva konsekvensane kan vere ved å ikkje balansere desse to. Til slutt ser eg på medietekstar og diskursanalyse i lyset av dei teoretiske perspektiva.

2.1 Eit dialogisk syn på språk

Til grunn for dei teoretiske perspektiva eg presenterar her og korleis eg brukar dei, og for framgangsmåten i analysane mine, ligg eit syn på språk som dialogisk. Det vil seie at eg forstår språk som eit sosialt fenomen (Lysklett 2007:24). I denne studien undersøker eg ikkje språk som struktur og grammatisk system, men som sosial verksemd for meningsskaping (op.cit. 23). Eg ser på korleis språk blir *brukt* i konkret mellommenneskeleg interaksjon, og kva *arbeid* ord samansatt til tekstar kan gjere i verda. I eit dialogisk syn på språk har nemleg ikkje ord og uttrykk faste tydingar, det er heller slik at ”betydningen af et ord bringes ind i en situation som et potentiale, og dette potentiale realiseres så på en bestemt måde qua brugen i den konkrete

⁴ Cameron 2001:17

Kapittel 2

situation” (Scheuer 2005:34). Ut ifrå ei slik språkforståing ligg det altså ikkje éi bestemt meining i til dømes ordet ’kvinne’. Kva ordet betyr, blir bestemt i kvar konkrete kommunikasjonssituasjon av språkbrukarane sine tidlegare erfaringar med bruken av orda (op.cit. 36).

Språk er altså ullauleg knytt til kontekst; faktisk vil ein innanfor eit dialogisk syn på språk hevde at språk ikkje eksisterar utanfor kontekst. Kontekst blir, til liks med ord og uttrykk, heller ikkje forstått som faste storleikar. Kontekstar er ikkje avgrensa rammer, men blir heller forstått som ”mulighedsfelt hvoraf visse dele bliver aktualiseret, og andre ikke bliver det, efterhånden som samtalen udvikler sig” (Scheuer 2005:35). Kva for delar av konteksten som blir aktualisert i den konkrete kommunikasjonssituasjonen, kjem an på både dei situasjonelle ressursane språkbrukarane har for handa, som til dømes kva dei veit om kvarandre og om temaet, og dei historisk-kulturelle ressursane, som til dømes kulturell kompetanse og generell kunnskap om verda (ibid.).

Knytt til forståinga av språk som eit sosialt fenomen, er forståinga av eit menneske sin identitet som eit interaksjonelt fenomen; altså som noko ein byggjer i interaksjon med andre menneske og verda omkring ein ([Rommetveit 1999] Lysklett 2007:22). Identitet og det einskilde subjektet si tenkjing er knytt til ”det sosiale samspelet”; det sosiale blir sett på som utgangspunktet og føresetnaden for den individuelle utviklinga (Dysthe 1997:47, Marková mfl. 2007:23). Altså er tenkjing, meiningsskaping, sosial interaksjon og ulike situasjonelle og kulturelle kontekstar ”tvunnet sammen i avhengighet” (Lysklett 2007:21). Dei eksisterar og blir endra gjennom kvarandre.

Det einskilde menneske utviklar seg, som eg nemnde ovanfor, i samhandling med andre. Gjennom aktivitetar, observasjon og imitasjon lærer ein å fungere med menneska rundt seg (Marková mfl. 2007:19). I fellesskap finst det rutiniserte måtar å organisere handlingar, tenkjemåtar og språkbruk på – ofte er liknande måtar å organisere praksisar og forståingsmåtar òg det som definerar slike fellesskap (op.cit. 15). Husk at meining er kontekstbunde, altså vil verken sosiale fellesskap eller deira rutinar vere faste og avgrensa, men nokre er meir gjennomgripande og endrar seg så sakte at dei er mogelege å tale om som definerte. Slike rutiniserte praksisar og forståingsmåtar er til dømes det ein innanfor alle sosiale fellesskap kallar ’sanning’ og ’fakta om verda’ (op.cit. 21). I tillegg til slik generell kunnskap om verda finst det òg meir stabile måtar å

forstå spesifikke sosiale fenomen på, som til dømes kva som ligg i omgrepa 'arbeid', 'omsorg' og 'kjærleik' ([Moscovici 2001] op.cit. 23). Dette er "'discoursified' forms of thinking and cultural symbolic phenomena shaping language and communication; and that they are at the same time being shaped by language and communication" (ibid.). Denne forståinga av samanhengen mellom språk, individ og samfunn er samanfallande med ei sosialkonstruksjonistisk forståing (sjå 2.2).

Sjølv om det einkilde menneske etter kvart internaliserar dei rutinerte praksisane og forståingsmåtane innanfor dei sosiale fellesskapa det tilhøyrer, vil det ikkje dermed seie at det er ein "judgmental dope" (Smith 2001:68). Ifølgje ei etnometodologisk forståing av samanhengen mellom språk, individ og samfunn, er ikkje menneske passive svampar som sug til seg normar og reglar i samfunnet; menneske er aktørar som kontinuerleg gjer eit arbeid for å skape meining i tilværa sine i samband med andre menneske (ibid.). Ifølgje det etnometodologiske grunnprinsippet om at "alt må gjøres", arbeider aktørar heile tida "to make their own context-specific actions understandable to others, as well as constantly striving to understand what others were doing" (Andenæs 2007:279, Smith 2001:68). Aktørane er ansvarlege ("accountable") for å handle på måtar andre straks forstår; konsekvensen av å ikkje bli forstått er at ein ikkje fungerer i det sosiale fellesskapet (ten Have 2004:19).

Å handle på ein ansvarleg måte overfor andre blir derfor ein viktig del av sjølve handlinga: "The understandability and expressibility of an activity as a sensible action is, at the same time, an essential part of that action" (op.cit. 20). Dersom ein knyt dette opp mot mitt tema for analyse i denne studien, nemleg korleis kjønnskategorien kvinne blir konstruert i KK-tekstane, kan ein forklare det slik at kjønn òg er eit meiningsskapingsarbeid. Å gjere kjønn vil seie å vere og gjere på ein måte som er forståeleg og uttrykt på ein måte som gjer meining for omverda (som noko du med din kjønna kropp er og gjer) (sjå 2.6). I og med at KK er eit kommersielt produkt som skal selje mest mogeleg, må redaksjonen skrive om kvinner på ein måte som er gjenkjenneleg for svært mange; altså må dei finne ein måte å skrive på premissane til ei gruppe lesarar som kan vere svært ulike. Skildringane av kvinner og kvinneliv i tekstane må stemme overeins med breie

Kapittel 2

lag av den KK-lesande befolkninga sine innlærte og erfarte samanhengar mellom medlemskap i den sosiale kategorien 'kvinne' og "assumptions about behaviour, motivation, moral worth and so on" (Smith 2001:70). Dersom kvinneskildringane ikkje blir gjenkjente av lesarane, vil dei bli "reduced to impoverished traits, to schemas and stereotypes without meaning" ([Moscovici 2000:149] Marková mfl. 2007:19). Sidan KK-tekstane rettar seg mot og blir lest av ei stor gruppe kvinner, kan kvinneskildringane deira derfor umogeleg vere gjenkjennelege for alle, og derfor kan dei framstå som nettopp stereotypiar.

Eg vil vende tilbake til det å gjere kvinne på passande måtar nedanfor (2.6). Fyrst vil eg gjere greie for eit grunnleggande teoretisk perspektiv som har vore innfatta rundt dei brilleglasa eg har forstått og forklart prosjektet mitt gjennom, nemleg sosialkonstruksjonismen.

2.2 Sosialkonstruksjonisme

Til no har eg gjort greie for eit syn på språk, meining, sanning og identitet som noko som blir til i samhandling mellom menneske. Menneske må heile tida arbeide for å gje innhald til desse 'storleikane' som er forståeleg for ein sjølv og andre i kvar konkrete samhandlingssituasjon. Dette vel eg her å knyte opp mot eit sosialkonstruksjonistisk perspektiv på verda og menneskeleg verkelegheit. Som perspektiva på språk, meining og identitet eg har skildra over, er sosialkonstruksjonismen eit anti-essensialistisk perspektiv. Det vil seie at ein innanfor desse perspektiva ikkje ser på noko som faste storleikar med kjernar av innhald som berre *er* der, men som sosiale fenomen. Me arbeidar oss gjennom alle sanseintrykk ved hjelp av språk i interaksjon med andre menneske; ein stein er berre ein stein for meg fordi eg har lært av menneska rundt meg at dette er den typen ting ein kallar stein. Derfor kan ein hevde at alt er språkleg konstruert, og historisk og kulturelt situert. Det vil seie "at de måder, hvorpå vi forstår og kategoriserer i dagligtalen, ikke er en refleksion af verden 'derude', men et produkt af historisk og kulturelt specifikke opfattelser af verden, og at de dermed er kontingente. De skabes og opretholdes gennem social interaktion mellem mennesker i hverdagen" (Jørgensen & Phillips 1999:112).

Hovudtanken innanfor sosialkonstruksjonismen er altså at menneske berre har tilgang til verkelegheita gjennom språk (Jørgensen & Phillips 1999:13). Vår kunnskap om og forståing av verda blir dermed produkt av måten me snakkar om den og ordnar den på gjennom språket vårt. Desse kunnskapane og forståingane er avhengige av når og kor dei blei til (med andre ord historisk og kulturelt spesifikke), og dermed vil nokre handlingar og veremåtar som verkar naturlege for nokre menneske kunne vere uforståelege for andre: ”Man tilskriver mening åt omvärlden och åt språkliga utsagor på olika sätt i de olika kulturerna, och att tolkningarna, meningarna, är ”provinsiella” såtillvida att de är knutna till sina kulturer, och är svårforståeliga eller oförstådda bland dem som är obekanta med de aktuella delkulturerna” (Linell 1998:26-7). Det er på bakgrunn av våre historisk og kulturelt spesifikke forståingsmåtar at me utfører handlingar, og dermed får måten me ser verda på konkrete sosiale konsekvensar (Jørgensen & Phillips 1000:14).

Å forstå verda og verkelegheita som sosiale konstruksjonar betyr ikkje at ”enhver aktør opfinder virkeligheden for sig selv og sine umiddelbare omgivelser fra time til time” (Søndergaard 1996:87). Ja, det handlar om å vere eit kulturelt kompetent subjekt som kan identifisere måtar å vere og gjere det som er passande i kvar situasjon, men fordi passande handlemåtar er ein del av den kulturelle kompetansen, derfor rutinisert, er ein ofte ikkje medviten om desse praksisane. ”De kulturelle perspektiver, som den materielle og sociale realitet ses igennem – og i et eller andet omfang også formes igennem – bygger på en historisk og socialt omfattende proces, og processens aktuelle bevægelsesstatus udgør for den enkelte aktør *faktisk eksisterende betingelser* at leve indenfor” (op.cit. 87). Men ”det, at nogle isflager i dette hav er mere trægt bevægelige end andre, skal ikke få os til at tænke om dem som naturgroede og uforanderlige” (op cit. 354). Sanningar og ’fakta om verda’ er døme på slike trege isflak som ein kan oppleve som fastlåste føresetnader for livspraksis. Dei fungerer slik som regulerande element for korleis ein handlar og oppfører seg, og korleis ein skal te seg overfor det eksisterande og det potensielt nye (Søndergaard 2000:56). Eit slikt syn på sanning er samanfallande med eit poststrukturalistisk syn på sanning, som eg vil komme nærare inn på i 2.3.

Kapittel 2

Med eit syn på sanning som konstruert og historisk og kulturelt situert, altså med eit sosialkonstruksjonistisk perspektiv, får ein mogelegheit til å studere korleis meining og forståingar blir forhandla om og korleis nokre får hegemoniske posisjonar over andre. Med til dømes eit essensialistisk perspektiv har ein ikkje mogelegheit til å studere desse prosessane – dei eksisterar nemleg ikkje innanfor eit slikt perspektiv, sanning berre *er*.

Det, konstruksjonsbegrepet gjør, er at bidrage til at fastholde en forståelse af kultur som menneskeskabt – som historisk genereret. Konstruksjonsbegrepet tillader os at ophæve det hellige aspekt ved virksomheden og strukturerne. Det tillader os at stille spørgsmål og at fremhæve det aspekt ved strukturerne, at de kan forhandles. Hvorvidt de aktuelt givne strukturer udgør de bedste udviklingsbetingelser for en af samfundets væsentligste diskursproducerende instanser er løbende genstand for forhandling mellem kulturens aktører (Søndergaard 1996:348)

Før eg går vidare vil eg kort gjere greie for korleis eg forstår kulturomgrepet som eg til no har brukt fleire gonger utan nærare forklaring. Eg støtter meg på Søndergaard si forståing av kultur som medium i forhandlingsprosessane mellom individ og samfunn (1996:77): ”Menneskene fødes ind i samfund, der eksisterer i historisk og kulturelt specifikke former, men gennem det at integrere givne kulturformer i sig og sig i dem bidrager de enkelte individer og grupper af individer på deres måder til opretholdelse og videreudvikling af dem” (op.cit. 31). Det vil seie at menneske og kultur er gjensidig konstituerande. I ei slik forståing av kultur som menneskeskapt handlemåtar, ligg det òg ei forståing av kultur som mogeleg å endre. Denne tanken fører oss vidare til poststrukturalismen.

2.3 Poststrukturalisme – å lage trøbbel⁵

Poststrukturalismen tar utgangspunkt i det dialogiske synet på meining som potensial i ord og uttrykk, og som lokalt forankra i konkrete situasjonar og brukarane av språket (sjå 2.1). Poststrukturalistar er opptekne av kva slags konsekvensar dette synet på språk og meining får for politisk verksemd og mogelegheitene for sosial endring (Bondevik & Bostad 2003:179). Sidan

⁵ (Søndergaard 2002:196).

mening er flytande, finst det ingen absolutte sanningar. Dermed vil det la seg gjere å løyse opp maktforhold som er bygde på at nokre forståingar av verda er rettare og meir sanne enn andre.

Poststrukturalistar brukar diskursomgrepet for å forklare desse samanhengane mellom språk, makt og sosial endring. Ein diskurs er ein måte å snakke om og forstå eit fenomen på. Desse forståingsmåtar hentar me frå verda rundt oss, men me kan òg ”kombinere og rekonfigurere elementer og meningsbiter fra helt ulike diskursive sammenhenger” og slik skape nye forståingsmåtar og endre diskursar (Andenæs 2005:24). Slik er diskursar måtar å organisere mening og konstituere kunnskap på, og dei ”’map out’ what can be said and thought about what they define as their respective domains” (Pennycook 1994:127). På denne måten kan ein sjå på det kvar einskild av oss oppfattar som verkelegheita som ”’discursively constructed’, made and remade as people talk about things using the ’discourses’ they have access to” (Cameron 2001:15).

Diskursar verkar altså bestemmande på kva me kan seie og gjere innanfor eit gitt område til ei gitt tid, og slik kan visse forståingsmåtar bli sett på som meir ’sanne’ og ’rette’ enn andre. Poststrukturalistar er spesielt opptekne av å undersøkje korleis ulike diskursar til kvar tid kjempar om å ha definisjonsmakta over ulike fenomen og omgrep, og korleis nokre av dei blir naturaliserte medan andre blir framande, såkalla diskursive kampar (Jørgensen & Phillips 1999:15).

Ved å definere, skildre og klassifisere, produserar ein altså kunnskap og legitimerar visse praksisar framføre andre: ”Beskrivelser og forklaringer fungerer konstituerende for social handling – social handling henter sin legitimitet i intersubjektivt frembragte beskrivelser og forklaringar” (Søndergaard 1996:36). Slik får diskursar konsekvensar for våre haldningar og handlingar. Dei foreslår posisjonar for oss, og til desse posisjonane er det knytt visse forventingar til korleis ein skal oppføre seg og kva ein kan seie (Jørgensen & Phillips 1999:53). Me blir heile tida posisjonert på utallige måtar av ulike diskursar, til dømes kan kvinnene i KK-tekstane eg analyserar bli posisjonerte som mødrer, arbeidstakarar og seksualpartnar på ein gong. Det gjer at subjektsposisjonar gjerne kjem i konflikt med kvarandre, som til dømes i omsorgsteksten *Ego*

Kapittel 2

eller super som tar i bruk ulike diskursar om kva som er 'bra for barn' og dermed foreslår teksten ulike posisjonar for mødrer. Når eg gjer posisjoneringsanalyse av mine tekstar, er det blant anna for å finne fram til dei tilgjengelege posisjonane for deltakarane i teksten innanfor diskursane om kvinner og arbeid, omsorg og kjærleik. I eit poststrukturalistisk perspektiv viser analysane at posisjonane ikkje er "naturgitte, men formet gjennom diskursiv makt" (Lorentzen & Mühleisen 2006:158).

2.4 Identitet

I byrjinga av dette kapittelet forklarte eg at menneskeleg identitet er eit interaksjonelt fenomen (sjå 2.1.2). Det einskilde menneske (subjektet) både tenkjer, handlar, snakkar og kjenner gjennom sosial omgang med andre: "Our practices, our languages, our artifacts, and our world views all reflect our social relations. Even our most private thoughts make use of concepts, images and perspectives that we understand through our participation in social communities" (Wenger 1998:146). Gjennom stadig interaksjon med andre menneske får subjektet sine unike erfaringar, utviklar sine perspektiv på og kunnskapar om verda. Denne kontinuerlege prosessen er det einskilde subjektet sin subjektivitet – si kjensle av 'seg sjølv'.

Identitetar blir til når subjektet identifiserar seg med subjektsposisjonane som dei ulike diskursane tilbyr. Det er ikkje dermed sagt at subjekta tar dei tilgjengelege posisjonane med deira måtar å vere og gjere på opp i seg fullt og heilt:

There will always be tension between the discourses and practices available and the subjects' interpretation and use of them. The tension results in infinite variations in the individual realization of these discourses. Discourses are, however, not unambiguous. The discourse available to one and the same subject are many, often contradictory, and they vary over contexts and time (Søndergaard 2002:199).

Ein formar altså forståingsmåtar og handlingar etter omgjevnadane, og samstundes forhandlar ein kontinuerleg med omverda om korleis ein skal vere og gjere. Slik blir identitetar til *mellom* menneske gjennom deira ulike praksisar (Søndergaard 1996:36)."Hvem individet "er", kan variere over tid og mellom forskjellige arenaer alt afhængigt af, hvilke diskursive praksisser og

hvilke positioneringer inden for disse diskursive praksiser individet tilbydes og tager sig adgang til” (op.cit. 38). Identitetar er altså verken ”narrowly individual” eller ”abstractly collective”; ein kan ikkje sjå menneske som ”fikserede slutprodukter” eller forklare menneskeleg handling gjennom generaliseringar og stereotypiar (Wenger 1998:146, Søndergaard 1996:36).

Identitet peikar både *innover* i menneske: ein identifiserar seg som nokon og med andre, og *utover*: ein blir identifisert som nokon og identifiserar andre (Wenger 1998:191). Oppfattinga av korleis ein sjølv ’er’ blir ikkje nødvendigvis korleis andre oppfattar deg; det er ikkje alltid samanheng mellom den innvendige identiteten (subjektiviteten) og den utvendige, sosiale identiteten. Kvar enkelt må finne ein måte å balansere dette på. Ein må presentere seg sjølv slik omverda oppfattar som passende innanfor dei ulike sosiale gruppene ein forhandlar om medlemskap i eller blir plassert som medlem av. Samstundes må ein oppleve at sjølvpresentasjonen stemmer overeins med det ein oppfattar som ’seg sjølv’. Sagt med andre ord må identiteten og subjektiviteten stemme overeins.

2.5 Kjønn

Nokre medlemskap i sosiale kategoriar har ein lengre enn andre, og nokre er så integrerte i den enkelte sin subjektivitet at balansegangen mellom identitet og subjektivitet ikkje er noko ein tenkjer særleg mykje over. Ein fyrsteårstudent, til dømes, vil gjerne i byrjinga ha eit medvite forhold til kva det inneber å vere student og korleis ho skal te seg deretter. Ho vil sannsynlegvis ikkje vere like medviten om korleis ho skal te seg som kvinne; det har ho jo allereie vore i 20 år. Kjønn er ein av dei viktigaste og mest synlege identitetsmarkørane blant menneske; det tar ikkje mange sekund før eit nyfødd barn blir stempla som tilhøyrande kategorien ’kvinne’ eller ’mann’, og behandla deretter.

Ein utbreidd måte å snakke om kjønn på er å redusere kjønn til essens og skilnad. Har du ein kvinnekropp, har du samstundes ein indre essens i deg av kvinne som du deler med alle andre menneske med kvinnekroppar. Denne essensen er grunnleggande ulik mannleg essens. Kvinner

Kapittel 2

og menn blir dermed forstått som at dei har ulik natur, identitetar og legningar. ”Kjønnsforskjellene knyttes i denne forståelsen både til kjønnes ulike biologi og fysiologi, og til psykologiske egenskaper og sosiale roller. Det er som om hver celle i kroppen er forskjellig hos kvinner og menn” (Lorentzen & Mühleisen 2006:45). Denne forståinga av kjønn blir forklart med medisinsk og biologisk kunnskap, og nettopp derfor har den så lenge vore anerkjent og dominerande (ibid.). KK-tekstane eg analyserar er gjennomsyra av denne oppfattinga av kjønn som skilnad. Det er spesielt tydeleg i kjærleikstekstane (sjå 4.1-4.3).

Eg forstår derimot kjønn, på same måte som identitet, som eit sosialt fenomen. Kjønn ”lokaliseres ikke ’inne i menneskene’, og ikke ’ute i samfunnet’. Det forstås som et latent aspekt ved sosiale situasjoner” (Andenæs 1995:94). Det vil seie at ein ikkje er fødd med ein indre kjerne av kjønn som gjer at ein er og handlar på bestemte måtar; kjønn er heller ein konsekvens av korleis du *vel* å vere og gjere ting. Når veremåten og gjeremåten til ei kvinne blir oppfatta som kvinneleg, er det altså ikkje fordi ho har livmor og eggstokkar, slik eg ser det, men fordi ”hun har gjort samfunnets oppfatninger av kvinnelighet til en integrert del av sin egen væremåte” (Lorentzen & Mühleisen 2006:73).

Forstått i eit poststrukturalistisk perspektiv vil det seie at dersom du har ein kvinnekropp, er det ”særlige typer af handlemuligheder og positioner og balanceringsprosjekter i kulturen” tilgjengeleg for deg (Søndergaard 1996:90). Det vil ikkje dermed seie at det er umogeleg for deg å gjere ting annleis, men det betyr du vil sjå på nokre subjektsposisjonar som meir ’naturlege’ å tilegne seg enn andre:

‘Being a man/woman’ involves appropriating gendered behaviours and making them part of the self that an individual presents to others. Repeated over time, these behaviours may be internalized as ‘me’ – that is, gender does not feel like a performance or an accomplishment to the actor, it just feels like her or his ‘natural’ way of behaving (Cameron 2001:171).

Kjønn som sosial konstruksjon vil altså seie ”den sosiale tvangen til å handle på en måte som omgivelsene kan forstå som entydig feminin eller maskulin”, men det einskilde individet vil ikkje nødvendigvis oppleve det som tvang (Lorentzen & Mühleisen 2006:70). ”Mitt kjønn kan være det jeg har og som jeg fremstiller, men det kan også oppleves som noe som er i meg og som

driver meg bak min rygg, så å si. Altså både noe jeg kontrollerer, og som jeg er kontrollert av” (Haavind 2000:215).

Forstått i eit diskursperspektiv blir kjønn dermed eit system ”som både menn og kvinner er med på å opprettholde gjennom sitt handlingsrepertoar og sin italesettelse av kulturelle kjønnsdiskurser” (Lorentzen & Mühleisen 2006:154). Det vil seie at det òg er mogeleg å endre rådande forståingar av kjønn, som den utbreidde forståinga av kjønn som medfødde, sosiale skilnader mellom kvinner og menn, ved å endre våre vere- og gjeremåtar.

2.6 Å vere passande

Ovanfor nemnde eg den ferske studenten som medviten om kva det vil seie å vere student og korleis ein ter seg som student. Som student er det visse handlingar og haldningar som er meir sosialt aksepterte enn andre. Det handlar om kva som er sosialt *passande* ”i forhold til bestemte kategorier og posisjoner [...] Velger jeg handlinger fra området utenfor det passende, må jeg tåle at det blir stilt spørsmålstegn ved dem, og at jeg må kunne rettferdiggjøre dem” (Andenæs 2007:284). Slik er det òg med større sosiale kategoriar som kjønn.

At oppnå bekreftelse som værdig representant for sit køn har stor værdi for de fleste aktører. Både fordi det er behagelig og sosialt trygt at blive spejlet som værdifuld, men også fordi spejlingen genkender og værdsætter noget, som aktøren tidlig i sin livshistorie og livsforløbet igennem udvikler og understøtter som et særlig væsentligt bindemiddel i sit selv (Søndergaard 1996:101).

Det forklarar kvifor dei fleste vel å te seg etter det som blir forventet av dei. Kulturelle mønster framstår nemleg som individuelle val. Dei fleste vil ikkje nemne frykt for sosiale sanksjonar som grunn for handlingane sine; det er meir sannsynleg at dei både opplever og hevdar at det er deira personlege *smak* å handle på visse måtar. Eit døme på denne er utsegna at det ”passer best for vår familie” at mor heller enn far tar eit år permisjon og jobbar deltid når barna er små (sjå analysen av *Ego eller super* i 5.1). Ifølgje kultursosiologen Pierre Bourdieu er smak ”ureflekterede kræfter, det er størrelser der ligger uden for agentens rationelle rækkevidde” (Scheuer 1997:226). Han

Kapittel 2

meiner at smak er ”socialt regulert og regulerende, at smagsmønstre er ligedannende med sociale mønstre” (ibid.). Som kvinne vil eg føle tiltrekking mot det som er kulturelt gjenkjenneleg som passende aktivitetar for kvinner, og eg vil kjenne det som mine personlege preferansar og ikkje som sosial tvang, fordi det er eit grunnleggande menneskeleg trekk å ville vere ein del av eit større fellesskap. Det er snakk om

en uoplyst tiltrækning, en umiddelbar fascination der som mundheldet siger, ikke er intellektuell, en tiltrækning der ikke kender og ikke forudsætter sin egen rækkevidde, sin egen konsekvens, sit eget endemål. Fordi den har den karakter, sætter smagen mænd (og kvinder) som sociale agenter i stand til at udføre makrosocialt effektive handlinger uden at have den fjerneste indsigt i eller erkendelse af det makrosociale (op.cit. 226-7, min parentes).

Kva er kulturelt gjenkjenneleg som kvinneleg og som kvinneliv i materialet mitt? Ifølgje Ellen Andenæs inneheld hegemonisk feminitet i Noreg no (2007) ”middelklasse, hvithet, heteroseksualitet og likestilthet” (2007:280). Sjølv om KK stadig skriv om kvinner og vender seg til kvinner, vil ikkje det seie at dei famnar om alle menneske med kvinnekroppar som er tilknytt nasjonen Noreg. Kjønn som sosial kategori heng saman med andre sosiale kategoriar som klasse, etnisitet og seksualitet. Dei er knytt saman i ein ”gjensidig konstituerende dynamikk” og kan ”nedtone, oppflamme, forsterke, vri, dempe og forvanske hverandre” ([Connell 1982:182] Lorentzen & Mühleisen 2006:156). Å vere passende kvinne krev altså at ein er passende i forhold til andre kategoriar, men òg at ein har ein passende livsstil⁶: “A lifestyle is a rather orderly container for identity, each type coming with certain expectations, so that particular actions would be seen as ‘out of character’ with it” ([Giddens 1991:82] Gauntlett 2002:111-112).

2.7 Medietekstar – inngangsportar til kulturen

Medietekstar er ein viktig kanal for spreiding av det som til kvar tid blir sett på som passende identitetskonstruksjonar. Dameblad, som konsekvent kvinnevinklar temaa dei tar opp, viser fram rådande diskursar om feminitet og kva som er passende for kvinner innanfor ein bestemt kultur å gjere (sjå 3.1). Sjølv om kvinner ser på seg sjølve som aktive byggjarar av sine egne

⁶”Livsstil defineres som *de kommunikative aspekter, som symbolverdien ved levesetter*” (Gullestad 1989:104).

identitetskonstruksjonar, kan dei ikkje unngå å dra vekslar på og bruke tilgjengelege diskursar om kvinner og kvinneliv:

The media shows us situations and relationships from other people's points of view – indeed, it is part of the eternal fascination of drama that we can see 'how the world works' in lives other than our own. This could hardly fail to affect our own way of conducting ourselves, and our expectations of other people's behaviour (Gauntlett 2008:2-3).

Her er det viktig å understreke at medietekstar ikkje formidlar *faktiske* hendingar og levde liv, men viser fram representasjonar av dei. Til dømes les eg ikkje intervjuet i arbeidsteksten *Valgte om igjen* som korrekte sitat og sanning om liva til intervjuobjekta, men som representasjonar av levde kvinneliv som byggjer på eit materiale som er samla inn og omarbeida (eller fabrikkert) av KK-redaksjonen.

Tekstane viser altså fram representasjonar av kvinneliv som stemmer overeins med bestemte diskursar om kvinner. Tekstane konstruerar òg ein bestemt type lesar som passar framstillingane av kvinner i bladet. Dei vender seg til lesarane som ei einsarta gruppe med ”shared experience and commonsense attitudes”, og ut ifrå det foreslår dei posisjonar for lesaren å forstå tekstane og handle i verda frå (Talbot 1995:146).

Slik trekk tekstane og dei kvinnelege lesarane vekslar på kvarandre. Tekstane tar utgangspunkt i levde kvinneliv, men plukkar, miksar og skriv dei fram på sine eigne måtar til sine føremål. På same måte tar dei kvinnelege lesarane kanskje utgangspunkt i dei rådande diskursane om kva kvinner er og gjer som sirkulerar rundt i kulturen dei lev i, men rekonfigurerar og resirkulerar dei slik at dei stemmer overeins med deira subjektivitet. Korleis kvinnene vel å vere og gjere kvinne er igjen med på oppretthalde eller utfordre rådande diskursar om kvinneliv, og slik er medietekstar, lesarane deira og kulturen vevd saman.

2.8 Diskursanalyse

Det er denne samanvevinga eg vil undersøkje i mitt prosjekt, og det er altså medietekstane i denne vevnaden eg brukar som materiale. Eg er ikkje interessert i kva KK-redaksjonen har tenkt og meint med tekstane, ei heller i korleis faktiske lesarar har forstått og eventuelt blitt påverka av tekstane. Det eg studerar er tekstane som formidlarar og produsentar av diskursar. Eg les tekstane gjennom diskursanalytiske briller og forstår dei på den eine sida som *formidlarar* av "viten som er produsert av deres samfunnsmessige forutsetninger – normative, kulturelle, institusjonelle, materielle" (Andenæs 2005:25). På den andre sida "*produserer* tekstene selv den same formen for samfunnsmessighet" (ibid.). Når ein gjer diskursanalyse av tekst, ser ein altså ikkje tekstane som faste budskap som blir sendt frå ein skrivar til ein mottakar, men som *kulturelle hendingar* der meininga i teksten blir til mellom dei som til ei kvar tid deltar i hendinga (op.cit 26).

Når eg gjer diskursanalyse av KK-tekstane, analyserar eg rett nok kva meining dei legg fram, men den set eg i samanheng med frå *kva for posisjonar* den legg fram meininga, og *korleis* det blir gjort (Andenæs 2005:26). Ved å setje analysen i samband med kulturen som tekstane blir produsert og lest innanfor, ønskjer eg å kunne seie noko om "hvordan verden (eller deler av den) framstilles og hvilke sosiale konsekvenser det får" (Halvorsen 2001:43).

3 Material og metode

”Reading women’s magazines can have exactly the same kind of effect as eating two or more bars of chocolate – the original craving was real but seems in the end to have been for the wrong thing” (Ballaster mfl. 1991:1).

Eg vil her presentere materialet eg har analysert i denne studien, og metodane eg har brukt. Eg byrjar med å fortelje om vekepressa og dameblad generelt, før eg sirklar meg inn på KK. Dette gjer eg for at du skal få ei betre forståing av kva for type tekstar det er eg analyserar. Så vil eg presentere målgruppelesaren til KK. Ho er nemleg kvinna som faktiske KK-lesarar og kvinnene i KK-tekstane blir vurdert opp i mot. Eg vil deretter forklare korleis eg valde ut dei ni tekstane eg analyserar, før eg kjem med både ei teoretisk og empirisk validering av materialutvalet.

Skildring av analysemetodane eg har brukt i studien har òg fått sin plass i dette kapittelet. Eg skildra diskursanalysen i eit teoretisk lys i teorikapittelet (2.8), men her vil eg gå nærare inn på korleis ein gjer den abstrakte diskursanalysen brukbar gjennom val av materiale og analytiske reiskapar. Til slutt vil eg forklare korleis eg har gjort analysane mine, og korleis eg har brukt materialet.

3.1 Kvifor dette utvalet?

3.1.1 Vekeblad – ”ugress i den litterære kulturens hage”⁷

Analysematerialet mitt er tekstar henta frå vekepressa. Vekepressa famnar om mange typar publikasjonar; både kjendisblad, familieblad og nisjeblad om til dømes datateknologi, interiør og sport, men ikkje alle kjem ut ein gong i veka slik det ligg i namnet (SNL 2009). Store Norske Leksikon sin definisjon på vekepresse frå 1994 er publikasjonar som ”har et allsidig innhald av allmennopplysende og underholdene karakter, beregnet på folk flest” ([Store Norske Leksikon 1994] Gripsrud 1999:5). Vekepressa tar ikkje opp politiske spørsmål, og fungerer ikkje som arenaer for debatt og kontroversielle spørsmål. Det har ei sjølvsagt forklaring: ”Vekeblada skal selje, dei kan ikkje ta standpunkt som støyter vekk grupper av lesarar. Men dermed vert ”vekebladrøyndomen” prega av idyll og harmoni” (Pax leksikon 1981:449).

Sidan vekeblada tar opp kjende og lite kontroversielle tema, tillett det lesaren å kikke meir eller mindre uengasjert gjennom blada (Sørensen 2005:6). Vekebladet kan ein plukke opp kor og når som helst, bla fort gjennom og legge frå seg, og samstundes få noko ut av det. Altså må vekebladtekstane kjapt byggje og oppretthalde felles forståingsrom med lesaren slik at det blir mogeleg for ho å komme fort inn i dei ulike tekstuniversa i bladet. For å klare det må dei flyte på ein heil del antatt felles forståingar for å fange og halde på merksemda til lesaren. Derfor er byggjematerialet til tekstane ofte kategoriar, stereotypiar og generaliseringar som dei tar for gitt at er lett gjenkjennelege for den kulturelt kompetente lesaren. Det er desse antatt felles forståingar, desse tatt-for-gitt-heitene om kvinner og liva deira, eg vil analysere fram.

Vekepressa er i følgje Mediebedriftenes Landsforening (MBL) ”den kulørte delen av bransjen” (MBL u.d.). I ei historisk oversikt over ”norske ukeblader, magasiner og hefter” skriv Willy B. at den kulørte vekepressa blir sett på som ”ugress i den litterære kulturens hage, som et slags

⁷ Willy B. 1996:7

nødvendig kulturonde som bare alltid har vært der” (1996:7). Den marknadsretta journalistikken har med andre ord ikkje særleg høg status samanlikna med til dømes bøker, aviser og tidsskrift.

3.1.2 Dameblad – kvinners underliv, potteplanter og trygdellovgivning⁸

Dameblad er ein type lavstatusjournalistikk spesielt retta mot kvinner. I artikkelen ”Fra Kjerringråd til Kvinner og klær. Fra kritisk til manipulatorisk offentlighet?” skriv Astrid de Vibe at dameblad fyrst og fremst vil underhalde kvinner, men òg driv med ”formidling av stoff med spesiell interesse for kvinner”, mellom anna gjer dei lesarane sine råd om ”alt fra kvinners underliv til potteplanter og trygdellovgivning” (1993:64-65).

I dameblad blir kvinner behandla som ei homogen gruppe med samanfallande livsstil og livsførsel. Blada konstruerar òg eit fellesskap mellom bladet og lesaren som var dei gamle venninner, og inviterar lesarane ”to join a close, intimate sorority where secrets can be exchanged and advice given” (Talbot 1995:151). I kronikken ”Den provoserende kosen” fortel noverande KK-redaktør Gjyri Helen Werp at det nettopp er dette som er funksjonen til dameblad:

Bladenes rituelle funksjon er å være venninnen som kommer på besøk til deg hver uke eller måned. Damebladene setter venninnepraten i system, og dyrker nettopp denne praten. Og hva snakker vi om når vi treffes? Jo, vi heier på hverandre, gir hverandre ros, råd, tips og hører på hverandres livserfaringer, problemer med kjæresten, jobben, oppussing – og hva vi skal ha til middag i dag (Werp 2011)

Slik blir venninneforholdet som blir skriva fram mellom bladet og lesaren viktig når ein undersøker kva handlingsrom blada gjer lesaren.

3.1.3 KK – meir enn berre ”kvinner og klær”

Forløparen til bladet som i dag er KK kom ut fyrste gong i 1873 (Hamre 1994:9). Det heitte Nordisk Mønster-Tidende, og skulle vere ein ”Journal for toilette og dame-haandarbejde”

⁸ de Vibe 1993:64-5

Kapittel 3

(Eielsen 2004). "Hvert Nummer består af et 8-sidigt Blad med Mode- og Haandarbejder samt et særskilt Snitmønstertillæg" kan ein lese i utgåver av bladet som kom ut mellom 1900 og 1905 (Sund 2005). Nordisk Mønster-Tidende var altså fyrst og fremst eit handarbeidsblad, og det innehaldt mønster og strikkeoppskrifter på blant anna kjolar, barneklede og hattar (Hamre 1994:9). I byrjinga kom bladet ut "2 Gange i hver Maaned og koster 60 Øre pr. Kvartal, 10 øre pr. Nr" i følgje framsida på 1900-1905-utgåvene, men på 1930-talet byrja det å komme ut ein gong i veka (Sund 2005; Hamre 1994:9). I 1940 skifta det namn til Kvinner og klær, og i tillegg til å bli meir likt vekeblad i utgjevingsfrekvens, endra innhaldet seg til å bli mindre spesialisert rundt handarbeid og meir oppteken av slikt som matspaltar og interiørstoff (Hamre 1994:9).

Frå og med 1970 heitte bladet KK, og det kjem framleis ut ein gong i veka. KK ikkje lenger eit handarbeidsblad, men eit "aktualitetsblad for kvinner som vil følge med" (Aller u.d.). I dag inneheld bladet reportasjar, portrett, fotodokumentarar, stoff om motar og trender, interiør, helse og livsstil (ibid.) KK har framleis eit stort fokus på klesmotar, men til skilnad frå dei tidlege utgåvene følgjer det ikkje med noko "særskilt Snitmønstertillæg" og det er ikkje meininga at ein skal lage klede KK viser fram sjølv. I staden står det kor ein kan få kjøpt klede og kor mykje dei kostar.

Som anna vekepresse tar ikkje KK opp politiske eller kontroversielle spørsmål. Grunnen til det er "en konsekvent "kvinnevinkling": Politikk, økonomi og kultur ut over det som relativt enkelt lar seg "kvinnevinkle" er fraværende" (Gripsrud 1994:32). Fråver av slike tema betyr ifølgje Werp "IKKE at vi ikke er opptatt av verden utenfor eller politikk og samfunnsmessige spørsmål, for det er vi selvfølgelig! Men da leser vi aviser, bøker, sjekker nettet – og diskuterer også dette med dem vi måtte ønske" (Werp 2011).

3.1.4 Kven er målgruppelesaren til KK?

*”Egentlig så kan vi la være å selge på Otta, det går kanksje noen få. Vi er ikke et blad for jenter som bor i utkantsstrøk”*⁹

KK marknadsfører seg som ”Noregs største og eldste ukentlige kvinneblad”¹⁰. Dei har ei opplag på 43 535, og heile 246 000 les KK kvar veke (Aller u.d.). KK-lesaren er overraskande detaljert skildra på nettsidene til Aller Media A/S, forlaget til bladet: ”KK skriver for en kvinne med mental alder 30-40 år. Hun er aktiv, sosialt engasjert og selvstendig. Hun er yrkesaktiv, og har utdanning og inntekt over gjennomsnittet blant kvinner. De fleste KK-lesere bor i by, eller tiltrekkes av urbane verdier. KK-leseren er samfunnsengasjert” (Aller u.d.). Etter 1970 har KK jamnleg gjort lesarundersøkingar, og det viser seg at den faktiske brukargruppa til bladet er like ”veldefinert”, som Astrid de Vibe kallar det, som målgruppa.

3.1.5 Materialutval

KK har eit variert innhald og tar i bruk fleire teksttypar. Det tar for seg ”mote og trender, interiør, helse og livsstil” i sjangrar som ”reportasjer, portretter og fotodokumentarer” (Aller u.d.). Kvart blad har ei innhaldsliste der tekstane er sortert etter tema, sjanger eller frekvens: *Portrett, Reportasjer, Mote, Skjønnhet, Helse, Mat, Interiør, Reise, Leselyst, Alltid i KK*. Innhaldet er spreidd utover omlag 110 sider (gjennomsnittet for eit vanleg KK-blad) med tekst og bilete i varierende lengder og storleikar. Eg bestemte meg på eit tidleg tidspunkt i studien for å konsentrere meg om dei lengre tekstane i KK. Dei gav ein svolten diskursanalytikar meir analysemat enn til dømes dei mange småtekstane som finst overalt i blada: *Mange kvinner er avhengig av maskara, men med soling og bading på programmet, er det nødvendig med en av*

⁹ Henta frå eit interjvu gjort 25. oktober 1993 med dåverande sjefsredaktør i KK, June Trønnes Hanssen (Hamre 1994:11).

¹⁰ www.kk.no. Lest 29. oktober 2009.

Kapittel 3

den vannfaste sorten. Prøv ut Lancômes Hypnose Waterproof (kr. 250) (KK 14-15/2009). Småtekstane i KK er som regel produktreklame og tips & triks om mote, sminke og livsstil, medan dei lengre tekstane handlar om til dømes *Dobbeltsviket. Han var utro da hun trengte ham som mest* (KK 24/2009) og *Den nye familien. Mine, dine, våre – kan det gå bra?* (KK 14-15/2009). Dei lengre tekstane i KK har altså ikkje berre kvantitativt fleire ord, dei har òg eit innhald som gav meg meir i tråd med problemstillinga mi. Eg var ute etter tekstar som skildra *korleis kvinneliv blir levd*, ikkje dei som skildra leppestiften kvinner burde kjøpe og kåpa dei ikkje har råd til.

Lengre tekstar med skildringar av kvinneliv fann eg blant portretta og reportasjane, men bestemte meg for å utelukke portretta fordi dei fokuserar på éin person som i tillegg er kjendis, og som derfor har mindre stoff om norske kvinneliv generelt. Reportasjane derimot hadde mykje å tilby på det området. Felles for reportasjesjangeren er at den har element av både ”intervju, referat og skildringer” og er derfor ikkje berre basert på forteljingar om konkrete personar, men har òg generelle refleksjonar og meiningar frå KK-redaksjonen (Hågvar 2007:158). Sidan det var media si framstilling av norske kvinneliv eg var ute etter, ikkje av til dømes motgangen Maria Mena har møtt i karrieren sin som artist (KK 34/2009), valde eg å i hovudsak bruke reportasjane i KK som materiale.

3.2 Kva gjer dette utvalet høve til?

3.2.1 Teoretisk validering av materialet - ”Levva livet”¹¹

I val av reportasjar om kvinneliv støttar eg meg på Dorte Marie Sønnergaard som i artikkelen ”Poststructuralist approaches to empirical analysis” skriv om ”konkrete analytiske tilnærmingar til empiriske studiar inspirert av poststrukturalistisk tenkjing”, altså om studiar som den eg gjer (2002:187, mi oversetjing). Dersom ein vil undersøkje korleis sosiale kategoriar blir konstituerte,

¹¹ Tittel på sang av Åge Aleksandersen.

slik eg ville, bør ein bruke eit materiale som er gjennomsyra av skildringar av *korleis livet blir levd*:

Material that is full of people's understanding of themselves and of each other, of interactions, of interpretations of what is going on in and around them, of the structures and the materiality of everyday life, as well as their ways of practicing these understandings (op.cit. 191)

Reportasjane i KK gav meg tilgang til “descriptions of sequences of actions, human practices, reflections and interpretations” slik dei blir forstått, bearbeida og presentert i media, og det var korleis dette blei gjort eg ville analysere fram (ibid.).

3.2.2 Empirisk validering av materialet - ”et tretrådet garn”¹²

Kvart KK har om lag fem reportasjar, og eg hadde eit halvt år KK (26 blad) som materiale. Eg kom fram til at ni reportasjar ville vere ei passande mengde å analysere i mitt prosjekt. Korleis skulle eg velje så få av så mange? Som tidlegare nemnt var eg meir interessert i forteljingar og refleksjonar kring kvinneliv heller enn skildringar av dei materielle innslaga i liva deira som klede, sminke og reisemål. Eg ville med andre ord undersøkje renninga som utgjer grunnlaget i livsveven til KK-kvinnene; ikkje dei mange, små innslaga undervegs.

Forslag til kva slags tema tekstane skulle ha for å utgjere ei slik renning, fann eg i ein annan studie av kvinner sine liv, nemleg i Liv Emma Thorsen si bok *Det fleksible kjønn* (1993). Ho undersøker endringar i bondekvinner sine liv gjennom 60 år, og skildrar ”sentrale livsområder” i kvinnene sine liv som ”tre strenger”, nemleg *arbeid, omsorg og kjærleik* (op.cit. 11). Eg lånte desse tre strengane og brukte dei som kriterium i arbeidet med å velje ut reportasjar å analysere.

Etter å ha brukt desse utvalskriterium på materialet, sat eg til slutt igjen med ni tekstar som hadde arbeid, omsorg eller kjærleik som hovudtema: *Tid for nye tanker, Valgte om igjen* og *Damer i uniform* som handla om arbeid, *Ego eller super, Far på farten* og *Kvinnen bak* som handla om omsorg, og *Menn, altså...*, *Alt om mannen* og *Kunsten å tenne en kvinne* som handla om kjærleik.

¹² Andenæs 1999:50

Kapittel 3

Tekstane om arbeid og omsorg er alle reportasjar, men kjærleikstekstane eg har valt ut er ein reportasje, ein leiar og ein tekst merka *Livsstil*. Dei to tekstane som ikkje er reportasjar valde eg fordi dei fortel så mykje og så bestemt om kvinner og den romantiske kjærleiken, at eg berre ikkje kunne la vere å analysere dei. At kjærleikstekstane var merka ulikt og var frå ulike delar av den faste inndelinga av blada, var dessutan med på å vise at kjønnskjærleiken finst overalt i KK. Medan tekstane som direkte tar opp omsorg og kjærleik stort sett kjem i reportasjeform, dukkar forståingar av og forteljingar om kjærleik opp i dei fleste delane og sjangrane i KK. Det var altså ikkje noko problem for meg å finne kjærleikstekstar, og det er med på å validere kjærleik som ein hovudstreng i liva til kvinnene KK fortel om.

Det var heller ikkje vanskeleg å finne tekstar som handla om omsorg, men arbeidslivet derimot var ikkje eit heitt tema. Jobb og yrke vart nemnt fleire stader i blada, men tekstar med hovudfokus på desse temaa var det langt mellom. Grunnen til dette kan kanskje vere at dameblad stort sett tar opp tema som høyrer til privatsfæra, og sidan jobb og arbeidsliv tilhøyrer den offentlege sfæra, blir det på sida av fokusområdet til dameblad.

3.3 Metode

Every category has its discursive boundaries and its core and it is the processes whereby these boundaries and this core are reassessed and challenged that make up the focus of this analytical approach (Søndergaard 2002:190).

3.3.1 Diskursanalyse

I analysar basert på poststrukturalistisk teori blir diskursar gjerne oppfatta meir som ”abstrakte størrelser og ikke som situerte praksiser” (Jørgensen & Phillips 1999:113-4). Subjekta blir sett på som konstruert av diskursar i staden for aktive brukarar av diskursar som ressursar (ibid.). Poststrukturalistiske idear kan likevel vere nyttig dersom ein kombinerar dei med den entometodologiske grunntanken om aktørar som heile tida aktivt forhandlar om mening og arbeider med å gjere seg forstått.

Eit anna problem med poststrukturalistar er dei "rarely have their noses pressed up against the exigencies of talk-in-interaction", og dermed blir teoriane deira ofte luftige og abstrakte (Wetherell 1998:395). Diskurs er "en analytisk abstraksjon som bare er tilgjengelig for oss gjennom konkret virksomhet", og derfor må ein konkretisere og forankre diskursteori i empirinær analyse av korleis forhandling om meining *faktisk* føregår. Det er i den "konkrete anvendelse af sproget, at strukturen skabes, reproduceres og forandres. I konkrete tale (og skrift)-handlinger trækker folk på strukturen – elles ville talen ikke give mening – men de sætter også strukturen på spil ved at give netop deres bud på, hvordan betydningen af tegnene skal fikses" (Jørgensen & Phillips 1999:21).

Derfor gjer det meining å studere og analysere konkrete språklege uttrykk, som til dømes medietekstar, for undersøkje korleis meining blir skapt og korleis nokre formar for meining blir forstått som meir 'sanne' enn andre innanfor ein kultur. I dette prosjektet gjer eg nettopp det. Eg analyserar fram "hva slags mening teksten legger fram, og fra hvilke posisjoner" og "hvordan dette blir gjort" (Andenæs 2005:26). Som ein journalist i ei krigssone, går eg inne i tekstane og undersøker kva for diskursar som rår i tekstane, og kor det føregår tydeleg kampar mellom ulike diskursar. Til dømes er det tydeleg krigføring mellom ulike diskursar om kva som er 'bra for barn' i omsorgsteksten *Ego eller super* (sjå 5.1).

3.3.2 Analytiske reiskapar: tekstnære analysemetodar

Dersom ein skal undersøker korleis tekstar skapar meining, må ein sjå på samanhengar i teksten på ordnivå, setningsnivå og tekstnivå. Det er derfor naudsynt å analysere teksten både detaljert og kronologisk. Dei mest konkrete analytiske verktøya å bruke i ein slik tekstnær analysedel av diskursanalysen, fann eg i skildringar av Fairclough sin modell for kritisk diskursanalyse (Jørgensen & Phillips 1999). Fairclough ser blant anna på metaforar, ordval og grammatikk, men nemner ikkje ein spesiell analysemetode for å gjere dette. Jann Scheuer hevdar at "alle sprogligt beskrivende metoder tages i anvendelse" i ein slik analyse (2005:62). Tekstnære analysemetodar finst det mange av, men eg let meg inspirere av kritisk tekstanalyse slik metoden er skildra og

Kapittel 3

brukt i *Tilnærmingar til tekst. Modeller for språklig tekstanalyse* (Svennevig mfl.1995). Her har eg henta inspirasjon til den fyrste delen av analysane mine der eg ser på blant anna utforming og oppbygging av teksten.

Til å undersøkje frå kva posisjonar meininga i teksten blir lagt fram, gjorde eg posisjoneringsanalyse etter inspirasjon frå diverse studiar av Ellen Andenæs. Med posisjon meiner eg "et 'sted' å erfare og handle fra", og i posisjoneringsanalyse undersøker ein korleis posisjonar blir skapte, tildelte, avviste, inntatt eller ignorerte (Andenæs 2007:281). Med posisjoneringsanalysen kan ein kartlegge deltakarane i ein tekst og forholda mellom dei. Kven blir posisjonerte, og korleis? Ein posisjon liknar på mange måtar rolleomgrepet, men er meir dynamisk og mindre fastlåst (Davies & Harré 1990:43).

3.3.3 Slik gjorde eg

Eg byrja med ein kort introduksjon til teksten der eg gjorde greie for kva nummer av KK teksten var henta frå, kva slags type tekst det var (til dømes reportasje), og kort kva den handla om. Deretter skildra eg utforminga av teksten. Det ville som regel seie overskrift, ingress (dersom det var ein), utheva sitat frå teksten og bilete knytt til teksten. Eg valde å skrive detaljert om overskrift, utheva sitat og bilete fordi eg meiner desse tekstelementa viser korleis teksten posisjonerar seg sjølv. Som er var inne på i teorikapittelet (2.8) var eg ikkje ute etter intensjonane til KK-redaksjonen som skrivarar av teksten, men det var likevel interessant å sjå kva som blir framheva som sentralt og oppsummerande for innhaldet i teksten.

Etter å ha skildra utforminga av teksten, presenterte eg forteljinga i teksten. Som eg nemnde i materialskilddringa, var arbeids- og omsorgstekstane alle skrive rundt intervju med bestemte personar og historier frå deira liv. Kjærleikstekstane derimot var skrive, slik eg las dei, rundt bestemte situasjonar som tekstane forklarte som aktuelle for *vi kvinner*. Tekstane presenterte så potensielle problem ved desse situasjonane, og foreslo til slutt løysingar på dei. *Menn, altså ...* og *Kunsten å tenne en kvinne* hadde ein tydeleg slik struktur, og derfor valde eg å dele inn denne fyrste delen av analysen mine av desse tekstane slik. Eg valde òg denne inndelinga for analysen

av *Ego eller super* fordi det passa seg slik, sjølv om teksten krinsa rundt forteljinga av ei konkret kvinne.

Denne fyrste analysendelen liknar dekonstruksjonistiske analysar. Eg plukka tekstane frå kvarandre, og såg på samanhengane mellom dei ulike delane (Lorentzen & Mühleisen 2006; Søndergaard 1996:55). Til grunn for utplukkinga mi var heile tida spørsmåla om kva tekstane sa om kjønn, og korleis dei skildra kvinneliv. På bakgrunn av desse utheva eg nokre tekstelement og let andre vere.

Neste steg i analysen var å gjere posisjoneringsanalyse av tekstane. Her gjorde eg greie for dei mest sentrale deltakarane i tekstane, og undersøkte korleis dei blei posisjonerte. I nokre tekstar, spesielt i kjærleikstekstane, var det meir snakk om *vi kvinner* og *du* lesaren enn i andre tekstar, og derfor vil dei bli grundigare inispisert i analysen av desse tekstane. I andre tekstar vart den fyrste presentasjonen av forteljinga i teksten og posisjoneringsanalysen av deltakarane vevd saman, til dømes i *Damer i uniform*.

Til slutt oppsummerte eg analysen og byrja på ein kontekstuell analyse av teksten. Det vil seie at eg byrjar å setje funna mine frå analysen i samband med korleis kjærleik, omsorg eller arbeid er organisert og blir forstått i vår kultur i dag; altså i samband med rådande diskursar om og praksisar rundt dei tre strengane. Resten av den kontekstuelle analysen til kvar tekst finn du i drøftingskapittelet. Der oppsummerar eg kvar streng (arbeid, omsorg og kjærleik) for seg, og set dei samband med og drøftar dei opp mot kulturelle trekk i Noreg i dag.

3.3.4 Å fylgje ei analyseoppskrift eller å symje med materialet?

Trass den noko oppskriftliknande utgreiinga av analysemetoden min ovanfor, vil du finne at analysane mine slett ikkje så like kvarandre. I nokre analysar er det ikkje klare skilje mellom analysestega. I andre analysar er analysedelane lengre enn andre, og nokre analysar er i heilskap

Kapittel 3

på fleire sider enn andre. Grunnen til desse forskjellane var rett og slett fordi nokre KK-tekstar ga meir mat til problemstillingane mine enn andre.

Å skulle frigjere meg frå analyseoppskrifter og la problemstillingane bestemme, var vanskeleg å få til. Eg har arbeidd mykje med å metode i samband dette prosjektet, og hadde tidleg klart for meg at eg ville bruke posisjoneringsanalyse og diskursanalyse. Eg las og skreiv mykje om desse metodane, men å finne ein måte å bruke desse *i praksis* saman med ein tekstnæranalyse av materialet, var eit enormt arbeid som tok mykje tid. Eg strevde mest med å få analysemetodane til å hengje saman, og få dei til å 'passe' med materialet mitt. Så oppdaga eg etter eit mødesamt arbeid at dei beste analysane faktisk var dei kor eg tok tak i det som for meg utmerka seg i teksten med det teoretiske og analytiske perspektivet eg hadde arbeida meg fram til og som tekstane etter kvart automatisk blei silt gjennom når eg studerte dei. Då eg klarte å frigjere meg frå skildringane av analysemetodane som eg fann i bøker og artiklar, og fekk dei i fingrane og blikket, blei analysane kortare, klarare og kom med betre svar på problemstillingane mine.

3.3.5 Bruk av materialet

Eg har analysert dei ni tekstane kvar for seg, men samlar dei saman strengvis i drøftingskapittelet. Me byrjar med analysar av kjærleikstekstane, held fram med omsorgstekstane og avsluttar analysane med arbeidstekstane. Eg brukar mange sitat frå materialtekstane både i presentasjon av forteljinga i teksten og for å understreke fram poenga mine, men dersom du likevel vil ta ein titt på dei, finn du dei som vedlegg heilt bak i avhandlina. Der er dei sortert i same rekkefølge som eg analyserar dei: kjærleik, omsorg og arbeid.

Sitata står i kursiv for å skilje dei frå min eigen tekst. Dersom ord eller delar av setningar er utheva eller kursivert i materialtekstane, set eg strek under dei dersom eg siterar dei analysane eller drøftinga. Dersom eg har tukla med sitata, markerar det i ein parentes etterpå.

4 Analyse av kjærleikstekstar

Eg vil her presentere analysane mine av det eg kallar kjærleikstekstane i materialet mitt: *Menn, altså...*, *Alt om mannen* og *Kunsten å tenne en kvinne*.

4.1 *Menn, altså ...*

Reportasjen *Menn, altså ...* er henta frå KK 35/2009. Teksten handlar om samlivsirritasjon i heteroromantiske parforhold. Den gjer greie for kva ein gjerne irriterar seg over ved partnaren, kvifor ein irriterar seg, kor vanleg det er, kor tid det som regel skjer, og kva ein kan gjere med det. Teksten kjem med råd om korleis ein kan takle både sjølv irritasjonsmomenta, og egne reaksjonar på irritasjonsmomenta.

4.1.1 Utforming

Overskrifta *Menn, altså ...* består av berre to ord, men gjer likevel signal om både 1) kva teksten skal handle om, 2) korleis den skal behandle temaet, 3) kven teksten vender seg til og 4) i kva slags språkdrakt. 1) Teksten skal handle om menn, og 2) den skal peike på noko negativt ved dei, noko det meiningsberande vedhenget *altså ...* signaliserar. Det er noko ved menn som får ikkje-menn, nemleg kvinner, til å bli oppgitte og undre seg over dei (dette forklart ut ifrå forståinga av kjønn som blir presentert i teksten; at kategoriane 'kvinner' og 'menn' gjensidig utelukkar kvarandre). Eg oppfattar overskrifta som eit kollektivt kvinnesukk over menn; ei slags oppgitt og innforstått himling med augo, og med den prøver teksten å etablere eit solidarisk forhold til lesaren. 3) Overskrifta er retta mot ein kvinneleg lesar, og det blir tatt for gitt at den er kulturelt gjenkjenneleg for ho som eit kvinnesukk. 4) Med *altså* og tre punktum legg overskrifta opp til ein munnleg språkleg stil som blir vidareført i ingressen og byrjinga av sjølvve teksten.

Kapittel 4

I ingressen får kvinnesukket ein markert avsendar, nemleg KK-journalist Kirsti Ellefsen, og eit konkret objekt, nemleg *mannen i mitt liv*. Det negative i forholdet mellom kvinner og menn som overskrifta har signalisert at teksten skal handle om, blir her konkretisert til å gjelde det *jeg* før beundra hos mannen i sitt liv og som no irriterar vettet av henne. Ingressen er formulert som to spørsmål frå journalisten om denne overgangen frå fasinasjon til irritasjon, og spørsmålsformuleringa lokkar lesaren til å lese vidare for å få vite svara.

Teksten har òg fleire komponentar som byggjer opp om temaet. For det fyrste har den eit stort bilete som illustrerar samlivsproblem ved å vise ei kvinne og ein mann som tydeleg er ulike både utanpå og inni. Det viser ulike klesstilar, kroppshaldningar og interesser, og dei to har tydelege kommunikasjonsvanskar. For det andre har den tre tekstboksar som gjer lesaren eit raskt overblikk over temaet frå ulike vinklingar: kva som er mest vanleg å irritere seg over (*Verstinglista*), korleis ein både kan takle og unngå irritasjonen (*Eksperttråd mot samlivsirritasjon*), og kor normalt det er å irritere seg (*Hva irriterer deg mest ved kjærtisten din?*). Her kjem poenga i teksten i konsentrert form, pluss litt til.

4.1.2 Oppbygging

Menn, altså ... har ein tydeleg global koherens (Åm Vatn 1998:101-102). Teksten skildrar ein situasjon og forklarar så kva problemet ved situasjonen er. Deretter kjem den med forslag til løysing på problemet, før den til slutt evaluerar løysinga som god. Eg har valt å la analysen min følgje den same inndelinga.

Situasjon – frå digging til irritasjon

Teksten byrjar med å fortelje vidare på historia frå ingressen om KK-journalisten og samlivsproblema hennar. Den skildrar *jeg* og sambuaren hennar som to motpolar og ramsar opp skilnadar mellom dei to, både i kva dei gjer og korleis dei oppfattar handlingane sine: *Han er treg (eller grundig som han selv ville ha sagt)*. Med eit munnleg språk og fleire kjensleuttrykk, blir forteljinga om dei to personleg på ein måte som minnar om ein fortruleg venninneprat eller eit kåseri. Det skapar nærleik mellom teksten og lesaren. Vidare speglar skildringa av journalist-jeg

skildringa av målgruppelesaren til KK. KK-kvinna er ”aktiv” (*spretter opp ved sjtuden og er klar for action*) og blir tiltrekt av ”urbane verdier” (*foie gras*), men ho er ikkje så urban at ho ikkje set pris på det som er ”nært og nyttig” (*ferskt brød med brunost*) (Aller u.d.). Teksten etablerer såleis likskap mellom *jeg* og målgruppelesaren. Slik blir situasjonsskildringa i teksten både eit konkret døme for lesaren å relatere råda og tipsa til som teksten seinare kjem med, og eit døme på at *ekspertråd mot samlivsirritasjon* òg kan vere aktuelle for *vi kvinner*.

Problem – to ulike univers

Den personlige forteljninga om *jeg* og sambuaren glir etter kvart over i intervjuform. *Jeg* går frå å bli posisjonert som privatperson med samlivsproblem til å bli journalist på jobb som stiller spørsmål til og formidlar kunnskap frå to samlivseksperter. Teksten går frå munnleg forteljing til spørsmålstilling og svar og nøktern faktaoppramsing om folk flest. At teksten for det meste er markert som sitat frå to samlivseksperter, kan forklare denne nøkterne språkbruken. Samlivseksperterane Rakel Brandsegg og Toril Hepsø blir posisjonerte som fagfolka som sit med svara på spørsmåla journalisten stiller i ingressen og byrjinga av teksten. Dei blir presenterte med yrkestitlar og er til stades i teksten som ekspertar. Dei gjer generelle svar om korleis *man* pleier å gjere og korleis det er for *de fleste par*, noko som vitnar om lang erfaring med irriterte par. Dei brukar òg faguttrykk: *På fagspråket snakker man om påkoblings – og avkoblingsfasen*. Det gjer at innhaldet i teksten truverdig og der verkar som om teksten berre gjer greie for faktiske forhold i verda.

Problemskildringa slår fast at samlivsirritasjonar *et ytterst vanlig fenomen*. Den kjem med døme på irritasjonsmoment (til dømes døgnrytmen), den fortel når i eit forhold ein pleier å byrje å irritere kvarandre (etter tre månader), og forklarar korleis det skjer (ein går frå å fokusere på kva ein har felles til setje grenser og markere individuelle behov), og kvifor (ut ifrå eit ynskje om å halde saman utan at eigen integritet blir krenka). I tillegg kjem tekstboksen *Verstinglista*. Den listar opp dei sju vanlegaste grunnane til at ein irriterar seg over partnarane. Det er praktiske småting i kvardagen blanda med grunnleggande kommunikasjonsmønster. Skilnadar i *måten å*

Kapittel 4

håndtere konflikter på og hvor mye man egentlig trenger å snakke om problemene man har kan føre til større problem enn om partnarane ulik døgnrytme og interesser, men desse punkta blir gøymt vekk i *Verstinglista* og blir ikkje tatt opp i sjølve teksten. Der handlar det meir om husarbeid og kosthold.

Teksten peikar altså på ulikskapar mellom kjønna som årsakene til samlivsirritasjon. Kvinner og menn blir framstilt som to absolutte motpolar i teksten: - *Det dreier seg om to ulike mennesker som kommer fra to ulike univers.* Den hevdar altså at partane i eit (heterofilt) forhold er så framande for kvarandre som romskapningar er for oss jordbuarar. Dette er ein utbreidd metafor i populærvitskapleg litteratur om heterofile parforhold og samlivsproblem. Til dømes byggjer den populære boka *Men Are from Mars, Women Are from Venus* (Crawford 2004) på denne metaforen (meir om likskapar mellom denne boka og *Menn, altså ...* i 7.3.3)

Løysing – aksept er et stikkord

Heldigvis *skildrar* ikkje teksten berre samlivsproblema og grunnane til dei; den kjem òg med forslag til løysingar. Her skjer det igjen ein skifte i kven som står i fokus i teksten. I byrjinga var det *jeg* si forteljing, og i problemskildringa var det folk flest og *vi*. I skildringa av løysingar på samlivsproblem, vender teksten seg derimot direkte til *du*, og den kjem med påbod og råd til lesaren: *Har du valgt en mann som liker å se dårlige actionfilmer på tv, så må du godta det.* Den går frå konstaterande fråsegner om *vi* i problemskildringa: *i forelskelsen begynner vi helt ubevisst å lete etter likhetstrekk for å komme nærmere den andre*, til negativt lada vurderingar av *vi* i løysingsskildringa: *vi har en tendens til å overstyre mennene våre.* Teksten gjer greie for kva kvinner gjer (*blander oss for mye og tror vi vet best*), kva dei fleste menn synest om det (*sinnsykt irriterende*) og kva kvinner skal gjere i staden for (*la dem få gjøre ting på sin måte og være litt ydmyk*). Det kjem klart fram i teksten at å ikkje følgje råda til teksten kan få negative konsekvensar for lesaren i form av samlivsirritasjon, og dermed gjer ikkje teksten henne særleg stort handlingsrom, noko eg kjem tilbake til i 7.3.3.

Dei fleste råda og påboda i teksten er retta mot lesaren, som er den kvinnelege parten i det heteroromantiske parforholdet. Den kjem med få forslag til begge partar, og ingen som berre er

retta mot den mannlege parten. I tillegg til løysingsforslaga i sjølve teksten, er det ramsa opp fleire i ein eigen tekstboks kalla *Ekspertråd mot samlivsirritasjon*. Løysingsforslaga her går ikkje ut på korleis du skal bli kvitt du irriterar deg over ved partnaren (eller korleis du skal bli kvitt sjølve partnaren), men heller korleis du skal takle din eigen irritasjon. Dei sju punkta byrjar med følgjande imperativ: *godta, forsøk å, innse at du, inngå kompromisser, tenk tilbake, trøst deg med at, ikke la*. Det er altså *du* som må endre deg; dei tinga som faktisk irriterar deg kan du gjere lite med (rettare sagt: den mannlege partnaren din kan du gjere lite med). Det er meir snakk om forslag til haldningsendring hos den kvinnelege lesaren, heller enn forslag til endringar i handlingsmønster hos begge partar.

Evaluering – samlivsproblem fører til betre sexliv?

Teksten har til no peika på ulikskapar mellom kvinner og menn som rota til alt vondt i det heterofile parforholdet, og understreka at *jo flere områder man har like ønsker og behov på, desto enklere blir det*. Til slutt i teksten blir derimot dette snudd på hovudet, og likskap blir for fyrste gong evaluert som noko negativt. Venskap og likskap kan nemleg bli *erotikkens og spennings fiende*. *Par med konflikter og ulikheter kan derfor ha et mer spennende sexliv*. Her kjem journalisten igjen på banen og peikar på at det derfor òg er *et visst håp for oss som ikke er like som to dråper vann*. Denne heilomvendiga ser eg på som eit grep for å treffe flest moglege lesarar. Teksten vender seg heller ikkje direkte til lesaren lenger i denne delen av teksten, og kjem igjen med generelle, konstaterande påstandar og brukar kjønnsause pronomen som i problemskildringa. *Menn, altså ...* endar altså med å vurdere både likskap og ulikskap som positivt i det heterofile parforholdet, og tilbyr såleis noko for ein kvar smak.

4.1.3 Kven er *du*?

Du er lesaren av teksten. *Du* blir posisjonert som nokon som har, har hatt, kjem til å få eller berre kjenne til samlivsproblem (i og med at dette er *et ytterst vanlig fenomen* og dermed kulturet

Kapittel 4

gjenkjenneleg), og som nokon som treng rådgjeving på området. At store delar av teksten er intervju med kunnskapsmessige posisjonerte samlivseksperter, er nemleg ei implisitt posisjonering av lesaren som trengande av denne kunnskapen. *Du* er ifølgje teksten òg ei kvit kvinne i sin beste alder (jamfør bilete til teksten), og *du* er i eit forhold til ein mann. *Du* er kulturelt kompetent som kjenner til *foie gras* og klisjéordspråk frå det norske språket (*like barn leker best* og *motsetninger tiltrekker hverandre*). *Du* likar ikkje å sjå dårlege actionfilmar, *du* sit ikkje for mykje framføre pc-en, og *du* ligg ikkje og les med lyset på til langt på natt. Derimot likar *du* Berlinerpoplene og tur i skogen. Kjærleik for *du* inneber spenning, ikkje vennskap.

4.1.4 Vi og *han*, kvinner og menn

Vi inkluderar både journalist-jeg, samlivseksperter og lesaren, og dei er alle medlemmar av kategorien 'kvinner'. Ifølgje Mary Talbot, som har studert lingvistiske trekk ved tekstar i jenteblad, refererar *vi* i medietekstar enten til eit ekskluderande "vi som står bak bladet", eller eit inkluderande "vi som står bak bladet" pluss lesarane (Talbot 1992:180). *Vi* i *Menn*, altså ... blir med denne terminologien eit inkluderande *vi* som refererar både til "vi i KK" og til lesarane.

Vi er tydeleg åtskilt frå kategorien 'menn' i teksten: *Særlig når det kommer barn inn i bildet har vi en tendens til å overstyre mennene våre og ønsket om å forandre mennene våre, er en typisk kvinnegreie, sier Toril Hepsø. Han* er nemleg alle andre enn *jeg, du* og *vi*. Han er den som *du* eller *vi* er i forhold med, og blir omtalt som partneren og den andre Sambuaren til journalist-jeg blir posisjonert som motsett til henne: han er eit tregt B-menneske med sans for foie gras. Menn er òg trege; dei brukar iallfall lang tid på å lage middag ifølgje teksten. Dei er interesserte i ulike formar for underhaldning, gjerne gjennom ein slags skjerm. Menn sit nemleg for mykje framføre pc-en og spelar spel, og dei likar dårlege actionfilmar på tv. I tillegg ligg dei og les med lyset på til langt på natt. Det dei derimot ikkje likar, er å bli snakka til på ein belærande måte av kvinner, og dei lar seg overstyre av kvinner når det gjeld barnestell. Samanlikna med *vi*, er han kort og godt *en annen, full av annerledeshet*.

4.1.5 Korleis gjere kjønn i det heteroromantiske parforholdet?

I *Menn, altså ...* blir kvinner og menn stilt opp mot kvarandre, og plasserte i kategoriar som utelukkar kvarandre. Teksten går faktisk så langt at den plasserar dei i to ulike univers. Derfor har dei fleste noko dei irriterar seg over ved den andre i heterofile parforhold. Når kvinner og menn fell for kvarandre, er det snakk om forelskelsesrus, ikkje fornuftsekteskap. Samlivet er basert på likskap, og det å vere for ulike kan føre til at partane vel å avslutte forholdet. Ulikskap kan rett nok føre til eit meir spanande sexliv, noko teksten vurderar som positivt, men partane i eit par må sjølve vurdere når dei er for ulike til å kunne leve lukkeleg saman. Målet er eit lukkeleg liv saman utan krise og behov for samlivsterapi, og her har kvinner og menn ulikt ansvar for å få forholdet mellom dei til å fungere.

Det er òg skilnad mellom kvinner og menn når det gjeld kva dei irriterar seg over ved kvarandre, og korleis desse skilnadane frå forholda mellom dei til å framstå. Det kvinner irriterar seg over ved menn, er trivielle ting som at han smular på kjøkenbenken eller at han likar å sjå dårlege actionfilmar på tv. Menn derimot synest måten kvinner behandlar dei og snakkar til dei på er *sinnsykt irriterende*. Negative haldningar overfor nokon er noko ganske anna enn kvardagslege handlingar som smulesølingog, og kan vere mykje meir øydeleggjande for eit forhold. Slike haldningar overfor partnaren og *ulike preferanser for valg av tv-program* er irritasjonsmoment på to ulike nivå, og ulikt livssyn kan vere vanskelegare å handtere enn ulike levesett, noko teksten sjølv er inne på i løysingskomponenten: *Mange par som er forskjellige når det gjelder interesser og rent praktiske ting, falt gjerne for hverandre fordi de hadde andre og større ting felles, som verdisyn og tanker om livet og verden*. Slik *Menn, altså ...* skildrar par med samlivsproblem, er det eit asymmetrisk forhold mellom partane. Teksten posisjonere kvinner som nokre som prøver å dominere mennene dei er i forhold med ved å vere *belærende* og overstyrande. Mennene derimot gjer ikkje anna enn å føretrekkje underhaldning på skjermen framføre *tur i skogen*.

4.2 *Alt om mannen*

Teksten *Alt om mannen* står i KK 30/2009. Den er merka *Velkommen fra sjefredaktøren*, og fungerer som opningstekst for dette nummeret av bladet. Teksten byrjar med å liste opp dei *vanlige, stereotypiske merkelappene* som kvinner set på menn (og kvinner), før den tar opp samanhengar mellom likestilling i heterofile parforhold og livskvalitet. Den avsluttar med nok ei opplisting av stereotype oppfatningar av menn (og kvinner), og konkluderar med at dersom kvinner unngår å handle slik sjefsredaktøren har erfart at menn mislikar, kan dei sikre seg smørblide menn for livet. Teksten avsluttar med ein smakebit på innhaldet i resten av bladet som igjen understrekar synet på kjønn som skilnad i teksten: *Hva han selv tenker? Les artiklene om hvordan verden ser ut fra hans synsvinkel.*

Teksten plasserar kvinner og menn i åtskilde kategoriar som gjensidig utelukkar kvarandre, og samanlikningar stereotypiane knytt til dei to kategoriane; både stereotypiane teksten peikar ut som stereotypiar, og stereotypiane den held fram som meir 'sanne'.

4.2.1 **Utforming og oppbygging**

Overskrifta *Alt om mannen* fortel at teksten skal handle om menn. Eg ventar ikkje å få vite alt om menn slik teksten lovar; det kan umogeleg vere plass til alt om menn i ein så liten tekst, men eg ventar meg generelle uttalingar om menn og det er det teksten serverar. Teksten har òg eit utheva sitat: *Vi liker å framstille mannen som endimensjonal – hvis naturlige biotop er på og rundt fotballbanen.* Sitatet skildrar eit *vi* (kvinner) som snakkar om *mannen* (alle menn), og korleis *vi* tenkjer om menn og kva dei interesserar seg for. Teksten omtalar her menn i bestemt form eintal som *mannen* og peikar på det den meiner er fellestrekk mellom alle som fell inn under kategorien 'menn'. Eg kjem nærare inn på det utheva sitatet i 4.2.4 i analysen.

Tilhøyrande teksten er eit bilete av sjefsredaktøren, og ei rekke av sju bilete i passfotostorleik av sju kjende menn. Kwart bilete har namnet på mannen trykt på seg og eit adjektiv over seg: *leken, mystisk, kjekk, hardbarka, jålete, mektig* og *hverdagslig*. Mellom adjektiva står det plussteikn, og

under rekka av bilete står det: *Den perfekte mannen?* Altså foreslår teksten at ein kombinasjon av desse sju mennene og/eller adjektiva kan utgjere den perfekte mannen. I dette forslaget ligg det ei mengde med presupposisjonar. Til dømes presupponerar teksten at lesaren forbinder dei sju mennene med dei sju adjektiva den knyter dei til, at til dømes Lars Monsen er kulturelt gjenkjenneleg som hardbarka. Den presupponerar òg at adjektiva knytt til bileta er eigenskapar som *vi damer* leiter etter hos menn.

4.2.2 Myter eller sanning?

Alt om mannen kjem med døme på *de vanlige, stereotypiske merkelappene* teksten meiner at kvinner set på menn. Samstundes presenterar den kontrasterande merkelappar på kvinner: *Der vi er emosjonelle og empatiske, er han rasjonell og ego.* Teksten knyt deretter kjønnskildnadene saman med likestilling: *Norske menn sier i en stor undersøkelse fra tidligere i år at det å leve i et likestilt parforhold gir bedre livskvalitet. Samtidig opplever to av tre par svikt i likestillingen på andre viktige områder.* Her er kjerna i teksten, eller problemet den tar opp, for å samanlikne med inndelinga av analysen av *Menn, altså ...*: likestillingssvikt. Teksten viser til forskning og tar opp eit tema på ein sakleg måte, men foreslår så på ein humoristisk måte *fordelingen av garderobeplassen på soverommet* som moglege område der likestillinga sviktar. Med humor peikar teksten på moglege grunnar til at menn ikkje kjenner seg likestilte i parforhold med kvinner.

På same måte som teksten vekslar mellom alvor og humor, vekslar den mellom å posisjonere generelle påstandar om menn som stereotypiar, og som sanningar. Den presenterar fyrst stereotypiar om menn som *myter som for lengst er avgått ved døden*, før den listar opp *visse ting mannen misliker, uansett alder, yrke eller personlighet* til slutt i teksten. Denne vekslinga mellom å behandle temaa kjønnskildnader og likestilling alvorleg og humoristisk gjer teksten i seg sjølv blir eit bevis på likestilling. Teksten kan nemleg behandle desse temaa med humor fordi det er ei etablert 'sanning' at Noreg er eit likestilt land.

4.2.3 Det sosiale landskapet i teksten

I *Alt om mannen* står det heterofile parforholdet i sentrum, og partane i slike forhold, nemleg kvinner og menn. Desse blir framstilt som to motpolar, på same måte som i *Menn, altså*

Mannen blir posisjonert som *rasjonell, ego, fjern, likegla'og eindimensjonal*, og som ein som har nok med éin tanke i hovudet om gongen. Han får til og med ei geografisk posisjonering: *på og rundt fotballbanen*. Mennene i *Alt om mannen* blir òg posisjonerte som *norske*. Dei har ein hobby og er eigarar av *platesamling og annet audiovisuelt utstyr*. Dei seier at *å leve i et likestilt parforhold gir bedre livskvalitet, men likar ikkje damer som maser*.

Vi damer derimot blir posisjonerte som *emosjonelle og empatiske*, og i stand til å *sjonglere flere tanker i hodet samtidig*. Dei trur dei les menn som ei open bok og likar å framstille mannen som *litt endimensjonal*, men veit sjølvsagt at *dette er myter som for lengst har avgått ved døden*. Teksten kjem òg med fleire indirekte posisjoneringar av kvinner. Ved å liste opp *visse ting mannen misliker, uansett alder, yrke eller personlighet* og som kvinner derfor bør unngå å gjere om dei vil ha *en smørblid mann for livet*, seier teksten indirekte at kvinner har ein tendens til å gjere slike ting: mase, overfylle garderobeskåpet, setje i gang store oppussingsprosjekt, fjerne platesamlinga til mannen, setje spørsmålsteikn ved tidsbruk av hobbyen hans og bruke han som sjåfør – *hele tiden*. Dermed blir *vi* damer ei gruppe av kvinner som både veit og gjer bestemte ting.

Kvinner og menn er dei sosiale kategoriane det blir skrive om i teksten, men teksten har òg meir aktive deltakarar, nemleg eit *jeg* og eit *du*. Både *jeg* og *du* tilhøyrrer kategorien kvinner, men skilnaden mellom dei er at *jeg* har meir erfaring med kategorien menn enn *du* har. Derfor *jeg* gje *du* råd om menn, noko teksten brukar ein heil del plass på å vise fram: *Selv om jeg ikke har forsket på området, er mitt voksne liv et eneste stort og langt nærstudium av mannen og hans vesen. Mellom oss: Jeg har knapt vært singel en eneste dag siden jeg var fjorten. Fra da av har jeg hatt en mer eller mindre kompetent mann i nærheten. Og såpass har jeg erfart...* Hadde *jeg* til dømes vore ein av samlivsekspertane i *Menn, altså*... hadde det ikkje vore naudsynt å bruke så mykje plass på å overbevise lesaren om at ho trygt kan fylgje rådet til *jeg*, men sidan *jeg* *ikke har forsket på området*, må teksten vise fram erfaringsgrunnlaget hennar.

Det er ikkje berre den lange erfaringa med menn som gjer at ho vekkjer tillit, det er òg dei personlege opplysningane og måten teksten gjer inntrykk av at dei er hemmelegheiter sjeftsredaktøren berre avslørar for deg som lesar (*mellom oss*). Dermed konstruerar teksten ein venskapeleg intimitet mellom *jeg* og lesaren som ikkje gjer rom for løgn og bløffmakeri. Den framvisinga av erfaringa *jeg* har med menn ser eg på som eit forsøk på å gjere henne kompetent nok til å komme med råd til lesarane mot slutten av teksten og tiltru nok til at lesarane kan lytte til rådet

I *Alt om mannen* er det eit tydeleg spenningsforhold mellom kvinner og menn. Det kan ein sjå til dømes i opninga av teksten: *Denne uken gir vi mannen litt mer spalteplass enn han ..., jeg holdt på å si fortjener, men jeg mente selvfølgelig mer enn det han vanligvis får i KK*. Her viser teksten gnissingar mellom kvinner og menn; *vi* synst jo eigentleg ikkje han fortentar meir spalteplass. Kvinner er opptekne av menn og gjer dei ein sentral plass i liva sine; *jeg* sitt vaksne liv har vore et eneste stort og langt nærstudium av mannen og hans vesen til dømes. Likevel snakkar kvinner ofte i negative vendingar om menn seg i mellom: *Når jentesnakken går, liker vi rett og slett å framstille mannen som litt endimensjonal*. Denne motsetnaden er typisk i dameblad: “There is an evident tension between the need to confirm the centrality and desirability of men in all women’s lives and the equally insistent recognition of men as a problem for and threat to women” (Ballaster mfl. 1991:9).

4.2.4 Likestilling og ansvar

Det heterofile parforholdet verkar ikkje likestilt slik det blir skildra i *Alt om mannen*. På overflata foreslår teksten at kvinner verkar dominerande overfor menn i spørsmål som gjeld hus og heim, og at det fører til svikt i likestillinga i menns disfavør. Den kvinnelege lesaren blir derfor oppfordra til å unngå slik dominerande oppførsel som menn mislikar. Slik blir kvinna gjort ansvarleg for å oppretthalde likestilling i det heteroromantiske parforholdet, på same måte som ho blir ansvarleg for eit forhold fritt for samlivsirritasjon, som me såg i analysen av *Menn*, *altså* Begge desse tekstane råder lesaren til å endre haldningar og handlingar overfor menn.

Kapittel 4

Dersom ein ser nærare etter, kan ein òg peike på sjølve teksten som bidragsytar til ulikestilling i det heterofile parforholdet. Ein kan nemleg òg lese det utheva sitatet som forslag til kvifor nokre menn (det står rett nok at *par* opplever svikt i likestillinga, men teksten fokuserar på menn) ikkje opplever at dei lever i eit likestilt forhold. Sitatet utpeikar diskursive konstruksjonar om 'menn' som mogleg grunn til dette.

Nummeret av KK kor *Alt om mannen* står, har eit *ukens tema*, nemleg *hva menn virkelig tenker om oss*. *Alt om mannen* tar utgangspunkt i *ukens tema*, men snur det på hovudet og kårerar rundt kva *kvinner* ofte tenkjer om *menn*. Dermed blir teksten i seg sjølv, spesielt med lista over kva menn uansett mislikar, ein bidrag til svikt i likestillinga fordi den er eit innlegg i diskursen om kva som definerar kategorien 'menn', og som derfor er med på å stramme inn handlingsrommet til dei som blir plasserte i denne kategorien.

4.3 *Kunsten å tenne en kvinne*

Teksten *Kunsten å tenne en kvinne* har eg henta frå KK29/2009. Den er ikkje merka etter sjanger, til dømes som reportasje slik dei fleste andre tekstane eg analyserar er merka, men etter tema, nemleg *livsstil*. Likevel har den eit oppsett som er svært likt reportasjane: Den har ein hovudtekst med tekst frå redaksjonen basert på sitat frå ekspertar, korte intervju med "fem på gata", og ei liste med konkrete punkt retta mot lesaren til slutt. Temaet for teksten er, som overskrifta avslørrar, korleis ein tenner ei kvinne. Teksten presenterar ekspertar på området, deira kunnskapar, og råd baserte på desse kunnskapane, og den presenterar "vanlege" menn med deira erfaringar og meiningar om kva som tenner kvinner. Den kjem med ei rekke påstandar om korleis kvinner er, og både eksplisitte og implisitte direktiv til menn om kva dei skal gjere for å tenne kvinner og korleis paret saman kan få eit betre sexliv. Slik blir den overordna handlinga i teksten etter mitt syn rådgeving.

4.3.1 Overskrift, ingress og utheva sitat

Som nemnt i avsnittet over fortel overskrifta at teksten handlar om korleis ein tenner kvinner. Ingressen nemner derimot ikkje tenning, men spør *hva slags menn vi vil ha?* og svarar: *en som er interessert i oss og som viser det!* Ingressen er forma som ein spørsmål-svar-sekvens, og saman med det munnlege språket som *jo* og ropeteiknet er døme på, minnar den meg om slagord eller demonstrantrop. Ingressen stiller krav, og det blir fulgt opp i *Slik tenner du meg, kjære-lista*, noko eg kjem tilbake til nedanfor.

Det utheva sitatet nemner, som overskrifta, kvinner og tenning: «*Kvinnen er tent når hun føler at hun er det*». Saman avslørar ingressen og sitata nokre av hemmelegheitene ved kunsten det er å tenne ei kvinne: kvinner vil ha menn som viser dei interesse, og lysten deira er ikkje berre kroppsleg, men òg kjensleg.

4.3.2 Visuell skildring

Teksten er bygd opp på same måte som arbeidsteksten *Tid for nye tanker*. Hovudteksten med sitat frå ekspertane kjem fyrst, så intervjuet med "vanlege" menn og til slutt lista med konkrete kvardagstips til lesaren. Det store bilete i teksten viser mannehender som masserar ein naken kvinnerygg. Sidan det er forspel og kvardagshandlingar som står i fokus i teksten, altså det som skjer *utenfor senga* heller enn *det sengerelaterte*, ville eit bilete av ein avansert kamasutra-stilling ikkje vore heilt på sin plass. Massasjebilete passar derimot godt til temaet for teksten; fire av dei fem "vanlege" mennene som teksten siterar, nemner nemleg massasje som ein måte å tenne kvinner på.

4.3.3 Situasjon og problem - samanhengen mellom kropp og kjensler

Hovudteksten byrjar med to konstaterande setningar om kvinner. Den skil kvinna sin hjerne og sitt *selv* frå kjønnsorganet hennar, og seier at dei ikkje alltid er medvitne om når kroppen er *i full*

Kapittel 4

gang med å våkne seksuelt. Kvinner kan ha klitorisereksjon medan dei tenkjer på middagslaging og fargar på sko, hevdar teksten.

Kvinner kjenner altså seksuell lyst berre når kjensler og kjønnsorgan kommuniserar, og det blir skildra som eit problem. Det gjer det nemleg ikkje mogeleg å lage ei «*gni der, trykk der*»-liste for menn om korleis dei skal tenne *kvinnekroppen*; dei må i tillegg ha ei oppskrift for korleis *få med hodet* til kvinna, og det er det *Kunsten å tenne en kvinne* tilbyr.

I presentasjonen av situasjonen og problemet den tar opp, har hovudteksten, som ingressen, eit munnleg språk. Den brukar uttrykk som *mon tro, da blir det så fjernt* og *da bør vi spole litt tilbake*. Tonen er lett og underhaldande, samstundes som den kjem med bastante konstativar om kvinner: *Hun er kun tent når hun føler at hun er det*.

4.3.4 Løysing – Det er jo så mye fint å utforske i rommet mellom null og knull

Som ingressen peika på, må ein mann vise interesse for kvinna han er i forhold med for å tenne henne seksuelt: Når kvinnen føler at partneren bryr seg om henne, ønsker hun naturleg nok å være så nær ham som overhodet mulig – og det er da hun kjenner seg i det lystne hjørnet. Teksten fortel altså kva kvinner ynskjer og kjenner, kva dei vil ha (en ålreit fyr), kva menn gjer galt (tenkjer på henne som en maskin som må startes og smøres), og kva dei heller bør gjere (fokusere på forholdet, være den fyren hun vil ha og møte henne med en se-hva-som-skjer-innstilling). Teksten kjem òg med ei oppfordring til begge partar i forholdet: få bort presset og «sex eller ingenting-mentaliteten». Den tilbyr altså ikkje berre opplæring i kunsten å tenne en kvinne, men foreslår òg at partane kommuniserar med kvarandre om tenning og spenning, og slik skape rom for at begge parter kan si: «Nå har vi det fint, det er i grunnen bare dette jeg har lyst til i dag». Sex handlar altså ikkje berre om kropp og knull, men òg om kjensler og det som finst i rommet mellom ingenting og s-e-x.

I slike problem-som-treng-løysing-tekstar, som *Menn, altså...* òg er eit døme på, er det gjerne eksplisitte direktiv, men i hovudteksten i *Kunsten å tenne en kvinne* finn eg berre implisitte direktiv. Formuleringar som til dømes *veien å gå er å, i denne sammenhengen er det sterkt undervurdert å, da er det noe med å* og liknande gjer ikkje ordrar, men vegleiarer lesaren heller.

Dei eksplisitte direktiva kjem derimot på rekke og rad i *Slik tenner du meg, kjære*, den punktvisse lista med råd (sjå nedanfor).

I vegleiinga av lesaren brukar teksten fleire fiffige metaforar. Kvinner blir samanlikna med *en maskin som må startes og smøres*, og andre ord for sex er *det sengerelaterte, senga, s-e-x, ferieturen* og *skrur på bryteren*. Forspill blir skildra som *å sette i kontakten*, og eg tolkar *yndlingsdestinasjonen* som ein metafor for orgasme. Den brukar òg meir direkte ord som *knull* og *klitorisereksjon*, men grunna dei mange metaforane blir teksten likevel lett, litt morosam og dermed underhaldande samstundes som den opplyser lesaren om fakta-i-verda. Den tar opp eit tema som kan vere vanskeleg å behandle fordi det er så personleg, og metaforane lettjar på alvoret.

4.3.5 *Hvordan tenner man en kvinne? Dette MENER gutta!*

Teksten viser fram fem ”vanlege” menn på gata¹³ om kva dei meiner kvinner tenner på. Teksten oppgjer namn, alder og sivilstatus på dei fem mennene og viser fram bilete av dei i passfotostorleik. Den presenterar mennene sine eigne erfaringar med kva som tenner kvinner og kva dei meiner tenner kvinner generelt. Her kjem ei oppskrift.

Kva tenner kvinner på? **1. Trygge rammer:** tryggleik og familie. *Jeg tror at kvinnen tenner mer på trygghet, familie og penger enn det å bli «forført»* (Tåjet). **2. Gåver:** massasje, tekstmeldingar, blomar, sjokolade, aromaterapi. *Å sende blomster gjør henne ofte mer medgjørlig og gjør at hun «kaster seg» mer over deg. Men det trenger ikke være blomster, det kan være sjokolade for den saks skyld* (Svaleng). **3. Maskulinitet:** fysisk, maskulin, å være veldig direkte og «ta ansvar». *Det er viktig at man på en galant måte er veldig bestemt på å ta føringen, både når det gjelder ordvalg, kroppsspråk og tilnærmingen* (Nyberg). **4. Husarbeid:** at han tar oppvasken. *For å si det sånn: hvis du tar oppvasken og gir henne massasje for eksempel, da er du der* (Michaelsen). **5. Merksemd:** nærleik, kommunikasjon, kompliment, slappe av, kjensla av å bli verdsett, tid, gje

¹³ Fire av dei fem mennene har på seg jakker og er fotograferte ute.

Kapittel 4

ho heile sjela di, å vere hengiven. *Behandle henne som en dame! Si at du elsker henne, overrask henne selv om det bare er tirsdag* (Pedersen). **6. Seksuelle tilnærmingar:** kyss, ømhet. *Jeg mener ikke at alt i sengen og sexlivet skal være som tatt ut fra en Danielle Steele-roman, men la eventuelle voldsomheter, lugging og biting være krydderet, ikke hele retten* (Pedersen).

Korleis skal menn vere? Dei skal vere attraktive, hyggjelege og seg sjølve: *Vær deg selv når dere er blant andre mennesker, så hun til enhver tid kan kjenne igjen mannen hun forelsket seg i* (Pedersen). Kva skal menn ikkje gjere? Dei skal ikkje presse om å prestere eller ha baktankar: *Men det er viktig å ikke ha noen baktanker med det, tror eg, og heller bare la kvelden føre til det den kan føre til...* (Tjøæt).

4.3.6 *Slik tenner du meg, kjære – ei ”sei ditt, gjer datt-liste”*

Hovudteksten fortel at det blir fjernt å utstyre mannen med en «gni der, trykk der»-liste, gi ham en klapp på skulderen og ønske ham hell og lykke på ferden når kvinna berre er tent når hun **føler** at hun er det. Derfor kjem *Kunsten å tenne en kvinne* med ei anna liste til mannen: *Slik tenner du meg, kjære*. Lista består av ni punkt som eg har delt inn i fire kategoriar: **1. Kyss, klapp og klem treng ikkje bety sex:** 5. Kjærtegn meg uten baktanker, 6. La kvelden stå åpen og 9. Ikke sutre hvis det ikke blir sex. **2. Ver interessert og merksam:** 1. Vis at du ser meg, 2. Vær interessert i hele meg, og 8. Bry deg om min nytelse. **3. Seksuell tenning skjer delvis utanfor soverommet:** 3. Gjør ting sammen med meg og 4. Hjelp meg å rydde opp. **4. Ver ein moderne mann:** 7. Ta føringen, ikke styringen.

Alle punkta i *Slik tenner du meg, kjære* er forma som direktiv, og dei er retta mot menn. I staden for å opplyse om kor på kvinnekroppen ein skal gni og trykke, fortel lista menn kva dei skal seie og gjere for å byggje opp lysten til kvinner og klargjere dei for sex.

4.3.7 Posisjoneringa av stemmene i teksten

Vi kvinner og du

Vi får mindre plass i *Kunsten å tenne en kvinne* enn i både *Menn, altså...* og *Alt om mannen*, og blir berre nemnt sju gonger. Her er det heller *en kvinne* og *hun* som står i fokus. I ingressen og i fyrste setning i situasjonskomponenten refererar *vi* til *kvinner*. Vi blir posisjonerte som interesserte i menn som er interesserte i dei, og *som viser det*. Vidare fortel teksten at *vi* kan ha *klitorisereksjon uten at hjernen vår får det med seg*, og at *vi ble marinert i østrogen i mors liv og alltid vil være mer detaljfokusert enn du*. Ein stad refererar *vi* til dei som er til stades i teksten: *da bør vi spole litt tilbake*. I tillegg dukkar *vi* opp i eit sitat som teksten syns det er viktig at *begge parter i kan* si i eit forhold: ”Nå har *vi* det fint, det er i grunnen bare dette jeg har lyst til i dag”. Teksten har altså eit inkluderande *vi* som refererar til både KK-redaksjonen og lesarane som *kvinner*, ein annan stad alle dei talande og tiltalte i teksten, og ein tredje stad inkluderar *vi*’et til og med mennene kvinner er i eit forhold med.

Du refererar i andre tekstar, til dømes i *Menn, altså...*, til lesaren, men i *Kunsten å tenne en kvinne* refererar *du* til menn. Eg meiner likevel ikkje at teksten er retta mot ein mannleg lesar. *Slik tenner du meg, kjære* har nemleg ei stipla line med ei saks i enden som skil den frå resten av teksten. Den ser eg som ei oppfordring til den kvinnelege lesaren om å klippe ut lista og vise den til mannen ho er i forhold med. Dermed er det berre lista *Slik tenner du meg, kjære* som er retta mot menn, ikkje heile *Kunsten å tenne en kvinne* (sjå nedanfor for posisjonering av *du*).

Menn

Teksten posisjonerar menn som svært interesserte i å få kvinner seksuelt opphissa. Med råda den kjem med (i hovudteksten) seier den indirekte at menn har ein tendens til å sjå på kvinnekroppen som *en maskin som må startes og smøres*. Dei har gjerne ein sex eller ingenting-mentalitet, og er

Kapittel 4

truande til å droppe hele ferieturen fordi man ikkje kan komme til yndlingsdestinasjonen. Ifølgje *Slik tenner du meg, kjære* kjem menn gjerne med slibrige kompliment, set meir pris på kvinna sin kropp enn heilskapen, og har ofte fleire påfunn når det gjeld sex. Menn blir altså skildra som meir seksuelt pågåande enn kvinner. Dei går vitskapeleg til verks når det gjeld sex, ser på det som eit prosjekt med ein start, ei oppskrift og eit klart mål, og fysisk nærleik utanfor seksualakta med kvinna dei er i forhold med er stort sett berre for hennar del. Berre éin stad finn eg eit smotthol i teksten der menn blir posisjonert annleis. Hovudteksten peikar på at *begge partar* kan finne glede i å *utforske rommet mellom null og knull*, og i det les eg ein påstand om at menn òg kan vere interesserte i fysisk kontakt utover sjølve seksualakta. Jamt over blir menn likevel posisjonerte som mest interessert i kvinner som sexpartnarar, og som utstyrte med mange triks og knep for å få henne tent. Spesielt posisjonerar *Slik tenner du meg, kjære* menn slik. Dei kan lære å vise interesse for kvinna dei er i forhold med, og dei kan late som om dei set pris på *tankene, følelsene, opplevelsene og hverdagen* hennar, men innerst inne er dette berre middel for å oppnå det dei egentleg vil: å ha sex.

Ekspertane og fem-på-gata

KK-tekstane eg analyserar har ofte sitat frå ekspertar, og *Kunsten å tenne en kvinne* er ikkje noko unntak. Hovudteksten er basert på sitat frå to ekspertar: lækjar og sexolog Esben Esther Pirelli Benestad som kort vart nemnt i KK-teksten *Menn, altså...*, og samlivsekspert Peder Kjøs som elles har fast spalte i KK. Ekspertane blir ikkje presenterte med to motstridande syn og teksten er ikkje lagt opp som ein diskusjon rundt temaet; tvert i mot flettar teksten sitata frå ekspertane saman slik at dei står fram som ei samstemt skildring av verda. Ved å ta med yrkestitlane til Benestad og Kjøs og dermed posisjonere dei som ekspertar på temaet for teksten kropp, sex og samliv, garanterar teksten for at innhaldet er truverdig og 'sant', og at ein trygt kan følgje råda teksten kjem med. Her er to ekspertar som berre forklarar korleis noko faktisk er; kva som er samanhengen mellom kvinner og seksuell tenning.

Dei andre talande subjekta i teksten er dei fem mennene teksten kallar *gutta*. Dei blir posisjonerte som "vanlege" menn KK-redaksjonen tilfeldig har stoppa på gata. Handlingane og haldningane

overfor kvinner er, slik dei blir presenterte i sitata frå mennene, i tråd med råda til ekspertane og *Slik tenner du meg, kjære*-lista. Det handlar om å vere en ålreit fyr som gjer kvinna han er i forhold med tid, merksemd og interesse både i og utanfor senga. Dersom dette er representativt for vanlege menn, vil ikkje vanlege menn trenge at dei kvinnelege KK-lesarane dei er i forhold med klipp ut og viser dei *Slik tenner du meg, kjære*-lista. Om dette sender teksten motstridande signal til lesaren: er det forventat at mannen ho er i forhold med skal ha bruk for lista eller vere ein av *gutta* som allereie har tilegna seg denne kunnskapen? Det viktigaste i teksten er det trass alt ingen tvil om: korleis ein skal tenne ei kvinne finst det berre eitt svar på, og det er både ekspertane, dei ”vanlege” mennene og lista som representerar dei kvinnelege lesarane einige om.

4.3.8 Ulik ansvarsfordeling

Kunsten å tenne en kvinne ligg i menn sine kvardagshandlingar og –haldningar overfor kvinnene dei er i forhold med. Merksemd og interesse for det som er inni kvinna, ikkje berre det som er utanpå, er viktig, òg under sjølve seksualakta. Menn bør òg bruke god tid på forspill og ha ein *se-hva-som-skjer-innstilling* skal dei tenne kvinner. Å tenne ei kvinne er ein kunst; noko ein må beherske, opparbeide seg kunnskap om, lære seg, og det fungerer på alle kvinner. Teksten fokuserar altså på kva menn skal gjere overfor kvinner, og legg ansvaret for kvinna si seksuelle tenning på mannen.

Dette kan ein sjå i samanheng med kva for posisjonar kvinner og menn har tilgjengelige i ”den heteroseksuelle lidenskabs iscenesettelse” (Søndergaard 1996:147). Tradisjonelt blir kvinner kopla passivitet og hengivenhet, og menn til aktivitet og dominans seksuelt, og ansvaret menn får for kvinna si tenning i teksten kan ein sjå i samanheng med eit slikt syn på mannen som den aktive i det seksuelle møtet (ibid.).

Samstundes posisjonerar teksten kvinna som den ansvarlege for at mannen tar ansvar i sexlivet. Teksten står i eit vekeblad retta mot kvinnelege lesarar, og er utforma slik at kvinna kan klippe ut ei liste med titteln *Slik tenner du meg, kjære* som inneheld tips til korleis menn kan tenne kvinner. Altså legg teksten opp til at lesaren skal dele lista med mannen ho er i forhold med (eller i alle

Kapittel 4

fall henge den opp på kjøleskapet). Dermed gjer teksten ho ansvaret for at sexlivet skal fungere, og dermed det relasjonelle ansvaret i det heteroromantiske parforholdet. Eg kjem nærare inn på denne ansvarsfordelinga i drøftingskapittelet (7.3).

5 Analyse av omsorgstekstar

Her presenterar eg analysane av KK-tekstane om omsorg: *Ego eller super*, *Far på farten*, og *Kvinnen bak*.

5.1 *Ego eller super*

Ego eller super står i KK 21/2009. Den er merka som reportasje om livsval, og er basert på intervju med fleire kvinner om temaet for teksten: lengda på fødselspermisjonen til mor i samband med jobb og karriere, i samband far og hans karriere, og i samband med allmenne oppfatningar om kva som er 'bra for barn' (Andenæs 2005:27). Overskrift på teksten og ingressen speglar temaet livsval. Overskrifta presenterar to valalternativ, *ego eller super*, og ingressen spør kva konsekvensane vil vere dersom ein *vil superraskt på jobb igjen etter fødselen: Gjør det oss til Tårnfrider?* I tillegg har delar av teksten eit bakgrunnsdesign av ord som speglar temaet: *fedre, gravid, samfunnet, småbarn, karriere, fødselspermisjon, klokka, helse, jobb, hjemme, prioritere, samvittighet, barn, pappaperm, stilling*.

Store delar av hovudteksten er bygd rundt forteljinga om Ragnhild Aasen Jacobsen og kva for konsekvensar valet hennar om å ta seks månader fødselspermisjon med sitt yngste barn fekk. Teksten fortel om tankane og kjenslene hennar rundt valet, og reaksjonane det vakte blant kollegaene. Etter å ha lagt fram historia om Jacobsen, viser teksten fram fleire kjendiskvinner som tok mindre enn eit halvt år fødselspermisjon og reaksjonane nokre av dei møtte frå omverda. Vidare uttalar teksten seg om forhold i Noreg. Den fortel korleis det 'faktisk er' når det gjeld deling av permisjon og barneomsorg mellom mor og far her i landet. Den informerar òg om at det *med jevne mellomrom* blussar opp offentlege debattar om kva som er bra for barn, og kva konklusjonen på desse debattane ofte blir. Teksten avsluttar med eit sitat frå Jacobsen som

Kapittel 5

posisjonere ho som ueinig med populæroppfattinga. Etter hovudteksten presenterar teksten tre kjendiskvinner (to av dei er nemnde i hovudteksten), og kjem med eit lengre sitat frå kvar av dei som fortel kvifor dei valde kortare permisjon og kva dei tenkjer om valet. Til slutt i teksten er det ein tekstboks med presentasjon av og sitat frå ein ekspert på temaet for teksten. Tekstboksen konkluderar med det same som hovudteksten gjorde med sitat frå Jacobsen: *Hennes (eksperten si) erfaring er at kvinner som velger å ta kortere permisjon enn normalen ikke angrer* (min parentes).

Teksten viser fram kvinner som har valt å dele fødselspermisjonen med far og sjølv ta *kortere permisjon enn normalen* for å komme fortare tilbake i jobb. Den viser fram dei negative sidene ved valet i form av reaksjonar kvinnene fekk frå omverda ved å ta eit "unormalt" livsval, men legg størst vekt på dei positive sidene ved valet, spesielt i samband med mor sin karriere.

5.1.1 Situasjon

Då Jacobsen og mannen bestemte seg for å få eit tredje barn, var føresetnaden for Jacobsen at mannen tok halve permisjonen, fortel teksten. Ho hadde lang permisjon med barn nummer to, og ville fortare tilbake i jobb etter nummer tre. Ho *karakteriserer seg ikke som noen karrieredame*, men å vere heimeverande *gir meg ikke nok å fylle dagene med*. Ho ynskte å vere noko meir enn berre mamma, og det gav jobben henne: *Der handler det om noe mer enn meg og mitt hjemmemiljø*. Men Jacobsen blei møtt med undring då ho kom tilbake på jobb etter "berre" seks månader. Kor gjorde ho av barnet sitt medan ho var på jobb? *Det virket som om det ikke falt dem inn at barnet hadde en far som kunne være hjemme. I dag er det muligens politisk korrekt å dele fødselspermisjonen, men det er veldig få som gjør det*.

5.1.2 Problem

Teksten fortel at den allmenne oppfattinga er at det beste for spedbarnet er å knytte seg til éin vaksenperson og at det som regel er mor: *det er jo hun som har puppene*. Den viser fram kvinner som blei møtte med kritikk for å vere av ei anna oppfatting, blant anna Jacobsen som vart kritisert for at ho "*gikk fra*" barnet sitt då ho tok seks månader permisjon i staden for tolv. Teksten peikar

altså på ei klar norm og forventning i det norske samfunnet om at mødrer tar eit år fødselspermisjon, og dei som tar kortare permisjon enn normalen blir sett på som ein spesiell type kvinner skildra i teksten som karriereklatrane *Tårnfrider*. Eit av problema teksten skildrar er altså at kvinner som vel å ta kort fødselspermisjon blir posisjonerte som meir opptekne av jobben sin enn av barna sine.

Den allmenne oppfattinga er altså at mykje *står og faller på mor i forhold til barna*, og den puppelause far blir ikkje rekna som like god forelder for spedbarnet som mor, fortel teksten. Det er derfor få mødrer og fedrar som deler fødselspermisjonen mellom seg, hevdar teksten, sjølv om det blir sett på som politisk korrekt, og dette er eit problem for likestillinga mellom kvinner og menn i arbeidslivet. På overflata er Noreg eit *likestillingsland*, men i realiteten er det ikkje likestilling mellom kjønna på alle område, fortel teksten, blant anna når det gjeld deling av fødselspermisjon og lønningar. *Småbarnsmødre tar lange permisjoner, jobber deltid og prioriterer familie framfor jobb, fordi det "passer best for vår familie"*. *Småbarnsfedre jobber overtid og tar sjeldan ut mer permisjon enn fedrekvoten, fordi det er "umulig i min bransje"*. Mange presenterar det altså som eit individuelt val at kvinner jobbar mindre og menn jobbar meir når dei blir småbarnsforeldre, og ikkje som noko som har med ei forståing av kvinner som meir eigna til å ta seg av spedbarn enn menn. Når dette ikkje blir sett på som eit likestillingsrelatert samfunnsproblem, men ei ordning kvar enkelte familie har valt, blir det vanskelegare å føreslå og få gjennomslag for endringar i lover, reglar og normer på samfunnsnivå som kunne vore med på å løyse desse problema.

5.1.3 Løysing

Teksten presenterar ikkje ei løysing på problema i form av til dømes direktiv retta mot lesaren, men den viser fram kvinner som har valt å handle utanfor den rådande diskursen om kva som er 'normalt' og 'bra for barn', og som synst det gjekk greitt. Teksten fortel at Jacobsen hadde det som ein *føresetnad* at ho berre tok seks månader av permisjonen dersom ho og mannen skulle få eit barn nummer tre. Den fortel at Sylvi Listhaug synst *det har gått over all forventning, at det*

Kapittel 5

var absolutt et riktig valg for Helga Pedersen og at for Marte Stokstad og mannen fungerer det bra å dele slik på fødselspermisjonen. Kort permisjon blir vist fram som noko positivt, og argumenta for lang fødselspermisjon for kvinner slår teksten ned på som *tull* gjennom eit sitat frå Jacobsen.

Når teksten argumenterar for kort fødselspermisjon, understrekar den at dette ikkje berre er for kvinner som er bevisst på sin karriere; det er nok å ha ein jobb ein likar godt og kollegaer ein trivst med, slik Jacobsen har. Ho *karakteriserer seg ikke som noen karrieredame*, ifølgje teksten, men det er heller *ikke det viktigste ved meg at jeg er mor. Jeg elsker barna mine og bruker mesteparten av tiden min på ettermiddagene og i helgene sammen med dem*, fortel teksten, men i arbeidstida er ho oppteken av karrieren sin og *andre ting enn bleier, grøt og barn*. Ho vil ikkje vere enten det eine eller det andre på heiltid. *Ikke alle kvinner med korte permisjoner har lederstillinger eller en jobb de vil ofre livet sitt for*, men langt frå alle mødrer *har behov for å være sammen med barna hele døgnet*. Kvinner kan altså både vere aktive i yrkeslivet og småbarnsmødrer, og vere gode til begge deler.

Forteljinga om Jacobsen legg vekt på at lang permisjon blir *litt kjedelig i lengden. Det gir meg ikke nok å fylle dagene med*. Ho ville tilbake i jobb fordi ho hadde lyst, ikkje fordi ho absolutt måtte. Med kjendiskvinnene teksten siterar etter hovudteksten er det derimot ei anna sak. Dei har høge stillingar som det *passet dårlig* og ikkje var *ønskelig å være lenge borte* frå. På ei side verkar det ikkje som om det var det dei sjølve hadde mest lyst til, men at dei kjende det som om dei ikkje hadde noko val, spesielt Listhaug og Pedersen. Dermed blir dei ikkje like overbevisande representantar for kvinner som vil ha kortare fødselspermisjon som Jacobsen. På ei anna side oppgjer dei far sitt ynske om å vere saman med barnet som ein av grunnane til at det vart slik. Dermed blir i alle fall fedrane gode representantar for fedrar som ynsker å ta lengre fødselspermisjon enn normalen.

Ego eller super tar opp eit tema, og viser tydeleg korleis temaet er omstridd. Av alle tekstane eg analyserar er det i denne teksten at forhandlinga om meining, innhald i kategoriar og definisjonsmakt er mest oppe i dagen. Teksten er eit innlegg i diskursen om kva det vil seie å vere ei god mor, og kva som er 'bra for barn'. Den peikar eksplisitt på temaet som ein pågåande samfunnsdebatt, som ein stadig diskursiv kamp. Teksten argumenterar for kort fødselspermisjon

ut ifrå historiar om kvinneliv og sitat frå verkelege kvinner, medan motargumenta kjem frå diffuse grupper som *psykologer og samfunnsdebattanter*.

5.1.4 Fødselspermisjon

Det kjem klart fram i teksten at fødselspermisjon på seks månader eller mindre ikkje blir sett på som 'normal' lengde på fødselspermisjonen for norske kvinner. Sjølv om det ifølgje teksten er politisk korrekt å dele fødselspermisjonen mellom mor og far, er dette ikkje vanleg i praksis. Tvert om blir kortare fødselspermisjon for kvinner sett på som noko negativt for barnet og egoistisk av mor. Altså er det berre to posisjonar tilgjengelege for mødrer når det gjeld lengda på fødselspermisjon, slik overskrifta peikar på: *ego eller super*.

Kvinnene i teksten har hatt seks månader fødselspermisjon eller kortare, og hatt ei positiv oppleving med det, trass *idealet om å være hjemme et helt år etter fødselen*. Teksten peikar òg på det positive ved at far og barn får meir tid saman, og likestiller far meir med mor som omsorgsgjevar.

Teksten minner òg om at seks månader ikkje er kort permisjon dersom ein ser det i eit historisk og globalt perspektiv. Det ikkje er mange år sidan fødselspermisjonen berre var på fire månader i Noreg, ikkje 12 som i dag blir sett på som det 'normale': "1. juli 1977 vart det innført omfattande endringar i kvinner sine rettar til fødselspermisjon. Frå å ha krav på tre månader ubetalt permisjon fekk ein høve til fire månader betalt permisjon og i tillegg eitt år med ulønna permisjon" (Dahl 2010). Med denne påminninga argumenterar teksten med at lengda på fødselspermisjon bør vere eit individuelt val, og avsluttar med eit sitat frå ein ekspert som har starte ei barselgruppe for næringslivskvinner i fødselspermisjon: *Hvor lang permisjon som er det riktige, er alltid individuelt, men personlig mener jeg at dersom man er bevisst på sin karriere, er det larest å velge kort permisjon*.

5.2 Far på farten

Far på farten står i KK 19/2009. Teksten er merka som ein reportasje om *presset hverdag*, og handlar om Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim og korleis han balanserar jobb og familieliv. Teksten skildrar korleis desse to områda i livet til Solheim stel tid frå kvarandre, men brukar mest spalteplass på dei negative konsekvensane jobben har for familielivet. Teksten skildrar ein dag i Solheim sitt liv frå morgon til kveld. Dagen byrjar og sluttar med barna, og i mellomtida har Solheim møter i Utanriksdepartementet om finanskrisa og klimaendringar, og feirar bursdagen til statsminister Jens Stoltenberg. Teksten vekslar mellom forteljing om livet til Solheim og sitat frå han sjølv. Til teksten høyrer seks bilete som alle viser Solheim med familien: han gjer husarbeid, kyssar kona, les for barna og fylgjer barna til barnehage og skule. Trass fokuset bileta har på familien, viser sjølve teksten at det meste av tida hans likevel går til jobben som ”dobbeltminister”.

Som overskrifta og ingressen uthevar, er Erik Solheim er ein travel mann. Han *leder to departement* og *har hundre reisedøgn i året*, og samstundes skal han *ta hånd om fire barn og en forelskelse*. Teksten skildrar korleis Solheim heile tida veg aktivitetar i samband med jobb opp mot tid med familien: *Stoltenberg skal feires om kvelden, og regjeringen er selvfølgelig invitert. Men Solheim er usikker. Han vil uansett hjem før Aksel skal legge seg*. I *Far på farten* er det familien som vinn kjenslene til Solheim: *Jeg liker kona mi, og vil faktisk heller være sammen med henne enn med Jens*. Tida og tankeverksemda hans får derimot jobben: Han har med seg jobben *24 timer i døgnet*, sukker kona, og det er den *som eier tiden hans og styrer kalenderen*.

5.2.1 Dei store og dei små tinga

Gjennom heile teksten blir arbeidsverksemda samanstilt med aktivitetar med familien. Oppgåvene Solheim har som dobbeltminister blir vist fram som viktige både for andre menneske og for jordkloden. Han held på med lansering av lovar, deltar på møter med kongen og snakkar til pressa om *klima, fattigdom og krise*, og dersom han ikkje hadde hatt tid til alle møta sine, er det

ikkje sikkert at *dét hadde vært så bra for miljøet*. Likevel må miljøet vike for Sofie og Aksel i ny og ne.

Arbeidsoppgåvene blir kort ramsa opp etter kvarandre; mengda av og innhaldet i dei viser kvifor Solheim er travel og viktig: Første møte i UD handler om finanskrisen. På neste møte rekker han å legge ned Norsk senter for demokratistøtte, før han må løpe ut i bilen igjen. Til skilnad blir dei små kvardagshendingane med barna skildra meir detaljert og i eit lågare tempo:

Sofie vil vaske av seg sjokoladepålegget før hun går, men presis ti over åtte er hun og pappa i fint driv oppover den lille bakken til barnehagen. Vel fremme diskuterer ministeren og treåringen litt om den ekstra strømpebuksa skal ligge i sekken eller i hylla, før Sofie hopper inn i armene på en av de ansatte og vinker ha det.

Tempoet i denne skildringa, og den store plassen den får samanlikna med skildringane av dei enkelte arbeidsoppgåvene til Solheim, posisjonerar tid med barna som minst like viktig for Solheim personleg som klimadebatt med Frederic Hauge er viktig for jobben Solheim gjer for Noreg som Miljø- og utviklingsminister.

5.2.2 Maskulin identitet: arbeid og barn

Lønna arbeid er ein sentral del av maskulin identitet, og ”den enkelte manns selvpoppfattelse og identitet knyttes til hvor han befinner seg på rangstigen” (Brandth & Kvande 2003:48). Jobben som dobbeltminister ligg høgt på rangstigen, og teksten fortel at det var noko Solheim *hadde jobbet for hele livet*. Sjølv med to små barn, var det *aldri snakk om at Solheim skulle takke nei ”av hensyn til familien”*. Teksten posisjonerar altså arbeidet hans som eit mål han har jobba mot heile yrkeskarrieren, og dermed som svært viktig for han.

Likevel kjem det klart fram i teksten at Solheim av omsyn til familien har gjort nokre grep på jobben. Teksten kallar dei *regler* som stabane i dei to departementa Solheim er minister for veit gjeld, til dømes at *reiser må ikke gå over en helg, og når det står med store bokstaver i kalenderen at Aksel eller Sofie har bursdag, da må Erik Solheim tidlig hjem*. Sjølv om det går i eitt på jobben, slik eg peika på tidlegare, prøver han å prioritere tid til barna når han kan, viser

Kapittel 5

teksten. Dermed posisjonerar teksten Solheim som ein som prøver å rette seg etter eit moderne farsideal om å vere nær og involvert i omsorg for barna sine og tilby dei ”tid, intimitet, kommunikasjon, deltakelse” (Brandth & Kvande 2003:129).

I dag er nemleg omsorg for barn òg ein viktig del av maskulin identitet. ”Barn har fått verdi fordi de representerer en livslang og stabil sosial relasjon” motsett til til dømes ekteskapet som i dag er ein mindre stabil relasjon enn det var for nokre titals år sidan (Brandth & Kvande 2003:205). Solheim *har jo blitt skilt én gang*, men sjølv om ikkje det fyrste ekteskapet varte, har han eit godt forhold til dottera si frå det ekteskapet; ho hjelper han til og med å *investere tid i ekteskap nummer to*. Altså er både ministerjobben og dei fire barna sentrale delar av Solheim sitt identitetsprosjekt, slik teksten posisjonerar han, men desse delane er vanskeleg å kombinere.

5.2.3 Kvinner som bakkemannskap

Heldigvis er det fleire personar involverte i familielivet til Solheim og som gjer han mogelegheit til å både ha ein tidkrevjande jobb og vere til stades i liva til barna sine, fortel *Far på farten: Uten Mari og mor, og Gry som alltid er der når jeg ikke er det, hadde ikke dette gått, sier dobbeltministeren*. Både den vaksne dottera, kona og mora til Solheim legg til rette for at han skal klare å kombinere jobb og barn. Mora til Solheim vaskar klede for familien, den vaksne dottera passar dei yngre barna og kona til Solheim er alltid *der når jeg ikke er det*, sjølv med ein jobb som *avdelingsdirektør i Kunnskapsdepartementet*, ifølgje teksten.

Kvinnene i *Far på farten* blir med dette posisjonerte som eit slags bakkemannskap for familien slik at Solheim skal få tid med barna og kona. Innsatsen til ei av dei blir framheva i ingressen: *Godt at Erik Solheims mamma leverer alle klær nyvasket og strøkne i en koffert hver uke*, men elles får dei lite plass i sjølve teksten. Det er prosjektet til Solheim med å kombinere barn og jobb som står i sentrum, ikkje arbeidet kvinnene gjer i kulissane, sjølv om prosjektet ikkje hadde vore mogeleg utan dei.

Posisjoneringa av kvinnene som bakkemannskap liknar Ellen Andenæs si skildring av norske mødrer som typiske tilretteleggjarar i familien: ”Moderne norske mødre er opptatt av å legge forholdene til rette for å skape gode relasjoner mellom barnet og andre omsorgsgivere. F. eks. er

det antakelig typisk at mor skifter bleier og vasker tøy, slik at barna skal få *kose seg* med mormor og onkler og barnevakter – ofte også med far” ([Haavind 1987:152] Andenæs 1995:156). Dette forbinder Andenæs med ein posisjon for mor som underordna og som nokon ein ikkje ”behøver å tilpasse seg eller ta hensyn til” (1995:156).

5.2.4 Ein typisk, norsk familie?

Samstundes blir ikkje familien Ulverud/Solheim posisjonert som ein typisk familie. Ved å vise fram svært travle arbeidsdagar som dobbeltminister og arbeidsoppgåver som handlar om *klimaendringar, fattigdom og kriger*, posisjonerer teksten Solheim som ikkje ein kva slags som helst *far på farten*. Ved å vise kor uvanleg viktig jobben hans er for fleire enn han sjølv, unnskyldar teksten til ein viss grad Solheim som ein delvis fråverande pappa, sjølv om det strider mot den rådande diskursen om kva som er ein god far. Dermed treng ikkje kvinnene i familien sine tilpassingar av eigne kvardagar for at Solheim skal få tid med barna og kona vere teikn på underordna posisjonar, i alle fall ikkje i forhold til Solheim.

Teksten viser òg fram organiseringa av familien Ulverud/Solheim som uvanleg. Kvinnene i *Far på farten* bidrar til *driften* av familien, og familien blir skildra som eit *generasjonsprosjekt*. Det liknar ikkje kjernefamilien som i dag blir sett på som den mest vanlege familiemodellen i Noreg. For nokre tiår sidan derimot var det vanlegare både at familiar var nettopp generasjonsprosjekt og at dei i større grad blei ei slags bedrift fordi fleire kvinner hadde familien som heiltidsjobb.

I andre samfunn er større familiar vanlegare òg i dag. Til dømes skriv Gunhild R. Farstad i artikkelen ”’Jeg liker å være hjemme’. Feministiske utfordringer i en flerkulturell kontekst” om innvandrankvinner som saknar storfamiliestrukturen heime i India og Pakistan:

Begge poengterer at med den indiske og pakistanske måten å organisere familien på har man flere rundt seg som kan hjelpe til, og man får mer tid for seg selv. Det er alltid noen hjemme, så man trenger ikke å planlegge og ringe hverandre før man går på besøk. Barnepass er sjelden noe problem, ettersom det er familie eller naboer som kan steppe inn (2004).

Kapittel 5

Måten familien Ulverud/Solheim er organisert på er altså vanleg ifølgje ein storfamiliemodell, men i *Far på farten* blir den tvert imot posisjonert som uvanleg. Likevel er det berre takka vere storfamiliestrukturen at familien går rundt, og det er den som gjer at Solheim kan realisere identitetsprosjekta sine som nærverande far og arbeidstakar med høg rang. Kanskje er denne familiestrukturen noko å vurdere for stressa foreldre i tidsklemma? Dette kjem eg tilbake til i drøftingskapittelet 7.4.

5.3 Kvinnen bak

Kvinnen bak er henta frå KK 20/2009. Den er merka *Reportasje*, og har fått reportasjetittelen *Korpsmødre*. Teksten er bygd opp rundt eit intervju med Siri Larsen – *en ekte korpsmor*. Den fortel om mengda frivillig arbeid korpsforeldre generelt, og Larsen spesielt, gjer for korpsa som borna deira spelar i, kva arbeidet går ut på og kor viktig det er. Den peikar på myter omkring dette arbeidet, og svekkjer dei med forteljinga om Larsen som synst det er *gøy* og *trivelig* å arrangere loppemarknad og selje vaffelkaker.

Teksten er delt i fire delar kor tre av delane er forteljinga om Larsen og ein del presenterar fakta om korps i Noreg, korpsforeldre sitt arbeid og dugnadsarbeid i Skandinavia. Teksten har òg ein faktaboks med stikkordssetningar om korps og dugnad. Faktaboksen informerar nettopp om korps og dugnad. Den peikar på skilnader mellom kjønna når det gjeld dugnadsarbeid, sjølv om den ikkje knyt det opp mot foreldreinnsats. Eg vil i denne analysen konsentrere meg om forteljinga om Larsen.

5.3.1 Engasjement, innsats og arbeid

Kvinnen bak fortel om engasjementet til Larsen i sonen og fritidsaktiviteten hans, innsatsen ho gjer for korpset, og arbeidet ho gjer for at sjølvaste nasjonaldagen kvart år skal bli den same som i fjor. Larsen har valt å engasjere seg i *barnas liv* framføre eigen yrkeskarriere, men *synes for eksempel ikke man skal kreve for mye av prestasjonen til barna*. Ho sørgjer for at korpset tjener pengar på å arrangere loppemarknad, og *har flere ukekvelder bak seg med forberedelser og*

loppeinnhenting. Ho er òg ei som *liker dugnad, ikke kan leve uten denne militærmusikken* og har det *gøy* når ho sel lopper. Slik liknar posisjoneringane av Larsen på dei eg analyserte fram i *Far på farten*, men til skilnad frå kvinnene i *Far på farten*, blir ikkje Larsen berre posisjonert som bakkemannskap. Ho blir òg posisjonert som viktig for nasjonen Noreg, slik dobbeltminister Erik Solheim blir i *Far på farten*.

5.3.2 Kvinna i kulissane

Ingressen til teksten posisjonerar Larsen som *en ekte korpsmor*, og tittelen på teksten plasserar ho *bak* i kulissane. På same måte som kvinnene i *Far på farten*, legg Larsen til rette for barna sine aktivitetar. Ho ordnar med korpsuniforma til sonen og held eit auge med øvinga hans. Teksten fortel òg, som eg allereie har peika på, at ho har prioritert å vere til stades i liva til barna over å bruke mykje tid på jobb. I staden for gjer ho ein stor jobb for korpset til sonen. Ho er *selvfølgelig på plass* når korpset sel lopper, og ho brukar kveldar og ryggmusklar i arrangeringa av loppemarknaden, fortel teksten.

5.3.3 Å glede, eller muligens plage, ein heil nasjon

All denne innsatsen leiar fram mot ei spesiell hending: 17. mai. Då skal barna stå i sentrum for ein heil nasjon med instrument og uniform, men arbeidet Larsen og andre *korpsmødre* har gjort i førekant får ikkje noko merksemd. *Kvinnen bak* derimot løftar fram dette arbeidet, og drar det usynlege bakkemannskapet fram i lyset. Motsett til korleis *Far på farten* fortel om jobben til Solheim som dobbeltminister som sjølv sagt viktig og svært synleg, må *Kvinnen bak* framheve og presisere viktigheita av Larsen sin innsats i korpset. Utan at *det jobbes iherdig i kulissene, ville ikke gatene bli fylt av musikk* på nasjonadagen, og derfor har loppesalet til Larsen indirekte innverknad på *millioner av feirende nordmenn*, fortel teksten. Dermed blir Larsen viktig for nasjonen Noreg, men på ein ganske annan måte enn Erik Solheim.

5.3.4 Ein alternativ veg til sjølvrealisering ... viss du vil

Kvinnen bak fortel at det er ei seigлива myte at foreldre med barn i korps må gjere mykje dugnad, og at det er styra i korpsa som har mest å gjere, medan det for dei andre foreldra *mest trivelig*. For Larsen derimot er det ikkje berre triveleg; det er ein *lidenskap*, ifølgje teksten. Korpsarbeidet blir skildra som *gøy*, og det skapar *jubel og lukke* blant korpsforeldra. Larsen var sjølv med og spelte i korps då ho var barn, men synst *loppemarkedene, seminarene og turene* var kjekkast. Som korpsmor kan ho framleis vere involvert i dette, og teksten framhevar det som ein viktigare grunn til at Larsen legg så mykje arbeid ned i korpset enn engasjementet i sonen sitt liv. Opplysinga om at ho har nedprioritert ein tidkrevjande jobb for barna, kjem heilt til slutt i teksten, og det løna arbeidet hennar blir elles ikkje nemnt med eit ord i teksten.

Som eg kjem til å peike på i 7.4 og 7.5, blir jobb og karriere sett på som den rette veg mot sjølvrealisering i vår kultur. *Kvinnen bak* viser fram ein alternativ veg som går gjennom engasjement i barna, men fyrst og fremst gjennom frivillig organisasjonsarbeid. Det er faktisk mogeleg å bli *lykkelig* av militærmusikk, fortel teksten.

Samstundes viser teksten at det òg er mogeleg å ikkje juble av loppehentekveldar og kaffikoking, og likevel vere korpsforeldre. Larsen er ei ekte (korps)mor og investerar mykje tid i korpset, men det finst òg rom for dei som ikkje likar dugnad. Det er greitt at *korpsentusiastene* legg meir arbeid ned i korpset *så lenge de andre foreldrene setter pris på og forstår det*. Det viktigaste er at folk ikkje *blir så engstelige av det som må gjøres av oss foreldre, at de ikke lar ungene bli med i skolekorps*. Utan dei ville det nemleg vore smått *messinginstrumenter* og glade *musikanter* som har sin tradisjonsrike plass i feiringa av nasjonaldagen til Noreg.

6 Analyse av arbeidstekstar

Her presenterar eg analysane av KK-tekstane om arbeid: *Tid for nye tanker*, *Valgte om igjen* og *Damer i uniform*.

6.1 *Tid for nye tanker*

Tid for nye tanker står i KK 22/2009. Den er merka som reportasje, og tilbyr både refleksjon over temaet og intervju med personar som er knytt til temaet på eitt eller anna vis. Temaet for teksten er *ny jobb*. Den tar utgangspunkt i finanskrisa og endringane den har ført med seg for *oss* arbeidstakarar (meir om kven eg meiner *oss* viser til er under 6.1.7), og fokuserar på mogelegheitene framføre dei negative konsekvensane desse endringane kan ha for lesarane. Teksten viser fram to kvinner som har starta eigen bedrift, og dermed som døme på kvinner som har tenkt nye tankar. Den har òg ei liste med *spørsmålene du må stille deg selv* når det gjeld jobb og karriere i slike finanskrisetider, og forslag til korleis lesaren kan svare på desse spørsmåla. Teksten kjem med mange direktiv og råd til lesaren, både i det eg har kalla hovudteksten, i intervjuet og lista med spørsmål og svar, men er likevel fyrst og fremst ein vegleiande tekst med fokus på hjelp-til-sjølvhjelp.

6.1.1 Overskrift og ingress

Overskrifta på teksten slår fast at det no er tid for nye tankar, og ingressen vender seg direkte til lesaren med spørsmål om ikkje det gjeld for deg òg. Ingressen nemner så to kvinner som har tenkt nytt og satsa på *gründerdrømmen*. Ingressen fungerer dermed som ei innleiing til alle

Kapittel 6

delane av teksten: til 1. hovudteksten (både ingressen og hovudteksten skildrar finanskrisa som eit mogeleg spark bak), 2. intervju med gründerkvinnene (ingressen nemner dei og gründerdraumen) og 3. lista med spørsmål du må stille deg til sist i reportasjen (ei av to setningar i ingressen er forma som spørsmål om *ditt nye liv*).

Ingressen vender seg altså direkte til lesaren med *du* og *ditt*. Den posisjonerar lesaren som nokon som treng eit spark bak, og dermed som nokon som er usikker eller treg når det gjeld å skulle starte eit nytt liv; ein posisjon ho blir tilskriven gjennom heile teksten. Lesaren blir òg posisjonert som nokon som har eit bestemt nytt liv komme i gang med. Dersom ein set *ditt nye liv* i samband med *gründerdrømmen*, altså nytt liv i samband med jobb, peikar ingressen mot at teksten skal handle om det å finne draumejobben og realisere ein sjølv gjennom karriere. Dette stemmer overeins med haldningar mange har til arbeid i dag: ”I dag, hevder enkelte, er arbeid for stadig flere ikke noe man gjør av plikt mellom ni og fire, for så å gå hjem og realisere seg som menneske. Arbeid er snarere noe vi gjør fordi vi ønsker å *realisere oss selv*” (Lorentzen & Mühleisen 2006:177).

6.1.2 Visuell skildring

Tid for nye tanker hevdar at konsekvensane av finanskrisa ikkje treng å vere negative, og fokuserar på dei positive effektane den kan ha. Det visuelle inntrykket av teksten er like positivt. Både fargane og personane på bileta strålar, og får det til å verke fint å vere gründer. Slik kan teksten både med ord, bilete og fargar inspirere til *nye tanker*.

Teksten har òg tre tekstboksar eg ikkje har nemnt så langt i analysen. To av dei er råd frå dei to gründerkvinnene, og den tredje har åtte nettadresser til sider der ein kan få råd og hjelp til blant anna å starte eigen bedrift. Råda i tekstboksane *Trudes råd* og *Ingrids råd* er, som i *Dette er spørsmålene du må stille deg*, retta mot *du* som lesar. *Sjekk kurs og seminarer innen tema du interesserer deg for, og snakk med likesinnede*, rådar Trude. *Du må våge å feile*, seier Ingrid. Boksen med nettadresser viser til sider der lesaren kan få enda meir råd og tips. Det er altså stort fokus på rådgeving gjennom heile teksten.

6.1.3 Hovudteksten

Hovudteksten tek utgangspunkt i finanskrisa og omveltingane i jobbkvardagen den førde med seg for mange. Den fortel om *ubehagelige ord* som brått dukka opp overalt: *nedbemanning*, *kostnadskutt* og *omorganisering*. Problemet teksten tar opp er usikkerheita og endringane som finanskrisa skapte, og den spør: *hva gjør vi?* Skal ein halde fast ved det gamle eller sjå seg om etter noko nytt? Som dei fleste KK-reportasjane drar hovudteksten i *Tid for nye tanker* inn ein ekspert når den presenterer løysinga på problemet. Teksten siterar ein Jon Fredrik Alfsen som er partner i Hartmark Consulting. Ved å nemne arbeidsplassen hans posisjonerar teksten han som ekspert på temaet teksten tar opp, og det gjer sitata frå han tyngde som 'fakta' om verda. Ifølgje han kan finanskrisa *være et spark bak til å forholde seg aktivt til egen situasjon*, og tenkje over dei *store, vanskelige* vala i livet.

6.1.4 Framtiden på hjul

Denne tekstdelen er forma som eit intervju, og fortel om Trude Kolaas som satsa på gründerdraumen og *er sikker på at en trillebag skal gjøre henne rik*. Ho blir skildra som ei studerande åleinemamma som på veg heim frå barnehagen ein dag fekk ein idé til korleis gjere kvardagen lettare for bybuarar med mykje å bere på; nemleg med ein praktisk, miljøvenleg og urban trillebag ein kan leige i store byar. Teksten peikar på både positive og negative sider ved å setje ideen ut i livet. Kolaas har enno ikkje tent pengar på bagen og jobbar all si ledige tid, men har til gjengjeld *møtt stor interesse for bagene og er bombesikker på at trillebagen blir en knallsuksess*.

Teksten posisjonerar Kolaas på to ulike måtar. På ei side blir ho posisjonert som åleinemor med ei dotter i barnehagen som synst det var *tungt å få med seg både barn og en haug med plastposer hjem* før ho fekk trillebagideen og *følte* at livet endra seg. Den teiknar med det eit tradisjonelt bilete av kvinna som mor med ansvar for barn og innkjøp til heimen. Ho blir òg posisjonert som i kontakt med kjenslene sine og oppteken av mjuke verdiar som miljøproblem. På ei anna side posisjonerar teksten henne som ei moderne kvinne med tradisjonelt maskuline trekk. Ho følgde

Kapittel 6

magekjensla, var *aldri i tvil og er bombesikker på knallsuksess*. Ho blir posisjonert som *en klassisk gründer* som ikkje likar rutinejobbar og aldri har hatt et A4-liv: *Jeg må ha frihet og mulighet til kreativt arbeid*, siterar teksten.

Med det blir Kolaas skildra som ei kvinne som kombinerar tradisjonelle kvinne- og mannsposisjonar. Ho er både den med ansvar for barn og heim, og den som jobbar *all min ledige tid*. Ho er sjølvstikker og tar sjansar, og definerar fridom som det å ikkje vere bunde av rutinar (noko ein gjerne blir med småbarn). Berre det å vere ein gründer blir oppfatta som noko menn stort sett er. Kolaas kjem òg med råd til lesaren, men det kjem eg tilbake til under.

6.1.5 Hobby ble jobb

Som *Framtiden på hjul* er *Hobby ble jobb* forma som eit intervju med ei gründerkvinne, nemleg Ingrid Erøy Fagervik. Til skilnad frå skildringa av Kolaas som ei kvinne med ein idé som møtte stor interesse, men som ho ikkje har tent pengar på enno, har Fagervik starta ei bedrift saman med familien og sel produkta sine i 250 butikkar i ti land, fortel teksten. Som med Kolaas, var det å vere mor med barn utgangspunktet for gründerverksemda: *Nora Mathea (4) sov mye, så mor lærte seg å bruke dataprogrammet Illustrator og tegnet skisser* som vart til postkort, matboksar, drikkeflasker og boksar. Teksten framhevar bedrifta som eit familieprosjekt der ho designar og mannen jobbar med sal og logistikk. Negative sider ved prosjektet er at Fagervik må jobbe nokre kveldar og mykje i periodar, men til gjengjeld gler ho seg over å lage eit produkt som mange likar.

Til skilnad frå posisjoneringane av Kolaas, inkluderar mange av posisjoneringane av Fagervik òg mannen hennar. Vi har *litt over gjennomsnittet høy arbeidskapasitet, ekstrem skaperglede og en gründerspirit*. *Dei liker å ta sjansar, bli utfordret og skape nye ting*. Her blir altså ei kvinne og ei mann posisjonerte på same måte, og skilnad mellom kjønna er ikkje i fokus slik det er i både omsorgs- og kjærleikstekstane. Åleine blir Fagervik posisjonert som ei mor som likar fargar og teikning, og som får sitrande kjensler over produkta ho har skapar. Samstundes er ho ei yrkesaktiv kvinne som kombinerar designerjobben med ei stilling som utviklingsredaktør i avisa Vårt Land, og jobbar nokre kveldar og mykje i periodar. Ho blir altså posisjonert tradisjonelt

kvinneleg med svangerskapspermisjon, barn og kjensler, og samstundes blir ho skildra som ei med gründerspirit som likar å ta sjansar og bli utfordra. Ho har ein blomstrande karriere og jobbar mykje, og blir altså posisjonert som ei kvinne med tradisjonelt maskuline preferansar, same som Kolaas.

6.1.6 *Dette er spørsmålene du må stille deg selv*

Som overskrifta på denne delen av teksten lovar, kjem den med spørsmål til lesaren. Den listar opp fem spørsmål og kjem med fyldige svar på dei. *Dette er spørsmålene du bør stille deg* tar som ingressen både opp moglege konsekvensar og moglegheiter som følgje av finanskrisa. Negative konsekvensar kan vere å miste jobben eller få tilbod om sluttpakke, som teksten tar for seg i spørsmål tre og fire. Finanskrisa kan òg få ein til å tenkje over om ein har *havnet på rett hylle* og om det er *på tide å skifte jobb*, og kanskje til og med *starte for meg selv*, noko teksten greiar ut om i spørsmål ein, to og fem.

Både *Framtiden på hjul* og *Hobby ble jobb* er forteljingar om verkelege kvinner forma som intervju. *Dette er spørsmålene du bør stille deg selv* er derimot ei opplisting av spørsmål og svar. Teksten vender seg direkte til lesaren med mange direktiv, til dømes *ta deg god tid til å vurdere alternativene* og *bruk tid til å erkjenne og snakke om følelsene, uten at du graver deg ned*. Kvart av dei fem svara har rundt 10 direktiv kvar, til og med tittelen på denne tekstdelen er eit direktiv, men saman med direktiva står det ofte ord som *kanskje*, *kan* og *viss*, og det gjer dei mindre insisterande. Teksten seier ikkje 'du er sånn, gjer slik', men kjem med fleire underspørsmål som skal hjelpe lesaren til sjølv å komme fram til at 'eg er sånn og bør gjere slik': *Kanskje vurderer du jobbskifte fordi du ikke får brukt dine personlige talenter og sterke sider. Kan du sammen med lederen finne ut om du får brukt disse sidene ved deg selv?* Teksten er altså pedagogisk lagt opp som vegleiar coaching i arbeidet med å svare på dei innleiande fem spørsmåla; som ein slags hjelp-til-sjølvhjelpstekst.

6.1.7 Posisjoneringa i heile teksten

I tillegg til *du*¹⁴, har teksten har eit *vi*. *Vi* er som i hovudteksten ei inkluderande *vi* som består av kvinnene i KK-redaksjonen og dei kvinnelege lesarane: *Flere kvinner vil starte for seg selv etter finanskrisen, i følge Innovasjon Norge. Går du med en gründer i magen?* Her koplær teksten *du* til *kvinner*, og posisjonerar dermed lesaren som kvinne.

Nokre stader i teksten inkluderar vi òg fleire enn desse kvinnene: Flere av **oss** sliter med en følelse av at **vi** har ubrukte talenter som kunne blomstret hvis **vi** bare hadde vært et helt annet sted. I tillegg nemner teksten noen, andre, man og de fleste som òg inkluderar fleire enn vi kvinner: For **noen** kan den indre motivasjonen være å se resultater, for **andre** kan det være at du får anerkjennelse eller gjør noe samfunnsnyttig. Sjølv om fleirtalspronomena her ser ut til å inkludere fleire enn eitt kjønn, vil det ikkje seie at dei refererar til alle nordmenn. Teksten tar nemleg berre utgangspunkt i dei som har utdanning og er i jobb: *Mange opplever at jobben forandres [...] Mange har ikke valgt bevisst, de har bare flytt inn i en utdanning og jobb.* Her er det tydeleg at teksten òg plasserar dei den talar om innanfor klassekategoriar, ikkje berre kjønnskategoriar. Det stemmer overeins med skildringa av målgruppelesaren til KK som tydeleg blir plassert i ein kjønnskategori (kvinne) og klassekategori (middelklasse): "Hun er yrkesaktiv, og har utdanning og inntekt over gjennomsnittet blant kvinner" (Aller u.d.). Dette kjem eg tilbake til i drøftingskapittelet 7.2.1.

Teksten omtalar altså utdanna middelklassenordmenn i jobb, men vender seg spesielt til kvinnene i denne gruppa, og den posisjonerar lesaren som ei som ynskjer og har bruk for vegleiinga teksten tilbyr. Det vegleiande aspektet ved KK-tekstane eg analyserar, kjem eg tilbake til i drøftingskapittelet 7.2.2.

6.1.8 Kvinnelege gründerar

Tid for nye tanker byrjar med å stille spørsmål på vegne av norske arbeidstakarar frå middelklassen kva ein bør gjere når arbeidsmarknad og eigen arbeidssituasjon endrar seg, og får svar frå ein ekspert på området: ein må *forholde seg aktivt til egen situasjon*. Teksten viser så

¹⁴ Sjø 6.1.1 for korleis *du* blir posisjonert

fram to middelklassekvinner i KK sin målgruppealder som har tenkt *gjennom noen store, vanskelige spørsmål* og sjølv endra arbeidssituasjonane sine. Med fråsegner frå ein truverdig ekspert om finanskrisa som eit mogeleg spark bak og dei to kvinnene som inspirasjon og døme på suksessfylte bakspark, kjem teksten med råd og vink til kva lesarane bør tenkje gjennom for sjølve å kunne gjere endringar i jobb og karriere.

Alt er likevel ikkje opp til lesaren, noko tar teksten òg for gitt. Til dømes verkar det på teksten som om endring er det beste for dei fleste, og at få er der dei vil vere i livet. Den fortel om Trude og Ingrid som *satser på gründerdrømmen*, men ikkje om det er draumen deira eller ein kollektiv draum den tar for gitt at alle *vi* i teksten har. Burde me alle stunde etter noko nytt; aller helst etter eige føretak som tar mykje tid og pengar? Teksten tar det òg for gitt at lesaren er ei kvinne som er oppteken av karrieren sin og ynskjer å realisere sine draumar gjennom jobben.

Å kunne starte eigen bedrift har ifølgje teksten noko med personlege eigenskapar å gjere. Den siterar Kolaas og Fagervik slik: - *Magefølelsen sa at dette var riktig og viktig. Jeg er nok en klassisk gründer, alltid optimistisk (...)* Både mannen min og jeg liker å ta sjanser, bli utfordret og skape nye ting, så vi har nok en gründerspirit. Skal ein tru desse sitata spelar ikkje kjønn noko rolle i gründerbransjen, men likevel legg *Framtiden på hjul* og *Hobby ble jobb* vekt på noko ved dei to som blir sett på som svært kvinneleg, nemleg at dei er mødre. Beggje kvinnene fekk ideen til produkta dei sel i samband med omsorg for barna sine: for Fagervik då ho hadde svangerskapspermisjon og for Kolaas då ho var på veg heim frå barnehagen med dottera. I intervjuet med Fagervik blir dottera hennar nemnt fleire gonger, og ho er òg med på bilete saman med Fagervik og mannen. I intervjuet med Kolaas blir ho ikkje berre posisjonert som mor, men som *alenemamma*. Det er som om teksten må understreke det kvinnelege ved dei for å gjere dei truverdige som gründerar; eit yrke som krev eigenskapar som gjerne får maskuline konnotasjonar. Svangerskapspermisjonen og barnehagehentinga veg opp for dei maskuline konnotasjonane ved gründerverksemda, og gjer Kolaas og Fagervik meir gjenkjennelege som vanlege kvinner som ikkje er *for* "over gjennomsnittet" interessert i karriere, og som fleire KK-

lesarar dermed kan relatere seg til (Aller u.d.). Eg går nærare inn på kvinner og gründerverksemnd i drøftingskapittelet (7.5.1).

6.2 Valgte om igjen

Valgte om igjen står i KK 34/2009. Den er merka som reportasje, men er samansett av tre intervju med tre kvinner som ikkje er knytt saman anna enn i tittel og ingress. Teksten skildrar kvinnene sin arbeidssituasjon etter at dei la ut på nye yrkesvegar, og grunnane til at dei skifta beite.

Ut ifrå overskrift og ingress på teksten (som ein kan sjå på som bladet si posisjonering av teksten), er det klart kva den skal handle om: *Møt tre kvinner som torde å si opp jobben og kaste seg ut i noe helt nytt*. Ingressen har eit inkluderande *oss* som inkluderar både KK-redaksjonen og lesarane, og posisjonerer dei som nokre som vel å ikkje byte jobb sjølv om dei kanskje vil: *Mange av oss tenker det. Få gjør det*. Ingressen posisjonerer òg dei tre kvinnene som blir intervjuet i teksten. Dei blir posisjonerte som modige som *torde* å sei opp jobben og *kaste seg ut i* ein ny; altså som kvinner som gjer noko utanom det vanlege.

På bileta står dei tre kvinnene oppstilte mot bakgrunnar som representerar draumane deira og smiler: Wear står oppstilt utanfor heimen sin (*Tina byr på blåbærsaft og vannmelon i en rolig bakgård på Grünerløkka i Oslo* fortel teksten til bilete), Mathisen i galleriet, og bilete av Næss er tatt *under montering av et av (kunst)verkene* (min parentes). Dei verkar glade og nøgde etter å ha valt å følgje draumane sine på jobbfronten.

6.2.1 Fra reklame til jordmor – Nå vil jeg være mer tilstede!

Fyrst ut er intervjuet med Tina Wear. Ho har gått frå reklamebransjen til jordmorutdanning, fortel teksten, og oppgjer det å få barn som grunnen til omvalet av karriereveg. Å få barn hadde praktiske konsekvensar som var vanskelege å kombinere med ein jobb som hadde *kjempehøyt tempo med deadlines hele tiden*. Å få barn gjorde òg at ho *fikk tid til å tenke* og kom fram til at ho *vil gjøre en samfunnsinnsats*, og det er denne grunnen til karrierebyttet teksten framhevar med det

utheva sitatet frå intervjuet: *Jeg vil gjøre noe som føles meningsfylt. Wear vil vere mer til stede for barna, og det lar strukturerte rammer i sjukepleiar- og jordmoryrka henne vere. Ho går ned i løn ved å skifte yrke, men får ein meir stabil økonomi: Finanskrisen eller ei, så skal jo ungene ut!*

Teksten fortel altså om Wear at ho bytta ut reklamearbeid som ein kan forstå som ”en diskursiv praksis med maskulint fortegn”, altså eit arbeidsliv som moderne karrierекvinne, til føremonn for sjukepleiaryrket som er ”historisk og kulturelt formet etter et selvpoppofrende kvinneideal” (Lorentzen & Mühleisen 2006:183). Ho valde eit typisk kvinneyrke som gjer ho ein meir stabil økonomi og ein mindre hektisk livsstil enn reklamejobben. Ho ville jobbe med noko som *føles viktigere og riktigere*, og ho ynskte å prioriterar barn og familie og *putte verdi inn i familien på andre måter* enn pengeverdi gjennom arbeid, fortel teksten.

6.2.2 Fra sykepleier til gallerist – *Jeg synes det er viktig at man liker hverdagen sin*

Til skilnad frå Wear har Jorunn Mathisen gått frå sjukepleiaryrket til gallerist. Det kjem ikkje klart fram i intervjuet med ho kvifor ho skifta jobb anna enn at å vere gallerist har vore ein draum og at ho *har det sånn at jeg ikke helt vet hva jeg driver med om ti år. Den reisen og lysten på utfordringer slutter aldri*. Om det å vere sjukepleiar fortel ho ikkje anna enn at det var eit fantastisk yrke kor ein *forholder seg til mennesker hele tiden*, noko som er ei nyttig erfaring å ta med seg inn i jobben som gallerist. Både intervjuet og det utheva sitatet frå intervjuet legg vekt på korleis jobben er ein del av sjølvutviklinga og -realiseringa til Mathisen: *Jeg opplever noe nytt hele tiden, og lærer noe hver dag*, står det i det utheva sitatet, og i intervjuet understrekar Mathisen at det er *viktig at man liker hverdagen sin*. Som den einaste av dei tre kvinnene som blir intervjua, kjem ho òg med råd til lesaren: *Det er viktig at man tør satse på drømmen sin. Vi har et eget ansvar for oss selv. Er du i noe du ikke trives i, må du selv gjøre noe med det, sier hun*.

Valet Mathisen har gjort heng ikkje saman med tid til familien slik det gjorde for Wear, skal ein tru teksten; det var å kunne følgje ein draum som var motivasjonen for omvalet. Derimot handlar

Kapittel 6

begge kvinnene sine nye jobbar om tidsbruk, men der Wear har fått meir tid innanfor *strukturerte rammer*, jobbar Mathisen *mange helger gjennom – og hele sommeren*. Wear skil mellom ein hektisk livsstil som før passa ho fint, men som ho som mor vil vekk frå, og eit liv med meir tid til familien og fokus på andre verdiar enn pengar. Mathisen har valt den hektiske livsstilen som Wear ville vekk frå, og understrekar både i byrjinga og slutten av intervjuet at det er viktig å vere klar over kva det går ut på før ein kaster seg ut i det (jamfør lista med spørsmål i 6.1 *Tid for nye tanker*); *ellers blir man lett smågal*. Å følgje draumen og realisere seg sjølv tar altså så mykje tid og krefter at det blir ein livsstil; altså må resten av livet tilpasse seg jobben, og det gjer det vanskeleg å kombinere karriere og barn.

6.2.3 Fra designer til kunstner – *Kunstbransjen er ikke noen kosebransje*

Som Mathisen, oppgjer Mona Næss det å følgje ein draum som hovudgrunnen til at ho skifta jobb. Den tidlegare jobben hennar i reklamebransjen som grafisk designar med eige designstudio blir skildra som ein karusell med stress døgnet rundt som krev at ein alltid skal vere *opplagt og klar for nye oppdrag*. I den nye jobben sin som kunstnar (som ho tok fem år med utdanning for å bli) har ho fridom til å velje *hvor og når jeg jobber*. Ho innrømmer at ho av og til saknar *det gamle miljøet, tempoet, de korte tidsfristene, pengene, festene og menneskene*, at ho var dyktig i jobben (*vant designpriser*) og *hadde det superbra*, men at det passa alderen hennar på den tida. No derimot passa tilværet som kunstnar betre, sjølv om det òg har store utfordringar: einsemde, økonomisk frustrasjon, psykisk ubehag, at ein må vere uthaldande, strukturert og *fri i hodet* på ein gong. *Kunstbransjen er ingen kosebransje*, i alle fall ikkje for Næss: *når man har utstilling, blottlegger man seg selv og stiller seg åpen for hogg, og få trodde hun kom til å stå løpet helt ut – med nytt miljø og nye rammer*.

Som Wear har Næss lagt ein hektisk livsstil i reklamebransjen bak seg for å ta fem år med utdanning mot ein jobb der tempoet ikkje er like høgt, men som Mathisen oppgjer ikkje Næss meir tid til familien som ein av grunnane til at ho skifta karriere. For Mathisen og Næss handlar draumejobben om spenning, utfordringar og fridom, fortel teksten, og den skildrar dei nye jobbane deira som *livsstilar* som går utover vanleg arbeidstid- og mengde. Wear sin draumejobb

handlar meir om ho i relasjon til *andre* – om barna hennar, og om å *gjøre en samfunnsinnsats og få ta del i andres kanskje viktigste dag, gang etter gang.*

6.2.4 Posisjoneringsanalyse

Eg vil heller spisse spørsmålet i deloverskrifta: Korleis posisjonerar teksten kvinnene i samband med dei gamle og dei nye jobbane deira? Kva er det ved dei gamle og nye jobbane som kvinnene blir fråstøtte og tiltrekte av ifølgje teksten? Dette er interessant fordi det seier noko om kva teksten peikar på som er viktig ved lønsarbeidet til kvinnene

Fyrst til kva teksten fortel at kvinnene i intervjuet har erfart som **negativt** i samband med yrkeskarrierane sine. I reklamebransjen er det høgt tempo, korte fristar og *stress døgnet rundt*. Det krev at ein alltid er *opplagt og klar for nye oppdrag*. Det passa for Wear og Næss ei tid, men ikkje etter at Wear fekk barn og Næss vart eldre (sjølv om Næss av og til saknar visse delar av det). Intervjuet med Mathisen fortel ikkje noko negativt om sjukepleiaryrket som ho hadde før. Wear derimot trekk fram den lav løna som eit minus med sjukepleiaryrket ho no skal inn i. Mathisen er ikkje direkte negativ i intervjuet til sin nye jobb som gallerist, men understrekar at den byr på ein del utfordringar og krev at ein er *litt realistisk*. Jobben tar rett nok mykje av fritida, men *det blir en livsstil, og det gjør det jo lettere å leve med*. Utfordringane elles er å følgje med i kunstbildet, strukturere kvardagen, tene pengar på kultur og å kunne leggje jobben frå seg så ein ikkje blir *smågal*.

Næss er den som har minst like mykje negativt å seie om den nye jobben sin som om den gamle, men kallar som Mathisen dei negative sidene for *utfordringer*: - *Selv om reklamebransjen er tøff, har kunstnerlivet en rekke andre store og skremmende utfordringer*. Jobben, eller tilværet, som kunstnar *har store og skremmende utfordringer*, og den krev at ho både er *fri i hodet og veldig strukturert*. Til og med å bruke tittelen kunstnar er vanskeleg!

Kva er så **positivt** med dei gamle og dei nye jobbane til kvinnene? For Næss var det eit mangeårig ynskje å kunne satse på kunst, og i tillegg gjer jobben ho fridom til å velje kor og når

Kapittel 6

ho vil jobbe, og moglegheit for å bli god i jobben. For Mathisen var den nye jobben som gallerist òg ein draum som blei til verkelegheit for ho, og å følgje draumar og gjere noko ein likar er viktig meiner ho i intervjuet. Jobben som gallerist blir skildra som variert, lærerik og spanande. Wear vil med jobben som sjukepleiar gjere *noe som føles viktigere og riktigere, men som samtidig er innenfor strukturerte rammer*. Å vere sjukepleiar og jordmor blir skildra som meningsfylt, som å gjere ein samfunnsinsats og som *noe av det fineste man kan være*. Teksten fortel at Wear vil gje råd om og ta del i viktige hendingar i andre sine liv; *det må jo være et vannvittig kick, smiler hun*. Det einaste positive som blir nemnt om hennar gamle jobb i reklamebransjen er løna.

Mathisen har derimot mykje positivt å seie om sin gamle jobb: *Det å jobbe som sykepleier er et fantastisk yrke*. Ho peikar på positive likskapar mellom dei to yrka (*en variert hverdag*), og trekk fram erfaringar frå den gamle jobben som ho får bruk for som gallerist (å forholde seg til og *tørre å snakke med mennesker*). I intervjuet med Næss står det òg positive ting om den gamle jobben hennar: ho var aktiv i miljøet, vant prisar og *hadde det superbra*. Alle tre nemner struktur: Wear ynskjer strukturerte rammer, Mathisen ser på det som ei utfordring å strukturere kvardagen og Næss må som kunstnar vere veldig strukturert.

I *Valgte om igjen* handlar val av jobb og karriere, og viser fram motivasjonen til kvinnene for vala deira og kva ved yrka som er viktig for dei. Vala heng saman med lyst og trivsel, med kva dei drøymmer om og korleis dei vil disponere tida si, kven dei vil vere saman med og kva slags menneske dei vil vere. Yrkeslivet er ein del av identiteten deira, og ein livsstil. Arbeidet er eit mål i seg sjølv, ikkje berre eit middel for til dømes å tene pengar til andre aktivitetar utanfor arbeidet. Sidan arbeidet spelar ein så stor rolle i identitetsskapinga til kvinnene, er det viktig at tenkjer seg godt om og gjer *grundig research* når ein legg ut på nye yrkesvegar: *man må jo også være litt realistisk*.

6.3 *Damer i uniform*

Damer i uniform er henta frå KK 16/2009. Den er merka som reportasje og består av intervju med fem kvinner som alle har jobbar som krev uniform av eit eller anna slag: ein politifyrstebetjent, ein kapellan, ein brannkonstabel, eit cabincrewmedlem og ein politiadvokat. Alle dei fem kvinnene ber dagleg arbeidsklede som opphavleg vart utforma med tanke på den kroppstypen som dominerar den enkelte yrkesgruppa, og som dei ubestemte artiklane til yrkestitlane peikar på, har fire av desse opphavleg vore knytt til menn. Teksten fortel korleis kvinnene kjenner desse kjønnsbestemte uniformene på kroppen. Den fokuserar fyrst og fremst på utforminga av uniformene og korleis dei fysisk passar eller ikkje passar kroppane til kvinnene som ber dei, men i to av intervju blir det òg snakka om korleis uniformene stemmer overeins med intervjuobjekta sin subjektiv og sosial identitet som kvinne og framføringa av den. Eg vil derfor berre konsentrere meg om desse to i analysen: intervju av politifyrstebetjenta og av cabincrewmedlemmet.

Overskrifta *Damer i uniform* spelar på uttrykket 'menn i uniform'. Uttrykket finst i både norsk og amerikansk populærkultur, og ber ofte med seg ei forståing av menn kledde i uniform er attråverdige¹⁵. Den stereotype uniforma har velkjende, utbreidde maskuline konnotasjonar knytt til seg, og blir gjerne sett i samband med militære uniformer (og ikkje sjukepleiar- eller skuleuniformer). Den vitnar om strengt kontrollert profesjonalitet og autoritet, og yrka til uniformberarane handlar ofte om liv og død: om å redde liv og tildele straff. Uniforma gjer menn ekstra positiv maskulinitet, og gjer at dei nesten automatisk blir sett på som attråverdige for kvinner (Søndergaard 1996:147). Dette gjeld uniformene til dei fire yrka i teksten som tradisjonelt har vore mannsdominerte yrker. Assosiasjonane til uniforma til cabincrewmedlemmet har òg særskilte assosiasjonar knytt til seg, men dei er heilt annleis. Den kvinnelege cabincrewuniforma har velkjende, utbreidde feminine konnotasjonar knytt til seg, som til dømes

¹⁵ Jamfør karakteren Richard Gere spelar i filmklassikaren *An Officer and a Gentleman*.

Kapittel 6

å vere pen i tøyet, velsminka, venleg og vakker. I populærkulturelle uttrykk som reklame og filmar blir cabincrewmedlemmar portretterte av vakre kvinner som yter sørvis til flypassasjerane; det handlar ikkje om å ha kontroll over liv og død slik det blir framstilt at flykapteinen har. Uniforma gjer kvinner positiv femininitet, og dei kvinnelege berarane av den blir nesten automatisk sett på som attråverdige for menn. Uniformene tilskriv altså berarane bestemte eigenskapar som gjer dei høg status i ”den konventionelle iscenesettelse af heteroseksuell lidenskab” så fram dei har det rette biologiske kjønnet som uniformene er laga for (Søndergaard 1996:147).

6.3.1 Politifyrstebetjent Monsen

Den fyrste kvinna i uniform teksten presenterar er politifyrstebetjent Kari Monsen. Ho må bere politiuniform på jobb, og er oppteken av korleis den ser ut, fortel teksten, av korleis den passar, av snittet og av kva den uttrykkjer. Sjølv med uniform i damestorleik, gjer ho fleire *grep for å myke opp det maskuline inntrykket* uniforma uansett gjer ved å vere ei politiuniform. Ho sminkar seg og har på øyredobbar, og ved spesielle høve har ho på politiskjørt.

Då politifyrstebetjenta var gravid og det derfor viste ekstra godt på kroppen hennar at ho var kvinne, fekk ho tilbod om å bruke eit plagg som skulle gje plass til magen. Det ville ho derimot ikkje bruke fordi det ga ho sterke assosiasjonar til *et kantineforkle frå 60-tallet*. Forklede minna ho altså om eit arbeid som tradisjonelt har vore dominert av kvinner, og som er umoderne og har låg status sett i samband med kvinneideal i dag. *Det var så forferdelig at jeg takket nei*, fortel teksten. Monsen ynskjer altså, ifølgje teksten, å understreke femininiteten sin i kvardagen, men det skal vere ein bestemt type femininitet. Politikjortelen gav ikkje dei rette feminine konnotasjonane; kanskje minna den ho om ei heilt anna tid då kvinner sin plass var mindre og status lågare i arbeidslivet. Dermed vil ikkje kjortelen kunne gje noko form for autoritet; tvert i mot vil ein kantineforkleliknande kjortel kunne jobbe mot autoriteten hennar som politifyrstebetjent. Politiskjørtet derimot, som òg er eit utprega feminint plagg, brukar ho gjerne når ho ynskjer *å være mer kvinnelig enn jeg er i den maskuline hverdagen*, og det har ho fått positive tilbakemeldingar på frå kollegaer av begge kjønn, fortel teksten. Skjørtet kan til dømes

fungere som ein kvinneleg versjon av den mannlege dressbuksa, og slik ha eit profesjonelt preg over seg som det kjortelliknande forklede sjeldan har utanfor kjøken- og kantineverksemd.

Å understreke femininiteten er altså noko kvinna sjølv ynskjer, ifølgje teksten. Det er ikkje noko ho må, slik som cabincrewmedlemmet Todros, men det blir lagt merke til og satt pris på av omverda. Korleis Monsen viser seg fram som kvinne, må vere i tråd med eit moderne femininitetsideal. Ho må gjere kvinne på ein passende måte som realiserar ho som moderne, aktiv, sjølvstendig og i kontroll over sitt eige liv og sin karriere. Ho kan vere mamma og politifyrstebetjent på ein gong, og ho kan balansere den mannsdominerte yrkesvegen med feminine uttrykk som øyredobbar og gravidmage, men passar på at det ikkje blir tradisjonelt kvinneleg fordi det assosierar ho med noko *forferdelig* og ikkje passende for ei yrkesaktiv kvinne av den moderne typen.

Korleis posisjonerar teksten Monsen? Ifølgje teksten er Monsen oppteken av korleis ho kan *være mer kvinnelig og myke opp det maskuline inntrykket* i ein jobb innanfor eit mannsdominert yrke som krev uniform tilpassa mannlege kroppar. Det maskuline ved uniforma kjem klart fram på bilete som høyrer til tekstdelen om Monsen. Det viser ei kvinne i politiuniform som består av skyggehue, slips, skjorte, vide bukser og grove sko; alle desse plagga meir maskulint enn feminint konnoterte: *Når jeg spenner på meg skuddsikker vest og belte med pepperspray, håndjern og batong, lyser det ikkje akkurat femininitet av meg.* Uniforma er fyrst og fremst praktisk, men i tillegg har den eit slips som er ein kjønnsbestemt detalj utan praktisk funksjon som knyt uniforma til mannskroppen. Monsen ynskjer at uniforma hadde eit meir *individuell tilpasset snitt*, fortel teksten, og set ynskje i samband med politiskjørtet og -kjortelen. Snittet burde vore meir tilpassa kvinnekroppen, men ikkje på kva måte som helst, som eg før har peika på.

6.3.2 Cabincrew Todros

Cabincrew har, til skilnad frå poilitfyrstebetjentar, tradisjonelt vore kvinner. Denne yrkesgruppa vart før kalla flyvertinner, men etter kvart har òg menn søkt seg til denne yrkesgruppa, og det har

Kapittel 6

skifta namn til cabincrew som kan inkludere begge kjønn. Likevel blir kvinnelege medlemmar av cabincrew ofte kalla flyvertinner, og teksten brukar begge namna om kvarandre.

Tekstdelen om cabincrew Todros snakkar ikkje om uniforma som høyrer til jobben som meir eller mindre feminin, men i kva grad uniforma hindrar beraren i å oppnå tillit og respekt for jobben ho gjer; altså motsett til korleis tekstdelen om Monsen snakkar om hennar politiuniform. Uniforma både skal leve opp til glamorøse førestillingar og ha praktiske funksjonar. Den skal gje berarane ein viss utsjånad: *støvelettar kan ikkje ha høge helar og alle flyvertinner må sminke seg på jobb*. Den gjer òg berarane utstyrt til å handtere jobben, til dømes *klokke med sekundviser i tilfelle en nødssituasjon skulle oppstå*. Todros kjenner at uniforma gjer ho tillit og autoritet, fortel teksten, og understrekar at *jobben går ikke ut på å være glamorøs*. Teksten presupponerar altså at lesaren ikkje tar arbeidsoppgåvene til cabincrew på alvor, og gjer eit arbeid for å vise kvifor yrket er viktig. Den peikar på kva som er førestillingar om yrket (berre servere juice og trippe etter den kjekke kapteinen), og kva jobben faktisk handlar om (vere førebudd på nødssituasjonar og ivareta sikkerheita til folk om bord).

Til skilnad frå tekstdelen om politifyrstebetjenten, er ikkje fokuset i tekstdelen om cabincrewmedlemmet på korleis uniforma *ikkje* passar. Tekstdelen opnar med ei positiv skildring av uniforma: *Jeg liker uniformen min. Fargen er flott, og snittet passer kroppen min. Uniformen finnes i et uttall kombinasjoner, inkludert både bukse, skjørt og forklede*. Det er med på å understreke både at uniforma er laga for å passe kroppen som ber den uansett smak og fasong, og at utsjånaden til uniforma er viktig, til skilnad frå uniforma til politifyrstebetjenten. Dei mange kombinasjonane gjer rom for individuelle tilpassingar, noko politifyrstebetjenten sakna ved si uniform.

Teksten posisjonerar Todros som eit cabincrewmedlem som er oppteken av å vise fram den profesjonelle sida av yrket, og slå hol på mytane om det. Ho likar og er stolt over uniforma, fortel teksten, og presiserar at det er reglar for korleis uniforma skal vere blant anna av omsyn til sikkerheit. Teksten kjem med konkrete døme på korleis ho blir oppfatta som profesjonell i uniforma: den gjer ho tillit og autoritet, og *folk tror jeg kan alt bare fordi jeg har på meg uniform*. Døma på at ho ikkje blir oppfatta som profesjonell yrkesutøvar, kjem teksten berre med vage hint om: den understrekar at ho gjer meir enn å servere juice og trippe etter den kjekke kapteinen, og

fortel at førestillingar om yrket får folk til å reagere med "Å, ja!!!" når ho fortel kva ho jobbar som.

Teksten skriv om Todros både som cabincrew og flyvertinne som sagt, og bruken av cabincrew er med på å løfte yrket ut av flyvertinneposisjonen med sine fastlåste, feminine konnotasjonar over i ei meir kjønnsnøytral gruppe av cabincrewmedlemmar kor rammene for kva ein kan vere og gjere ikkje er like trange.

6.3.3 Femininitet og profesjonalitet

Tekstdelen om politifyrstebetjent Monsen fokuserar på korleis ho får gjort kvinne når ho er kledd i ein uniform som er laga for mannekroppar i både passform og pyntedetaljar, og som har svært maskuline konnotasjonar knytt til seg. Dei maskuline konnotasjonane som politiuniforma har kan ho nemleg ikkje gjere noko med: "Kønskonnotationen i et virksomhedsfelt og et givet færdighedsrepertoire ligger som noget relativt stabilt over tid. Konnotationen er på kort sigt uafhængig af, hvem der befolker feltet eller bærer ferdighederne" (Søndergaard 1996:193). I staden for må ho framvise nok positiv femininitet til å balansere det maskuline uttrykket. Ved hjelp av sminke, øyredobbar og skjørt understrekar Monsen sin femininitet på trass av uniforma, fortel teksten. Det er ingen samanheng mellom politiuniform og femininitet, men Monsen må vise at det *kan* vere ein samanheng der for å bli gjenkjent og akseptert som kvinne på ein måte som passar seg i kulturen ho lev i.

Tekstdelen om cabincrew Todros fokuserar på at ho trass yrke og uniform med utprega feminine konnotasjonar er ein profesjonell yrkesutøvar som gjer ein viktig jobb og som blir tatt på alvor. Den peikar på førestillingar folk flest har om jobben som usanne eller utilstrekkelege. Teksten seier ikkje noko om at Todros må gjere noko ekstra for å understreke femininiteten sin når ho er i uniform på jobb slik Monsen må, og den seier ikkje noko om at Monsen må gjere noko ekstra for å bli tatt på alvor i uniforma slik Todros gjer.

Kapittel 6

Dei to kvinnene i tekstdelane eg har tatt for meg i *Damer i uniform*, har jobbar der *enten* femininitet *eller* profesjonalitet er ein sjølvsgd del av både uniforma og yrket, og teksten viser korleis dei prøver å balansere det eine med det andre. Det kjem nemleg klart fram i teksten at det *må* vere ein balanse mellom desse to: flyvertinna kan ikkje berre trippe etter den kjekke kapteinen og politifyrstebetjenten kan ikkje gå utan øyredobbar. Då vil dei framvise enten for mykje eller for lite femininitet i forhold til kva som er passande.

7 Drøfting

Eg vil fyrst minne om problemstilling og analysefokus, før eg gjer greie for ei heilskapleg posisjonering av KK-lesaren, og skildrar forholdet mellom tekstane og lesaren. Deretter vil eg trekke fram forståingar av kjønn, kvinner og kvinneliv som eg fann i dei tre analysekapitla, og samanlikne kvinneliva slik eg har analysert dei fram med kulturelle trekk i det norske samfunnet i dag. Deretter seg eg på det overordna handlingsrommet KK-tekstane gjer lesaren før eg oppsummerar og avsluttar.

7.1 Påminning om analysefokus og problemstilling

Eg har i denne studien tatt for meg reportasjar i damebladet KK som handlar om arbeid, omsorg eller kjærleik. Eg undersøkt kva tekstane fortel om kvinner og korleis dei er og gjer i forhold til desse tre områda. Til det har eg brukt diskursanalyse med element frå posisjoneringsanalyse og tekstlingvistiske metodar.

Problemstillingane mine er følgjande:

- ❖ Korleis blir den diskursive kategorien 'kvinne' skrive fram i KK?
 - Korleis blir kvinner skildra, og kva består kvinneliv av?
- ❖ Kva handlingsrom gjer tekstane til lesaren?
 - Kva er passende for norske kvinner å vere og gjere i dag?

Desse spørsmåla ligg til grunn for analysane mine og drøftinga. Analysane er mest konsentrert rundt den fyrste problemstillinga. I drøftinga oppsummerar eg funna mine frå kvar av dei tre

analysekapitla, og avsluttar kvar drøftingsdel med å svare på den andre problemstillingen. Til slutt i drøftinga vil eg gje eit heilskapleg bilete av handlingsrommet KK-tekstane gjer lesaren.

7.2 KK og den kvinnelege lesaren

7.2.1 Klasse, etnisitet og seksualitet i KK-tekstane

I ein kronikk i VG frå april i år skriv noverande KK-redaktør Gjyri Helen Werp om dameblada si rolle og funksjon, som svar på kritikken av dameblad som Agnes Ravatn kom med i boka *Folkelesnad* (sjå 1.). I kronikken står det blant anna at dameblada heiar på ”ALLE damer – ikke bare de som har høyest stemme og flottest karriere” (Werp 2011). Dette stemmer ikkje heilt overeins med skildringa av målgruppelesaren til KK og mine analysar av KK-tekstar (sjå 3.1.4). ”Damer” er dei veldefinert gruppe i KK-tekstane, og den inkluderar ikkje ”ALLE”.

KK-kvinna (og lesaren) er heterofil, kvit i huda og tilhøyrer middeklassen. Ho er òg etnisk norsk. Det vil eg hevde på bakgrunn av informasjonen som blir tatt for gitt i KK, som til dømes at kvinna har kjennskap til Lars Monsen og Berlinerpoplene, og det som blir posisjonert som typiske kvinnelege interesser, til dømes *tur i skogen* (sjå 4.1 og 4.2). Denne posisjoneringa av KK-kvinna liknar lesaren av britiske dameblad for 20 år sidan slik Ballaster skildra ho: ”The ‘ideal’ or ‘implied’ reader of most women’s magazines is selv-evidently middle-class, white, and heterosexual. This inclusivity of address effectively marginalises or makes deviant black, working-class or lesbian women” (Ballaster mfl. 1991:9). Dersom KK viser fram til dømes einslege eller lesbiske kvinner, er denne ’unormalheten’ nettopp temaet i teksten (til dømes er den pakistanske bakgrunnen til Iram Haq temaet for portrettintervjuet med ho i KK 21/2009).

KK-tekstane eg har analysert viser fram utelukkande kvite kvinner, og dei er alle i eit heterofilt parforhold som ofte inkluderar barn. Dei er middelklassekvinner, og dei og mannen dei er i forhold med så likestilte at tekstane kan spøke om likestilling. Det er legitimt at far synst det er fint å ta delar av fødselspermisjonen og at mor vil tilbake i jobb etter seks månader. Det heng saman med framvisinga av det løna arbeidet som svært viktig for middelklassekvinna sidan det er

eit middel for sjølvrealisering og dermed lukke i livet. Saman med likestillinga i parforholdet, gjer utdanninga og dermed inntektene kvinnene har at dei kan ha ein meir fleksibel kvardag når det gjeld omsorg for barn, men òg når det gjeld val av arbeid. Den høge utdanninga gjer at dei uansett arbeid vil tene greitt med pengar, og sidan dei er i eit parforhold som gjer ei inntekt til, kan dei tillate seg å velje jobb etter ynskje, skifte jobb sjølv om dei går ned i løn, og til og med ta utdanning sjølv om dei har små barn.” Dette ønsket om å meine og stå for det ein gjer, i staden for å berre gjere det, er blitt til eit krav middelklassen stiller til seg sjølv ([Illouz 1997:286] Danielsen 2008:17).

7.2.2 Rådgeving og kvinnefellesskap

Mange av KK-tekstane kjem med råd og tips til lesarane om korleis dei skal takle ulike situasjonar og kjensler som mødrer, som arbeidstakarar og som partnerar. Tekstane viser òg ofte til ’vanlege’ kvinner (det vil seie at dei passar inn i målgruppa til KK), og korleis dei har takla slike situasjonar og kjensler. Tekstane posisjonere altså KK-kvinna som ei som treng råd og som interessert i å lese om kva andre kvinner i liknande situasjonar gjer. Rådgevinga i KK-tekstane minner om sjølvhjelpslitteratur, og er typisk for damebladtekstar (Talbot 1992, 1995). I sjølvhjelpslitteraturen er det alltid rom for betring på alle områder i livet, og den gjer råd om korleis. ”From self-help books we acquire a picture of the self as based on a quest for particular achievements, seeking happiness, and trying to put together a narrative in which obstacles are overcome and fulfilment is ultimately reached” (Gauntlett 2002:117).

Rådgevinga i KK-tekstane er pakke inn i sitat frå ekspertar (*Tid for nye tanker* og *Kunsten å tenne en kvinne*), og personlege forteljingar frå journalist-jeg (*Menn, altså...* og *Alt om mannen*). Tekstane gjer råd og fortel om kvinneliv om kvarandre, noko som er tydeleg i til dømes *Menn, altså...* i skiftet mellom *jeg* si personlege forteljing og *jeg* som intervjuar av ekspertar (sjå 4.1). *Jeg* er altså både privat og profesjonell på same tid, og framstår som ei litt meir erfaren venninne av lesaren.

Kapittel 7

Posisjoneringa av *jeg* i teksten som venninne av lesaren, er typisk for dameblad, skriv Mary Talbot i artikkelen "A Synthetic Sisterhood" (1995). I KK-tekstane ser eg det i bruken av pronomena *jeg* og *du*, i framvisinga av delte opplevingar mellom dei to, og i det munnlege språket. I dette konstruerte fellesskapet mellom *jeg* og *du* i tekstane, ligg det òg eit konstruert fellesskap mellom vi kvinner; eller eit syntetisk systerskap som Talbot kallar det: "An anonymous audience is addressed as thousands of identical *yous*, with attitudes, values, and preoccupations ascribed to them" (op.cit. 147-8). Dette kvinnefellesskapet er òg å finne i KK-tekstane, og det blir konstruert og definert ut i frå "its supposedly 'natural' opposite – men" (Ballaster mfl. 1991:9). Derfor har eg òg undersøkt korleis menn blir posisjonerte og deira liv skildra i tekstane. Eg brukar forteljingane om menn til å skilje ut og tydeleggjere kvinnene sine handlingsrom i tekstane.

Nedanfor kjem drøftingane til dei einskilde analysekapitla. Nokre av poenga eg kjem med i drøftinga til ein av strengane vil òg vere gjeldande for tekstar frå andre strengar, men eg har valt å ta dei med i drøftingsdelen til den teksten der dette poenget er mest framtrèdande.

7.3 Kjærleik

Arbeids- og omsorgstekstane er baserte på intervju med verkelege personar, medan kjærleikstekstane tar opp eit problem eller tema av interesse for "oss damer" med utgangspunkt i forteljing frå ei *jeg*-stemme og sitat frå ekspertar eller forskning. I staden for å vise korleis konkrete kvinner gjer arbeid og omsorg, viste kjærleikstekstane heller korleis kvinner (i målgruppa for tekstane sjølv sagt) generelt gjer kjærleik. Det er derfor i kjærleikstekstane eg finn flest grove generaliseringar og stereotypiar om kvinner og kvinneliv

7.3.1 Det heterofile parforholdet mellom to motpolar

KK-tekstane eg har analysert har eit syn på kjønn som essens og skilnad der kjønnskategoriane kvinner og menn definerar og utelukkar kvarandre (sjå 2.5). Dette er spesielt tydeleg i kjærleikstekstane. Dei peikar eksplisitt på skilnad, og kjem med døme på kva essensen i dei to

kjønna består av: kva *alle menn* mislikar (*Alt om mannen*), kva *vi kvinner* tenner på (*Kunsten å tenne en kvinne*), og kva *vi* har ein tendens til å gjere overfor *mennene våre* (*Menn, altså ...*). Tekstane skildrar forholdet mellom kvinner og menn som magnetisk: på ei side blir dei tiltrekte av kvarandre, på den andre sida er dei umogeleg å foreine. Ei slik skildring er typisk for dameblad: “The world of the magazine is one in which men and women are eternally in opposition, always in struggle, but always in pursuit of each other” (Ballaster mfl. 1991:8). Dette skriv Ros Ballaster med fleire i ei bok frå 1991 med analyser av britiske dameblad, men det kunne like godt vore ei skildring av norske KK i 2009.

Kvinnene i KK-tekstane er alle heterofile, og har alltid *en mer eller mindre kompetent mann i nærheten* (*Alt om mannen*). Det heteroromantiske parforholdet står i sentrum, og barn er som regel ein del av det. Nesten uansett kva tekstane i blada handlar om og kven intervjuobjekta er, er dette familielivet ein viktig del av forteljinga (til dømes i *Far på farten*), og alle dei tre kjærleikstekstane har det heteroromantiske parforholdet som utgangspunkt. Slik er tekstane heteronormerande: dei viser fram det heterofile parforholdet og organiseringa av det som den normale måten å gjere kjærleik på.

7.3.2 Kommunikasjonsproblem

Fordi kvinner og menn er grunnleggande ulike og samstundes skapt til å leve saman, oppstår det lett kommunikasjonsproblem i det heteroromantiske parforholdet, hevdar kjærleikstekstane. Det er faktisk ei utbreidd populærkulturell oppfatting at kvinner og menn har problem med å kommunisere med kvarandre, og derfor eit heitt tema i sjølvhjelpslitteraturen (Danielsen 2008:12-13). Til dømes har Deborah Tannen skrive ei svært kjent og omdiskutert bok om dette temaet der ho forklarar kommunikasjonsproblem i parforhold ut i frå kjønsskilnader, noko blant anna Ellen Andenæs og Mary Crawford har vore kritiske til (Andenæs 1992, Crawford 1995). Mary Crawford (2004) har òg sett nærare på boka *Men are from Mars, Women are from Venus* av John Gray som er minst like kjend som Tannen si bok. På same måte som *Menn, altså ...* skildrar

Kapittel 7

boka kvinner og menn som like framande for kvarandre som utanomjordiske skapnader ville vore for oss menneske.

Ut ifrå ei slik oppfatting blir problema i det einskilde parforholdet forklarte som ”naturlege” og skilnader mellom kvinner og menn som noko ein ikkje utan vidare kan gjere noko med. Då er det lettare å akseptere skilnadane enn å forsøke å jobbe med dei, og det er dette synet eg finn i blant anna *Menn, altså ...: Godta at dere er forskjellige, forsøk å legge en demper på egen irritasjon og innse at du ikke kan forandre partneren din*. Aksept er dessutan lettare å selje for KK enn opprør, eller som Mary Crawford seier det: ”What is non-threatening to the status quo sells better than critical analysis” (1995:91-92).

Forståinga av kjønn som skilnad kan derfor fungere som ”lynaveiing eller sovepute i parforholdet ved å frigjere partane for skuld og ansvar for å gjere noko med problem eller utfordringar” (Danielsen 2008:19). Kjarleikstekstane brukar store ord som samlivsirritasjon og likestillingssvikt på potensielle problem i det heteroromantiske parforholdet, men reduserar dei til spørsmål om trivielle ting som *smuler på kjøkkenbenken* og *garderobeplass* (*Menn, altså...*). Når tekstane gjer råd om problema, er løysingane derfor alltid å finne i praktiske ting innanfor hus og heim. Problema, til dømes likestillingssvikt i parforholdet mellom kvinner og menn som *Alt om mannen* tar opp, blir ikkje satt i samband med måtar samfunnet vårt er organisert på og større sosioøkonomiske spørsmål, som lik løn for likt arbeid til dømes (sjå 4.2). Kvinner og menn blir altså konstruerte som ”individuals separated from any social context, and heterosexual relations are de-politicized” (Crawford 2004:68).

7.3.3 Handlingsrom i kjarleikstekstane

Både *Menn, altså ...*, *Alt om mannen* og *Kunsten å tenne en kvinne* kjem med råd om korleis ein kan løyse problema dei skisserar, og råda er retta mot kvinna i det heteroromantiske parforholdet. *Slik tenner du meg, kjære-lista* i *Kunsten å tenne en kvinne* er rett nok til mannlege lesarar, men kvinna har ansvaret for at mannen får lista. *Menn, altså...* kjem med forslag til kva begge partar i forholdet kan gjere for å få bukt med samlivsproblema, men hovudfokuset ligg på arbeidet kvinna kan gjere med sine egne haldningar (sjå 4.1).

Å gje kvinner hovudansvaret for ”det rasjonelle, emosjonelle og seksuelle ”arbeidet”” i det heteroromantiske parforholdet er vanleg i sjølvhjelps litteratur, som dei fleste KK-tekstane har ein del til felles med (Lorentzen & Mühleisen 2006:262). I vår kultur blir kvinner ofte sett på som meir empatiske og medvitne om sosiale forhold, og derfor blir dei gjerne tilskrive ansvar for harmonien i parforholdet (Lorentzen & Mühleisen 2006:257, Søndergaard 1996:166). Ein annan konsekvens av dette er at dominerande oppførsel frå kvinner bli sett på som intensjonell (Søndergaard 1996:314). Dominerande oppførsel frå kvinner blir dermed noko ufeminint, og har dermed ikkje noko å gjere i det heteroromantiske forholdet: ”Det er som at være mor eller have fået en mor, og det er der jo ikke noget romantisk ved” (Søndergaard 1996:182).

Både *Alt om mannen* og *Menn, altså...* kjem med døme på dominerande oppførsel frå kvinna innanfor hus og heim, til dømes at dei tar stor plass i garderobeskåpet og snakkar til menn *på en belærende måte*. Særlig når det kommer barn inn i bildet, har vi en tendens til å overstyre mennene våre. Deretter rådar dei lesaren til å heller la mennene sine få gjøre ting på sin måte og unngå ting dei mislikar når det gjeld heimlege sysler. Dette minnar om hulemannmetaforen frå *Men are from Mars, Women are from Venus* som Crawford skildrar slik:

The metaphor of men retreating to their 'caves', telling women that they must recognize men's entitlement not to become involved in domestic life until and unless they are ready (...) The metaphorical cave that men (and only men) may inhabit was invoked to excuse men from engagement in domestic life (Crawford 2004:70-71).

Hus og heim er altså framleis kvinna sitt hovudansvar, òg i 2009, i følgje KK-tekstane. I *Kunsten å tenne en kvinne* blir til dømes det å hjelpe kvinna å ta oppvasken og rydde opp skildra som ledd i det å tenne kvinna seksuelt. Husarbeidet er altså ein ekstra innsats mannen gjer og eit middel for å oppnå noko heilt anna, nemleg sex. Det som gjeld hus og heim, og som framleis blir sett på som kvinna sitt domene og ekspertområde, skal mannen få lov til å gjere *om* han vil og *korleis* han vil.

Dermed gjer kjærleikstekstane følgjande handlingsrom til dei kvinnelege lesarane: Aksepter skilnadane mellom deg og mannen du er i forhold med. Tilpass deg mannen og jobb med dine

Kapittel 7

eigne haldningar og handlingar i staden for å prøve å endre hans, *selv om det faktisk skulle være sånn av vi vet bedre enn dem*. Det handlar om å være litt mer ydmyk, og hyggelegare mot mannen, rett og slett, og slik sikre deg *en smørblid mann for livet*. Kvinner kan altså "earn a man's love only through acceptance of the gender-role status quo" (Crawford 2004:70).

På ei anna side kan essensialistiske oppfatningar av kjønn, eller *stereotypiske merkelapper* som *Alt om mannen* kallar det, òg vere utgangspunkt for refleksjon rundt eigne kjønnsidentitetar heller enn sanning om kven ein eigentleg 'er'. Hilde Danielsen har intervjuet heteroseksuelle par om kommunikasjon, kjønn og kjærleik, analysert materialet i eit kjønnteoretiske perspektiv, og kome fram til at "tanken om kjønnsforskjellar kan også medføre idear om utvikling og endring" ([Martinsson 1997:12] Danielsen 2008:5-6). Både moderne likestillingsideal, og stereotype skildringar av kjønn som skilnad som ein ofte møter i media og sjølvhjelps litteratur som bøkene til Grey og Tannen,

kan opplevast som ytre styrte og innsnevrande standarar som stenger for ei autentisk utforming av samlivet. Det kan oppfattast som attraktivt å bryte med dominerande mønster, slik kan ein opptre som unik og sterk (Sirnes 1999:35). Slike brot kan gi ei kjensle av å leve opp til kulturelle standardar samtidig som individa kjenner seg autonome og individuelle. Kjønnstereotypiar vert brukte som opne argumentative ressursar i para sine refleksjonar over kven dei er eller vil vere og i forhandlingane om korleis samlivet bør utformast (Danielsen 2008:17)

På den måten kan ein kanskje forstå kjønn som både ein kulturell og personleg konstruksjon der dei kulturelle konstruksjonane av kjønn blir resirkulerte og rekonfigurerte til personleg kjønnskonstruksjonar som den enkelte opplever som ein meir stabil kjerne av identitet? (Lorentzen & Mühleisen 2006:164)

Ting tyder på det i kjærleikstekstane i KK-materialet mitt. I desse tekstane framstår 'kvinner' og 'menn' som meir reine kategoriar enn dei gjer i tekstane om arbeid og omsorg. Eit mogeleg forklaring på det kan vere at ein i det seksualromantiske møtet *spelar* meir på dei reine kategoriane (Søndergaard 1996:378-89). *Menn, altså...* peikar på at ulikskapar gjerne fører til *et mer spennende sexliv*, og det kan derfor vere ynskjeleg å dyrke desse ulikskapane på visse områder i det heteroromantiske parforholdet. Den medvitne leikinga med kjønnskategoriane merkar ein òg på utforminga av tekstane. Dei er meir humoristiske enn dei andre tekstane, og dei

har mindre intervju i seg med verkelege personar, og meir spørjing av ekspertar og ord frå journalisten på ein kåserande måte. At tekstane kan spøke om kjønnskilnader og likestilling slik, viser fram ei oppfatting av kvinner og menn som så likestilte i Noreg at det er greitt å tulle med. Slik kan tekstane gjere det lettare for lesaren å diskutere likestillingsspørsmål, både i organiseringa av det norske samfunnet, og i den einkilde lesaren sitt heteroromantiske parforhold.

7.4 Omsorg

Omsorgstekstane i materialet mitt handlar om omsorg for barn (og ikkje til dømes for eldre eller sjuke sletningar). Dei viser fram ulike tilgjengelege posisjonar for både fedrar og mødrer, og peikar på statlege ordningar for barneomsorg, som til dømes fødselspermisjon i *Ego eller super*. Fokuset ligg ikkje på til dømes kva for type barnegraut som inneheld flest antioksidantar og er best for vesle Kjellfrid, men korleis målgruppelesaren, som er *yrkesaktiv og har utdanning og inntekt over gjennomsnittet blant kvinner*, og barnefaren balanserar omsorg for barn med lønna arbeid (Aller u.d.).

Tekstane fortel om barneomsorg gjennom historier frå verkelege personar, både kjende og ukjende, og viser korleis dei har valt å organisere den. Tekstane viser fram at det både er mogeleg og blir opplevd som fint både å velje vekk tidkrevjande jobb for meir tid med barna (*Kvinnen bak*) og å velje jobb framføre mykje tid med barnet utan at det har vondt av det (*Ego eller super*). Tekstane kjem med argument for begge deler, og kvinnene dei fortel om blir posisjonerte som nøgde med vala dei gjorde. Dei viser òg fram mogelege posisjonar for far (*Ego eller super* og *Far på farten*).

7.4.1 Fødselspermisjon og lønna arbeid

Omsorgstekstane i materialet mitt viser altså korleis ein kan gjere foreldreskap, spesielt morskap, på ulike måtar, både tradisjonelt og moderne (tradisjonelt betyr her før ”den moderne kvinnebevegelses kulturrevolutionære gjennombrudd”, og moderne etter (Søndergaard 1996:219)). Den tradisjonelle diskursen om den komplementære familien er den kor ”far er forsørger og mor har ansvar for heimesfæren” (Brandth & Kvande 2003:96). Ein konkurrerande, meir moderne diskurs er den kor mor jobbar meir og tar kortare fødselspermisjon, og der far er meir nærverande (Lorentzen & Mühleisen 2006:174, Brandt & Kvande 2003:129).

I KK-tekstane mine har mødrene framleis meir eller mindre ansvar for heimesfæra, men dei har samstundes forsørgjaransvar og er i jobb. Altså kan brukar tekstane element frå både den tradisjonelle og den meir moderne diskursen om korleis einskilte foreldre(par) skal organisere omsorg for barn. Tekstane argumenterar både for og i mot dei to posisjonane mødrar blir tilskrivne i desse to konkurrerande diskursane kor mor enten er ansvarleg for heimesfæra eller deler ansvaret for heim og inntekt. Til dømes vil ikkje mor i *Kvinnen bak* overlate oppgåva å engasjere seg i barna hennar sine liv til nokon andre, og mor i *Ego eller super synes det er slitsomt når alt står og faller på mor i forhold til barna*, fortel tekstane.

Ego eller super utfordrar den rådande oppfattinga om at mor er best for spedbarnet, og argumenterar for at det kan vere bra for både mor, far og barn at far tar halve permisjonstida eller meir. Passande lengde på fødselspermisjonen for mor og far har vore eit omdiskutert tema i norske medier det siste året. Frå og med 1.juli 2011 har far rett på 12 veker av fødselspermisjonen, som no er på totalt 46 veker dersom ein vel å ta i mot 100% foreldrepengar (NAV u.d.): Stønadsperioden for foreldrepengar ved fødsel og adopsjon).

Argumenta for at mor skal ta mesteparten av permisjonstida, handlar om kva som er best for helsa til barn og mor. Ved Nasjonalt kompetansesenter for amming til dømes, er ein redd for at den nye permisjonsordninga skal gjere det vanskelegare for mødre å ”amme i tråd med anbefalingene”: ”Lengre varighet av permisjonen til mor er internasjonalt assosiert med økt

amming, mindre sykdom hos barnet og betre psykisk helse hos mor” (Fladberg mfl. 2010). Dei synst ikkje ammetid på jobb er ei god erstatning for lang mammapermisjon:

Amming, kombinert med jobb, fungerer kanskje når du har en fleksibel jobb og i tillegg en velvillig innstilt mann. Men for vanlige kvinnfolk i tøffe turnuser, eller for kvinner som jobber i fabrikk eller sitter i kassa på Rimi, er det ren utopi å tro at tidlig yrkesdeltakelse etter fødsel ikke går ut over amming og helse (ibid.).

Dermed blir lengda på fødselspermisjonen til mor òg eit spørsmål om fleksibilitet i arbeidslivet og klasse (sjå 7.5).

Argumenta for å dele permisjonen mellom mor og far, handlar meir om likestilling der mor skal få komme tilbake i jobb tidlegare og far skal få meir tid enn det som før var vanleg med barnet i dei første levemånadane. Det å få barn gjer skilnadane mellom kvinner og menn svært tydelege: ”Mor og hennes gravide, fødende og ammende kropp er den ene forhandlingsparten. Den andre parten i forhandlingane er far, som permisjonsordningene har konstituert som en deltakende far” (Brandth & Kvande 2003:100). Forhandlingar om permisjonslengde er forhandling om kva morskap og farskap skal vere, og kva kjønn skal bety i denne samanhengen. ”I forhold til likestilling har kjønnsforskjeller i form av kropp og biologi vært et vanskelig tema. Kvinner har ikke villet bli definert som kropp, siden dette tidligere har vært ensbetydende med ekskludering fra arbeidsmarkedet fordi de føder” (Brandth & Kvande 2003:100). Slik permisjonsdelinga har vore vanleg til no, der ”hans overtagelse af virksomhed i hjemmet begrænses af hans integration i virksomhed uden for hjemmet; og hendes overtagelse af virksomhed uden for hjemmet begrænses af hendes virksomhed i hjemmet”, har den vore til hinder for likestillinga mellom kvinner og menn både når det gjeld omsorg og barn og mogelegheiter på arbeidsmarknaden (Søndergaard 1996:213).

I *Ego eller super* blir valet Jacobsen tok om kortare fødselspermisjon møtt med sosiale sanksjonar, som til dømes uforståande kollegaer og Tårnfrid-stempel: *Idealet om å være hjemme et helt år etter fødselen, er øredøvende. Mange kvinner som går tilbake i jobb tidligere, blir sett*

Kapittel 7

på som en slags Tårnfrid som bare tenker karriere og overlater resten til au pair og vaskehjelp. Tårnfrid ser svært feminin ut med drakt, høge helar, sminke og lange negler, og har feminine faktorer og ei mild, lys stemme, men handlingane hennar er ufeminine. Ho brukar nemleg meir tid på jobben enn barnet sitt, og viser ikkje empati for mannen og kollegaane sin (NRK u.d.). I tillegg fortel Tårnfrid at ho har fått barn fordi det gjer ho til kvinne, ikkje fordi barnet har verdi i seg sjølv, og ho ein svært uansvarleg forelder, til dømes når ho set barnet igjen langs motorvegen og seier at han ikkje skal springe ut i trafikken og forstyrre sjåførane medan han ventar på å bli plukka opp av ein eller annan onkel. Alt dette gjer Tårnfrid til ein svært latterleg figur.

Ego eller super hevdar derimot at ein ikkje skal trenge å velje mellom å vere nettopp ego eller super, at ein ikkje må velje mellom karriereklatrande Tårnfrid og supermamma i eitt års permisjon, men at ein kan sikte seg inn på ein posisjon mellom desse to. Ein artikkel i Aftenposten 28.november 2010 fortel om Ellen Solvin som er i fødselspermisjon med sitt tredje barn, men som samstundes jobbar 20% heimefrå som personalansvarleg for IBM (Uhlving & Hauge 2010). For Solvin er denne mellomposisjonen med gradert fødselspermisjon ideell både fordi ho held seg oppdatert på jobb og får vere mykje saman med den nyfødde dottera (ibid.). Kan ein slik fleksibel permisjonsordning vere ei løysing for fleire, eller kan det føre til at mor ikkje får tid og ro til verken jobb eller barn? Kva som er best for mor og barn er ein pågåande debatt i det norske samfunnet, og omsorgstekstane i KK posisjonerar seg på fleire sider i debatten.

7.4.2 Kvinner som bakkemannskap

Siri Larsen er ei av dei som har *nedprioritert det å ha en jobb som tar mye tid* til føremun for tid med barna, fortel *Kvinnen bak*. *Ego eller super* kritiserar ei slik prioritering: *Småbarnsmødre tar lange permisjoner, jobber deltid og prioriterer familie fremfor jobb, fordi det "passer best for vår familie"*. I ein studie av preferansar og praksisar blant norske eliteutdanna kvinner og menn, fann Sigtona Halrynjo og Selma Therese Lyng at det er vanleg for mødrer i denne gruppa å prioritere familie framføre jobb (Halrynjo & Lyng 2010). "De forteller at når de får barn, så "bare blir det sånn" at hun tar hovedansvaret hjemme både i permisjonstiden og etterpå" (ibid.). Derfor

tar mor gjerne jobbar som er lettare å kombinere med hovudansvaret i heimen, og det inneber ofte ”lavere karriererealiserings, lønnsutvikling og jobbrelatert selvrealisering” (ibid.).

Kvinnen bak løftar derimot fram *familierelatert* sjølvrealisering i forteljinga om Siri Larsen. Larsen synes det er viktig å engasjere meg i barnas liv, og deltar aktivt i skulekorpset til sonen. Ho synst det er *gøy* og blir lukkeleg av *denne militærmusikken*. Det er grunnen til at ho har mindre tidkrevjande jobb, fortel teksten. Det strider mot ei grunnforståing i vår kultur om at ”selvrealisering skjer ved å delta i arbeidslivet, og gjennom frigjøring fra oppgaver og ansvar i hjemmet” (Farstad 2004:289). Denne grunnforståinga gjer at det ”skapes forestillinger om at hjemneværende kvinner isoleres og blir underordnet sine menn. Men er det imidlertid slik at disse forestillingene gjenspeiler en reell situasjon? Er alle hjemneværende mødre per definisjon undertrykte?” (op.cit. 291). I artikkelen ””Jeg liker å være hjemme”. Feministiske utfordringer i en flerkulturell kontekst” tar Gunhild R. Farstad opp desse spørsmåla i samband med integrasjon av innvandarkvinner (sjå 5.2) (2004). Ho fann at dei heimeverande innvandarkvinnene ho intervjuar kjende seg mindre frie og fekk mindre tid for seg sjølve i Noreg enn i heimlanda (op.cit. 292-3). Dei kjenner at ”tiden ofte ikkje strekker til, og at ansvaret for hus og barn kan være strevsomt” (ibid). Dette er på grunn av at dei i Noreg lev meir som den norske kjernefamilien i staden for som storfamilie slik dei er vane med i heimlanda.

Denne kjensla liknar skildringa til Halrynjo og Lyng av opplevingane til mødrene i materialet deira som prøver å kombinere karriere og omsorgsansvar. Dei blir konfrontert med ”en opplevelse av utilstrekkelighet – både på jobb og hjemme” (Halrynjo og Lyng 2010). Som eg peika på i analysen av Far på farten (5.2) verkar ikkje kjernefamilien som den beste måten verken å organisere familien på eller å oppnå sjølvrealisering på, verken for mødrer som er heime på heiltid eller for kvinner som ynskjer å kombinere karriere og barn.

7.4.3 Handlingsrom

I omsorgstekstane blir kva som er best for barn og best for mor heile tida vegd opp mot kvarandre. At mor er mest mogeleg heime med spedbarnet, er bra for barnet. Samstundes skal ikkje mor vere heimeverande for lenge utover 'passande' fødselspermisjonstid. Det kan nemleg i vår kultur gje konnotasjonar til ulikestilling mellom mor og far der mor er den undertrykte parten. Derfor er dette alternativet ikkje like bra for mor som for barnet.

Å vere yrkesaktiv er derimot bra for mor. Gjennom aktiv deltaking i arbeidslivet kan kvinna realisere seg sjølv og slik bli lukkeleg. Samstundes må ho ikkje ha ein for tidkrevjande jobb som hindrar ho å ha 'passande' lang fødselspermisjon og vere ei nærverande mor. Det er nemleg ikkje bra for barnet, og dessutan kan mor lett bli oppfatta som ei slags Tårnfrid, som heller ikkje er bra for mor.

Omsorgstekstane kjem med forslag til fleire måtar å kombinere arbeid og omsorg for barn på. Til dømes at far tar ein større del av permisjonen (*Ego eller super*), at mor nedprioriterar jobb (*Kvinnen bak*) eller at familien organiserar seg etter storfamiliemodellen der bestemor og dei eldste borna tar del i husarbeid og barnepass (*Far på farten*). Tekstane viser at det er fleire vegar til sjølvrealisering og til kjensla og framvinga av at ein er ei god mor.

7.5 Arbeid

Arbeidstekstane eg har analysert handlar mest om overgangane mellom arbeidsplassar og yrkesvegar, og viser stor valfridom for norske kvinner på arbeidsmarknaden. KK-blada i materialet mitt blei gitt ut i sommarhalvåret 2009; ei tid då finanskrisa framleis var eit heitt tema. Det kan forklare framvinga av mogelegheiter heller enn avgrensingar for kvinner i yrkeslivet. Når arbeidsmarknaden er usikker og det generelt er mykje negativitet i lufta i samband med jobb, fokuserar arbeidstekstane på det positive: *Kan finanskrisa bli sparket du trenger for å komme i gang med ditt nye liv? (Tid for nye tanker)*. Arbeidstekstane tar fatt i finanskrisa og skildrar den

heller som ein vekkar og ei mogelegheit til å skifte jobb til *noe som føles meningsfylt (Valgte om igjen)*.

Arbeidstekstane understrekar at *vi* har fridom til sjølv å bestemme *kva* dei vil jobbe med og *kor mykje* dei vil jobbe. Tekstane legitimerar både tradisjonelle kvinnelege yrkesval som sjukepleiar og flyvertinne, og meir maskulint konnoterte yrkesvegar som gründarar og brannmenn.

7.5.1 Gründerdrømmen

Tid for nye tanker fortel at *flere kvinner vil starte for seg selv etter finanskrisen, ifølge Innovasjon Norge*, og både den og *Valgte om igjen* viser fram fire 'vanlege' kvinner som *satser på gründerdrømmen*. Dei to tekstane oppfordrar lesaren til å tenkje over om ho sjølv ynskjer eller har behov for endringar i eigen jobbsituasjon, og *kva* ho eventuelt kan gjere med det. Samstundes legg dei vekt på at slike endringar bør vere gjennomtenkte, jamfør dei mange spørsmåla ein må gjennom i *Dette er spørsmålene du må stille deg*-lista før ein kastar seg ut i det.

Anne-Jorunn Berg og Elisabeth Ljunggren ser på samanhengar mellom entreprenørskap, og likestilling og integrasjon (Berg & Ljunggren 2010). Dei peikar på at gründerverksemd kan "innebære mye arbeid, liten betaling, stor gjeld, avhengighet av én eller to kunder og tapt kontroll over egen tid og økonomi. Dette er sider ved entreprenørskapsvirksomhet vi sjelden hører om" (op.cit. 147). Vidare fortel dei at sjølvstendig næringsdrivande heller ikkje er inkluderte i sjukepengeordninga, og fekk ikkje betalt fødselspermisjon før 1.juli 2008 (ibid.). Arbeidstekstane eg har analysert peikar òg på blant anna stor arbeidsmengde og dårleg økonomi for gründerkvinnene dei fortel om.

Samstundes rapporterar Adresseavisen i 2010 at "innovasjonssenteret ved NTNU opplever en eksplosjon av kvinnelige gründere", blant anna fordi det har blitt meir populært blant kvinner å utdanne seg innan teknologifag (Hagen 2010). At fleire kvinner blir sjølvstendig næringsdrivande kan inspirere andre kvinner til det same, står det i artikkelen (ibid.). Det kan òg bidra til større

Kapittel 7

fokus på føremonene med slik verksemd for kvinner. *Valgte om igjen* skildrar til dømes kjensle av fridom som ein viktig faktor i valet Mona Næss tok om å bli kunstnar: *Jeg kan godt jobbe døgnet rundt, syv dager i uken, så lenge jeg har friheten til å velge når og hvor jeg jobber.*

Tid for nye tanker og *Valgte om igjen* viser fram både føremonene og ulempene ved sjølvstendig næringsverksemd og ved å skifte jobb, slik eg ser det, både i historiane om kvinnene som faktisk har gjort det, og i lista med råd til lesarane. Tekstane forhandlar med tradisjonelle oppfatningar om passande arbeid for kvinner, og set kvinner i samband med ei arbeidsgruppe dei vanlegvis ikkje blir assosierte med. Samstundes er dei ikkje heilt urealistiske, og seier ikkje at kven som helst kan og bør bli gründerar, men viser at det er mogeleg. Dei gjer mange råd på vegen og peikar på ting ein bør tenkje over og undersøkje før ein skiftar jobb og gjer seg i kast med slik verksemd. Til dømes har *Tid for nye tanker* lenkjer til nyttige nettsider. Tekstane har altså ei positiv vinkling og fokuserar på mogelegheitene, men understrekar at det til sjuande og sist er opp til den enkelte lesaren å avgjere om dette er noko som passar for ho: *Kanskje du vil være leder, eller er det mest viktig for deg å være kreativ og utforske? Eller er det viktigste at du har en god balanse mellom jobb, familieliv, venner og hobbyer?*

7.5.2 Sjølvrealisering og frigjering

Arbeidstekstane fokuserar altså på den tilsynelatande grenselause valfridomen kvinner har på arbeidsmarknaden, men legg altså vekt på at vala ein tar må vere gjennomtenkte. Lesaren må *forholde seg aktivt til egen situasjon* og at ho har *et stort ansvar for å ta individuelle valg*. Jobben skal nemleg vere eit middel for å oppnå sjølvrealisering: ”I dag, hevder enkelte, er arbeid for stadig fleire ikke noe man gjør av plikt mellom ni og fire, for så å gå hjem og realisere seg som menneske. Arbeid er snarere noe vi gjør fordi vi ønsker å realisere oss selv” (Lorentzen & Mühleisen 2006). Då er det *viktig at man tør satse på drømmen sin. Vi har et eget ansvar for oss selv. Er det noe du ikke trives i, må du selv gjøre noe med det* (*Valgte om igjen*).

Det er fyrst når ein får realisert det indre potensialet som bur i kvar og ein av oss, at ein har sjanse til å bli lukkeleg. Vala ein tar når det gjeld arbeidstid, -stad og -måte, heng altså nøye saman med den enkelte si kjensle av lukke, og derfor handlar lønsarbeidet i arbeidstekstane om *personlige*

talenter, sterke sider, om å kunne blomstre, om viktige verdier i livet ditt, om å kartlegge målene dine og jobbe med det du brenner for (Tid for nye tanker), om noe som føles meningsfylt, viktigere og riktigere, om lysten på utfordringer, om livsstil og om friheten til å velge (Valgte om igjen). Løna er ikkje like viktig; Valgte om igjen fortel jo at både Tina Wear og Mona Næss valde nye yrkesveggar på grunn av kjenslene det ga dei av mening og fridom, trass i at dei gjekk ned i løn.

7.5.3 Handlingsrom: kor er kjønnet i arbeidstekstane?

Arbeidstekstane oppfordrar lesaren til å velje fritt på arbeidsmarknaden. Det viktigaste er at ho gjer noko som gjer ho lukkeleg; det er nemleg ikkje legitimt å vere *ulukkeleg!* Det inneber at ho må jobbe med noko som lar ho realisere sitt fulle potensiale; òg som kvinne.

I tillegg til posisjonere familielivet til dei fleste av kvinnene i tekstane som ein viktig faktor i val av yrke og karriere, blir det òg vist fram som viktig og sjølv sagt at kvinnene held på det som blir oppfatta som feminint, sjølv i mannsdominerte yrke. *Damer i uniform* fortel korleis politifyrstebetjenten sminkar seg, går med øyrepynt og brukar skjørt som understrekar at ho er kvinne sjølv om ho har valt ein maskulint konnotert yrke. Samstundes viser den korleis Todros må balansere dei feminine konnotasjonane ved flyvertinneyrket med framvising av profesjonalitet og seriøsitet i jobben. Lesaren har altså stor fridom når det gjeld yrkesveg, men må vere og gjere kvinne på ein passande måte i høve til jobben.

Arbeidstekstane tar det òg for gitt at lesaren har mogelegheit til og ynskje om å realisere seg sjølv gjennom det løna arbeidet. I og med at ho lev i eit likestilt parforhold, har høgare utdanning og god inntekt, vil ho ha mogelegheit til det (sjå 7.2), men ifølgje omsorgsteksten *Kvinnen bak* finst det kvinner som finn mening med tilværet andre stader, til dømes ved å engasjere seg i barna deira sine fritidsaktivitetar.

7.6 Handlingsrom for den kvinnelege KK-lesaren

Tekstane posisjonerar lesaren til å ha bestemte problem innanfor arbeid, omsorg og kjærleik, men kjem alltid med løysingar på problema enten i form av konkrete råd eller i form av forteljingar om kvinner som har løyst problema. Tekstane understrekar at lesaren har ansvar for eige liv og eigen lukke, enten det gjeld arbeid, omsorg eller kjærleik.

Minst handlingsrom har kvinner i kjærleikslivet. Problema i det heteroromantiske parforholdet er relatert til skilnader mellom kvinner og menn, og mangelen på likestilling det fører til. Eit 'passande' heteroromantisk parforhold har ikkje så mykje likestilling mellom kjønna at det går ut over den romantiske spenninga og den seksuelle tenninga, men den har heller ikkje så mykje ulikskap mellom dei at det fører til samlivsproblem eller misnøye hos mannen. Det er ein fin balanse mellom for mykje og for lite likestilling, og det er kvinna som får ansvaret for å oppretthalde denne balansen. Ho blir posisjonert som ein større investar i det heteroromantiske parforholdet enn menn, og dermed som meir aktiv i sjølve arbeidet det er å gjere kjærleik. Det er derfor eg i kjærleikstekstane finn at kvinner og menn er minst likestilte. Sidan ein ikkje kan gjere noko med kjønnskilnader, ifølgje teksten, blir løysinga på kjærleiksproblem å resignere og akseptere, og derfor er det òg i kjærleikstekstane at den kvinnelege lesaren får minst handlingsrom.

I omsorgstekstane er det annleis. Tekstane presenterar til dels motstridande diskursar om kva som er best for mor og kva som er best for barn. Både ei tradisjonell og moderne deling av fødselspermisjon mellom mor og far blir vist fram som legitim, og det finst fleire måtar å balansere lønna arbeid med tidsinvestering i barna. Dermed viser tekstane eit større handlingsrom for lesaren enn kjærleikstekstane. Kvinner og menn framstår derimot ikkje som likestilte når det gjeld omsorg for barn. Far arbeider mest og mor har størst ansvar for hus og heim, og dersom mor vil gjere det annleis, må ho forsvare og argumenter for det. Altså har lesaren berre eit romsleg handlingsrom dersom ho vil risikere å vere litt mindre 'passande' mor.

Arbeidstekstane gjer lesaren mest handlingsrom. Kvinner er frie til å velje kva for yrkesveg dei vil så lenge det gjer dei lukkelege og dei får realisert seg sjølve. Dei må berre passe på å vere feminine nok dersom dei vel eit maskulint konnotert yrke, og vere sikre på at dei blir oppfatta som profesjonelle dersom dei vel feminint konnoterte yrke.

7.7 Til slutt

Målet mitt med denne studien var å bidra til auka medvit om samanhengar mellom språkleg samhandling, kjønna konstruksjonar og kultur. Eg har peika på rådande diskursar om kvinner i samband med arbeid, omsorg og kjærleik i KK-tekstar. Med forståinga mi av korleis meining blir skapt i dialog mellom tekstar, språkbrukarar og kulturen rundt dei, og tekstar som både formidlarar og produsentar av diskursar om fenomenen dei omtalar, vil eg hevde at diskursane i KK-tekstane òg er dei rådande i vår kultur. Eg òg hevde at diskursane som kjem til uttrykk i KK-tekstane blir rammer og verktøy for lesarane i den kontinuerlege identitetsbygginga deira. Eg vil minne om at rådande diskursar er mogeleg å endre; dei er berre forståings- og handle*måtar*, ikkje fastlåste sanningar.

Kjønna identitet er altså noko ein må gjere like mykje som vere, og å oppretthalde passande identitetskonstruksjonar krev kontinuerleg arbeid. "Failure to do this work, or to do it in socially acceptable ways, can have a strong negative impact on social interaction (making people feel confused, uncomfortable or threatened)" (Cameron 2001:171). Om ein derimot tåler litt forvirring og ubehag, kan ein vere med på å utfordre rådande diskursar om kva kvinner skal vere og gjere, og korleis dei skal leve liva sine. Kvinner er nemleg:

not just generic representatives of their gender, but have an ethnic identity, a class position, are members of particular generations, may be married or not, employed or not, mothers or not – the list could go on indefinitely. And every person also has their own individual history and their own network of relationships with others, which is not reducible to any list of social categories, though clearly people's membership in certain groups (and not others) must be among the factors that shape their life experiences (Cameron 2001:170).

Litteraturliste

Aller Media AS (utan dato): *KK*. Henta 25. november 2009 frå <http://aller.no/KK.9UFRfS2D.ips>.

Andenæs, E. (1992): Makt og misforståelser: Om kjønn, kultur og kommunikasjon. *Nytt om kvinneforskning* 3, s. 63-74.

Andenæs, E. (1995): Språklig konsitutering av sosial identitet: Hvor i all verden ble det av mamma? I: *Konstituering av kjønn fra antikken til moderne tid*. Rapport frå avslutningskonferanse for Forskningsprogram for grunnleggende humanistisk kvinneforskning, 9.-10. mai 1994. Oslo: Norges forskningsråd, s. 150-164.

Andenæs, E. (1998): *Anvendt språkvitenskap – helt kjønnsløs? Om bruk og betydning av begrepet "kjønn" i et tverrvitenskapelig fag*. Institutt for anvendt språkvitenskap, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

Andenæs, E. (1999): De vonde bena og vitenskapen, eller: Hvordan familien Berg gjenvant sitt gode humør. I: *Flerfaglig blick på "husmorfilmen"*. Arbeidsnotat nr 1 frå Senter for kvinneforskning, s. 50-65.

Andenæs, E. (2005): "En virkelig far fra første stund" – diskursive (re)konstruksjoner av mannlighet og faderskap. *Tidsskrift for kjønnsforskning* 2, s. 23-40.

Andenæs, E. (2007): Snakk om kjønn og identitet. Teoretiske utgangspunkt og analytiske grep. I: Gunnarsson, B. L., Entzenberg, S., Ohlsson, M. (red). *Språk och kön i nutida og historisk perspektiv*. Uppsala universitet: Skrifter utgivna av Institutionen för nordiska språk 71, s. 275-287.

Ballaster, R., Beetham, M., Frazer, E., Hebron, S. (1991): *Women's Worlds. Ideology, Feminity and the Woman's Magazine*. Hampshire, Storbritannia: The Macmillan Press.

Litteratur

- Berg, A. J., Ljunggren, E. (2010): Egne penger? Selvstendig næringsvirksomhet som kjønnet inkluderingsstrategi. I: Berg, A. J., Flemmen, A. B., Gullikstad, B. (red.). *Likestilte norskheter. Om kjønn og etnisitet*. Trondheim: Tapir akademiske forlag, s. 133-166.
- Bjørlo, R. S. (2001): *På glanset papir – en analyse av estetikk og kvinnebilder i norske dameblader*. Hovedoppgave, Institutt for medier og kommunikasjon, Universitetet i Oslo.
- Bondevik, H., Bostad, I. (2003): *Tenkepauser. Filosofi og vitenskapsteori*. Oslo: Akribe forlag.
- Brandth, B., Kvande, E. (2003): *Fleksible fedre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Cameron, D. (2001): *Working With Spoken Discourse*. London: SAGE Publications.
- Crawford, M. (1995): *Talking Difference. On Gender and Language*. London: SAGE Publications.
- Crawford, M. (2004): Mars and Venus Collide: A Discursive Analysis of Marital Self-Help Psychology. *Feminism Psychology* 14(1), s. 63-80.
- Dahl, Å. J. R. (2010): *Lang fødselspermisjon gjev skulevinnarar*. Henta 25. juli 2011 frå http://nyheter.uib.no/?modus=vis_nyhet&id=47174.
- Danielsen, H. (2008): ”Å få eit forhold til å fungere er ganske hard jobbing”. Kommunikasjon, kjønn og kjærleik i heteroseksuelle samliv. *Tidsskrift for kulturforskning* 7(2), s. 5-22.
- Davies, B., Harré, R. (1990): Positioning: the discursive production of selves. *Journal for the Theory of Social Behaviour* 20(1), 43-63.
- de Vibe, A. (1993): Fra Kjerringråd til Kvinner og klær. Frå kritisk til manipulatorisk offentlighet? I: Krogstad, A., de Vibe, A. (red.). *Offentlighet og kjønnsteori. Rapport fra en konferanse*. Universitetet i Oslo, Institutt for samfunnsforskning.
- Dysthe, O. (1997): Skrivning sett i lys av dialogisme. Teoretisk bakgrunn og konsekvensar for undervisning. I: Evensen, L. S., Hoel, T. L. (red.). *Skriveteorier og skolepraksis*. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag.
- Eielsen, M. S. (2004): *Alle vil lese om seg selv*. Artikkel i Klassekampen. Henta 22. oktober 2009 frå <http://www.klassekampen.no/18768/article/item/null>.

- Enersen, T. (1997): *Fra husmoderlige kvinner til travle jenter – en studie av kvinnebildene fremstilt i ukebladet KK i perioden 1946-1995*. Hovedoppgave, Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, Universitetet i Oslo.
- Farstad, G.R. (2004): "Jeg liker å være hjemme." Feministiske utfordringer i en flerkulturell kontekst. I: Fuglerud, Ø. (red.). *Andre bilder av "de andre"*. Transnasjonale liv i Norge. Oslo: Pax, s. 287-306.
- Fladberg, K. L., Ommundsen, E. G., Kleve-Ruud, L. *Vil gi mor åtte måneder*. Artikkel i Dagsavisen 1. november.
- Flathagen, D. M. (2008): *Avisleseren og klimadiskursen. Dagbladets posisjoneringer av lesernes forhold til klimaendringer*. Masteroppgave, Institutt for språk- og kommunikasjonsstudier, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Gauntlett, D. (2002): *Media, Gender and Identity. An Introduction*. Oxon, Storbritannia: Routledge.
- Gripsrud, J. (1999): *Ukepressens kulturelle og samfunnsmessige betydning*. En utredning av professor Jostein Gripsrud for Foreningen Norsk Ukepresse. Oslo.
- Gullestad, M. (1989): Identitet, levesett og livsstil. I: *Kultur og hverdagsliv. På sporet av det moderne Norge*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 49-66.
- Haavind, H. (2000): Analytiske retningslinjer ved empiriske studier av kjønnede betydninger. I: Haavind, H. (red). *Kjønn og fortolkende metode*. Oslo: Gyldendal akademiske forlag.
- Hagen, A. H. (2010): *Kvinneinvasjon på innovasjonssenter* (med tilleggsartikkel *Kan ikke hvile på laurbærene*). Artikkel i Adressavisen 16. november.
- Hamre, E. (1994): *Fra virkelighetsflukt til realisme? En komparativ studie av "Min Historie" i 1981- og 1991-årgangen av ukebladet KK*. Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Halrynjo, S., Lyng, S. T. (2010): *Like lystne på karriere*. Kronikk i Aftenposten, 19. juni 2010.

Litteratur

- Halvorsen, K. (2001): *Hvordan undersøke språklig kommunikasjon? Samtaler i det offentlige rom*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.
- Harding, S. (1991): *Whose Science? Whose Knowledge? Thinking from Women's Lives*. Buckingham, Storbritannia: Open University Press.
- Hågvar, Y.B. (2007): *Å forstå avisa*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Jørgensen, M. W., Phillips, L. (1999): *Diskursanalyse som teori og metode*. Frederiksberg, Danmark: Roskilde universitetsforlag.
- Lauritzen, E. S. (2011): *Takknemlig drittjobb*. Henta 25. juli 2011 fra <http://www.dagsavisen.no/kultur/boker/article515129.ece>.
- Linell, P. (1998): Interaktion i samtal – en teoretisk bakgrunn. I: Forstorp, P.A., Linell, P. (red.). *Samtal pågår. Dialogiske perspektiv på svenska mediedebatter*. Stockholm: Carlsson bokförlag, s. 9-49.
- Lorentzen, J., Mühleisen, W. (2006): *Kjønnsforskning. En grunnbok*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lysklett, S. R. (2007): *Dialog mellom ideer. Ideutviklingens vilkår i arbeidsgruppemøter*. Doktoravhandling, Institutt for språk- og kommunikasjonsstudier, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Marková, I., Linell, P., Grossen, M., Salazar Orvig, A. (2007): *Dialogue in Focus Groups*. London: Equinox Publishing.
- MBL (utan dato): *Større og mer flermedial*. Mediebedriftenes landsforening. Henta 20. oktober 2010 fra <http://www.mediebedriftene.no/index.asp?id=94457>.
- Måseide, I. A. (2005): *Ei historisk-tematisk gransking av kvinner og yrkesliv i KK*. Masteroppgave, Institutt for kunst- og medievitenskap, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- NAV (utan dato): *Fedrekvote (tidligere kjent som pappapermisjon)*. Arbeids- og velferdsetaten. Henta 25. juli 2011 fra <http://www.nav.no/Familie/Svangerskap%2C+f%C3%B8dsel+og+adopsjon/Fedrekvote>.

NRK (utan dato): *Diverse sketsjer fra OJ-programmene*. Nett-TV frå Norsk rikskringkasting.

Henta 25. juli 2011 frå <http://www.nrk.no/nett-tv/klipp/>.

NRK (utan dato): *Om Hjernevask*. Norsk rikskringkasting. Henta 25. juli frå

<http://www.nrk.no/programmer/sider/hjernevask/>

Pax leksikon (1981): *Vekeblad*. Oslo.

Pennycook, A. (1994): Inncommensurable Discourses? *Applied Linguistics* 15 (2), s. 115-138.

Sandnes, I. (2006): *Fjernsynsdebatt som kompleks samtalesjanger. Samtaleanalyser av Holmgangdebatt*. Masteroppgave, Institutt for språk- og kommunikasjonsstudier, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

Scheuer, J. (1997): Mænds professionelle følelser. I: Pedersen, I.L., Scheuer, J. (red.). *Sprog, køn – og kommunikation*. København: CA Reitzels Forlag, s. 213-28.

Scheuer, J. (2005): *Indgange til samtaler. Samtaleanalyse som konversationsanalyse, dialogisme og kritisk diskursanalyse*. København: Danmarks Pædagogiske Universitets Forlag.

Smith, P. (2001): Culture as action in symbolic interactionism, phenomenology and ethnomethodology. I: Smith, P. (red.). *Cultural Theory. An Introduction*. Oxford, Storbritannia: Blackwell, s. 58-73.

SNL (2009): *Ukepresse*. Store norske leksikon. Henta 31. oktober 2010 frå

<http://snl.no/ukepresse>.

Sund, E.B. (2005): *Her er 1905-motene*. Artikkel i Drammens Tidende. Henta 22. oktober 2009

frå <http://dt.no/nyheter/her-er-1905-motene-1.3191994>.

Svennevik, J., Sandvik, M., Vagle, W. (1995): *Tilnærminger til tekst. Modeller for språklig tekstanalyse*. Oslo: Cappelen akademiske forlag.

Søndergaard, D. M. (1996): *Tegnet på kroppen*. København: Museum Tusulanums Forlag.

Litteratur

- Søndergaard, D. M. (2000): Sandheten er en alvorlig og magtfull konstruksjon. *Norsk medietidsskrift* 2, s. 50-59.
- Søndergaard, D. M. (2002): Poststructuralist approaches to empirical analysis. *Qualitative studies in education* 15(2), s. 187-204.
- Sørensen, K. B. (2003): *Blader til besvær? En studie av jenters lesepraksis*. Hovedfagsoppgave, Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Sørensen, S. Ø. (2005): *Girlpower = Maskulinitetskrise? Kulturanalyse av forhandlinger om maskulinitet i jentebilder*. Masteroppgave, Institutt for tverrfaglige kulturstudier, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Talbot, M. (1992): The construction of gender in a teenage magazine. I: Fairclough, N. (red.). *Critical Language Awareness*. London: Longman, s. 174-196.
- Talbot, M. (1995): A synthetic sisterhood. False friends in a teenage magazine. I: Hall, K., Bucholtz (red.). *Gender Articulated. Language and the Socially Constructed Self*. New York: Routledge, s. 143-165.
- ten Have, P. (2004): Ethnography and field methods. I: ten Have, P. (red.). *Understanding Qualitative Research and Ethnography*. London: SAGE, kapittel 6.
- Thomassen, G. (2002): Kunnskapsproduksjon og forståelser av kunnskapsproduksjon. Vitenskapsteoretisk essay i kurset "Forskning og samfunn". Institutt for anvendt språkvitenskap, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Thorsen, L. E. (1993): *Det fleksible kjønn*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Uhlving, H. H., Hauge, J. (2010): *Jobber hjemme med fødselspermisjon*. Artikkel i Aftenposten, 28. november.
- Wenger, E. (1998): *Communities of Practice. Learning, Meaning, and Identity*. New York, NY: Cambridge University Press.
- Wetherell, M. (1998): Positioning and interpretive repertoires: conversation analysis and post-structuralism in dialogue. *Discourse and society* 9, s. 387-412.

Werp, G. H. (2011): *Den provoserende kosen*. Debattinnlegg i VG 9. april.

Wetherell, M. (1998): Positioning and interpretive repertoires: conversation analysis and post-structuralism in dialogue. *Discourse and society* 9, s. 387-412.

Willy B. (1996): *Drømmenes marked*. *Norske ukeblader, magasiner og hefter 1945-1995*. Oslo: Bladkompaniet A.S.

Åm Vatn, G. (1998): *Forståingsrom og relieff*. *Forhandling om mening i arbeidsbeskrivelser*. Doktoravhandling, Institutt for anvendt språkvitenskap, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

Vedlegg A: Tekstar om kjærleik

Tekstar om kjærleik:

- *Menn, altså ...*
- *Alt om mannen*
- *Kunsten å tenne en kvinne*

Menn, altså ...

Hva var det egentlig som skjedde? Når gikk det som jeg før beundret som fascinerende hos mannen i mitt liv over til å irritere vettet av meg, spør KKS journalist Kirsti Ellefsen.

TEKST: KIRSTI ELLEFSEN OG MARI VALEN HØIHJELLE
FOTO: ISTOCK.COM OG MARI VALEN HØIHJELLE

Ja da. Det er bare å innrømme det, vi er ulike – veldig ulike, samboeren min og jeg. Han er B-menneske, jeg er av dem som spretter opp ved sjutiden og er klar for action. Han er treg (eller grundig som han selv ville sagt det), jeg er kjapp og utålmodig. Han er gourmand, jeg synes ferskt brød med geitost er like bra som foie gras.

«Hvor blind går det an å være?» vil kanskje noen si. Men vi så det, og valgte hverandre med vidåpne øyne. Ja, jeg ikke bare så at han var forskjellig fra meg – jeg digget det.

Men så; hverdag. Irritasjon. Et stadig sterkere ønske om å forandre ham. Selvsagt til hans irritasjon. Here we go. Men vi går ikke alene. Ifølge samlivsrådgiver på Q500, Rakel Brandsegg, snakker vi om et ytterst vanlig fenomen.

– De fleste par har noe de irriterer seg over

ved den andre. Alt fra døgnrytmen, måten å håndtere konflikter på, til at han sitter for mye foran pc-en. Fra å være i forelskelsesrus, hvor man gjerne glorifiserer de sidene ved partneren som er annerledes, pleier det å ta en tre måneders tid før man kommer til dette punktet.

TO ULIKE UNIVERS. På fagspråket snakker man om påkoblings- og avkoblingsfasen i et forhold. Når vi faller for et annet menneske, er det nettopp det han er – en annen, full av annerledeshet og uoppdagede sider. I forelskelsen begynner vi helt ubevisst å lete etter likhetstrekk for å komme nærmere den andre.

– Det dreier seg om to mennesker som kommer fra to ulike univers, som ønsker å komme nærmere hverandre, og nettopp derfor fokuserer på hva dere har felles, sier familierapeut Toril Hepsø.

Men det går over. Avkoblingsfasen neste.

Verstinglista

- Ulikt syn på husarbeid.
- Måten å håndtere konflikter på.
- Hvor mye man egentlig trenger å snakke om problemene man har.
- Ulik døgnrytme.
- Ulike preferanser for valg av tv-program.
- At partneren er en rotokopp.
- At partneren er en ryddefrik.

– Da har man gjerne nådd det punktet hvor det blir viktig å sette grenser, markere ulikhet og individuelle behov. Det styres av ønsket om å holde sammen uten at ens egen integritet blir krenket, sier Hepsø.

– Med fare for å ende opp med å bare irriterer seg?

– Det er par som i denne fasen kommer fram til at de er for forskjellige, og velger å avslutte det. Men når man faktisk velger den andre, til tross for ulikheter og irritasjonsmomenter, begynner jobben. Det som heter samliv.

IKKE FOR AMATØRER. – Det er da man må puste dypt og akseptere at man er ulike. Hvis du fokuserer på hvor irriterende det er at han bruker lang tid på å lage middag, blir det bare verre. Du må forsøke å legge støtdempere under din egen aggresjon, i stedet for å si «Herregud, må du somle sønn?»

Så, irritasjon over partneren er noe vi bare må leve med. Men det finnes gode råd. Aksept er et stikkord, mener Rakel Brandsegg.

– Mye handler om å prøve å tenke tilbake på hva du har valgt og hvorfor. Forsøke å huske hvordan det var i starten, da det at han satt opppe og spilte pc-spill, bare gjorde ham interessant og eksotisk i dine øyne. Mange par som er forskjellige når det gjelder interesser og rent praktiske ting, falt gjerne for hverandre fordi de hadde andre og større ting felles, som verdisyn og tanker om livet og verden. Disse er det viktig å dyrke, så de ikke drukner i hverdagslivet, råder Brandsegg og legger til:

– Har du valgt en mann som liker å se dårlige actionfilmer på tv, så må du godta det.

Eksperttråd mot samlivsirritasjon

- Godta at dere er forskjellige.
- Forsøk å legge en demper på egen irritasjon.
- Innse at du ikke kan forandre partneren din.
- Inngå kompromisser. Skal han bli med deg på tur i skogen, må du kanskje godta å se et par dårlige actionfilmer på tv.
- Tenk tilbake. Forsøk å huske hvordan det var den gangen du syntes det var fascinerende, ikke irriterende, at han lå og leste med lyset på til langt på natt.
- Trøst deg med at alle par irriterer seg. Det er ikke krise i forholdet selv om dere har ulike behov.
- Ikke la irritasjonen vokse ut av proporsjoner. Ja, smuler på kjøkkenbenken kan være irriterende. Men ikke ta det personlig. La blikket og pust med magen.

REPORTASJE
Samliv



For ente gang, jeg gidder ikke å se scoringen til Torres en gang til på YouTube.

– Men det må da være mulig å få ham til å gi Berlinerpoplene en sjanse?
– Jo. Men da må også du være villig til å se et par dårlige filmer. Man kan ikke forandre partneren sin, men man kan være klar på egne behov og ønsker, og forsøke å inngå kompromisser, sier Rakel Brandsegg.

FORANDRING FRYDER IKKE. – Ønsket om å forandre mennene våre, er en typisk kvinnegreie, sier Toril Hepsø.

– Vi blander oss for mye, og tror vi vet best. Ofte skjønner vi ikke at de fleste menn synes det er sinnssykt irriterende å bli snakket til på en belærende måte. Særlig når det kommer barn inn i bildet, har vi en tendens til å overstyre mennene våre. Og selv om det faktisk skulle være sannelig at vi vet bedre enn dem, må vi la dem få gjøre ting på sin måte. Mye handler om måten man sier fra på. Om å være litt ydmyk.

Hvilken klisjé er egentlig den sanneste; at like barn leker best eller at motsetninger tiltrekker hverandre? Både Hepsøs og

Brandseggs erfaring er at de parene som er veldig like ikke like ofte ender opp med krise i forholdet og behov for samlivsterapi.

Det lyder deprimerende, spør du meg.
– Når er man rett og slett for ulike til å kunne leve lykkelig sammen?

– Det er veldig individuelt og en vurdering hvert enkelt par må gjøre. Hvor mye er du villig til å godta av ulikhet? Hvor mye kan dere kompromisse uten at den ene parten føler seg krenket? Jo flere områder man har like ønsker og behov på, desto enklere er det. Faren er selvsagt at man blir for like. At kjærligheten glir over i vennskap og spenningen forsvinner.

Ifølge forfatter av boka «Erotisk intelligens», Esther Perel, kan vennskap og likhet bli kritikken og spenningens fiende. Par med konflikter og ulikheter kan derfor ha et mer spennende sexliv. En interessant teori, synes Hepsø.

– Det er altså et visst håp også for oss som ikke er like som to dråper vann?

– Absolutt!

redaksjonen@kk.no

Hva irriterer deg mest ved kjæresten din?



Sara Holmkvist (20)
Butikkmedarbeider, Hedmark
– Absolutt alt han gjør tar lang tid: Pusse tennene, kle på seg og låse døra. Jeg bruker ett minutt, mens han bruker minst 10 minutter. Jeg blir sint og kjæltor, men det hjelper lite.



Anette Werenkiold (41)
Kostyme designer, Oslo
– Kjæresten min prater masse. Han har veldig mye på hjertet og tar mye oppmerksomhet, mens jeg føler et jeg må kjempe litt om plassen. Selv om det irriterer meg, er det mest sjarmerende.



Tuva Vangnes (28)
Servitør, Kolbotn
– Han legger for eksempel ikke ned dolokket etter seg, men jeg synes det er tulleto å bry seg om sånt. Det koster meg null å legge det ned. På mange måter er jeg vel en tolerant kjæreste?



Siri Dale (43)
Webredaktør, Oslo
– Mannen min er utrolig flink til å trene og er i fantastisk form. Det resulterer i at jeg går med konstant dårlig samvittighet. Dessuten er han født fem minutter for sent. Løsningen min er å legge inn en tidsbuffer.

VELKOMMEN

Fra sjefredaktøren

Alt om mannen

Denne uken gir vi mannen litt mer spalteplass enn han ..., jeg holdt på å si *fortjener*, men jeg mente selvfølgelig mer enn det han *vanligvis* får i KK.

I det daglige opplever jeg at vi damer stort sett leser menn godt, nærmest som en åpen bok. *Tror* vi, i alle fall. Og vi går slett ikke av veien for å sette de vanlige, stereotypiske merkelappene på ham: Der vi er emosjonelle og empatiske, er han rasjonell og ego – eventuelt fjern og likegla'. Der vi mener å beherske kunsten å sjonglere flere tanker i hodet samtidig, har han mer enn nok med sin *ene* tanke. Når jentesnakken går, liker vi rett og slett å framstille mannen som litt endimensjonal – hvis naturlige biotop er på og rundt fotballbanen.

Selvfølgelig vet vi at dette er myter som for lengst er avgått ved døden. Norske menn sier i en stor undersøkelse fra tidligere i år at det å leve i et likestilt parforhold gir bedre livskvalitet. Samtidig opplever to av tre par

«Vi liker å framstille mannen som endimensjonal – hvis naturlige biotop er på og rundt fotballbanen.»

svikt i likestillingen på andre viktige områder. Kan det være fordelingen av garderobeplassen på soverommet, tro?

Selv om jeg ikke har forsket på området, er mitt voksne

liv et eneste stort og langt nærstudium av mannen og hans vesen. Mellom oss: Jeg har knapt vært singel en eneste dag siden jeg var fjorten. Fra da av har jeg hatt en mer eller mindre kompetent mann i nærheten. Og såpass har jeg erfart, at det er i alle fall visse ting mannen misliker, uansett alder, yrke eller personlighet, og det er:

- Damer som maser.
- Store oppussingsprosjekt han ikke setter i gang selv.
- Overfylte garderobeskap hvorav to prosent går i hans favør.
- Fjerning av platesamling og annet audiovisuelt utstyr som bryter med estetikken.
- Sette spørsmålstegn ved tidsbruk av hobbyens hans.
- At han må hente og bringe – hele tiden.

Unngår du dette, er du på god vei til å ha en smørblid mann for livet. Lett er det ikke, men absolutt verdt et forsøk.

Hva han selv tenker? Les artiklene om hvordan verden ser ut fra *hans* synsvinkel. God fornøyelse!

Gjyri Halén Werf

Gjyri Halén Werf
SJEFREDAKTØR



! KK er ditt blad! Derfor er vi opptatt av hva du synes om oss! Skriv til sjefredaktør@kk.no eller sms med kodeord KKSJEF til 1901. Vinn fine premier! Kr 1 pr. sms.

FOTO: RENATE TORSETH, STYLING: NADINE MONROE, MAKEUP: INGVIILD AMDAL

Leken + Mystisk + Kjekk + Hardbarka + Jålete + Mektig + Hverdagslig



= Den perfekte mannen?



Kunsten å tenne en kvinne

Hva slags menn vi vil ha? Jo, ganske enkelt en som er interessert i oss og som viser det!

TEKST: KARIJØR LARSEN, FOTO: FELIX ELIASSON OG MADELINE FERRE, ILLUSTRASJON MED MODELLER

Vi kvinner kan ha klitorisereksjon uten at hjernen vår får det med seg. En kvinnes kjønn kan være i full gang med å våkne seksualt, mens hun selv befinner seg et helt annet sted. Tankene vandrer kanskje til middagspånema, et par lekere sko – skal hun snar kjenne eller bare koke bløden, og mest tru om de har dem i korallfargen eller lakserosa?

– Men er hun tent, da? Nei, hun er kun tent når hun føler at hun er det, fastslår lege og sexolog Esben Esther Pirelli Benestad.

Nettopp derfor blir det så fjernt å utstyre mannen med en «gi det, trykk der»-liste, gi ham en klapp på skulderen og ønske ham hell og lykke på ferdene, råder ekspertene. For selve

kunsten å tenne kvinnen handler om å få med hodet. Og da bør vi spole litt tilbake.

– Før kvinnen skjer den viktigste oppbyggingen utenfor sengen, så veien å gå er å fokusere på forholdet og være den fyren hun vil ha. Da gleder sengerelaterte mer av seg selv i stedet for at hun blir en maskin som må startes og smøres, og så skal hun være klar, sier KKS samlivs-ekspert Peder Kjos.

– I denne sammenhengen er det sterkt undervurdert bare å være en ålreit fyr, påpeker samlivseksperten.

Når kvinnen føler at partneren bryr seg om henne, ønsker hun naturlig nok å være så nær ham som overhodet mulig – og det er da hun kjenner seg i det lyse hjemmet.

– Da er det noe med å kunne møte henne med en se-hva-som-skjer-innstilling, sier Benestad, som tror at «sex eller ingenting»-mentaliteten ofte fører til at hun lever seg litt fordi sex alltid er nettopp o-e-x.

– Det blir det samme som å droppe hele fenetoren bare fordi man ikke kan komme seg til yndlingsdestinasjonen. Grusomt trist, sukker legen og oppfordrer par til å få bort persiet.

– Det er jo så mye fint å utforske i rommet mellom null og knoll. At begge parter kan si: «Nå har vi det fukt, det er i grunnen bare dette jeg har lyst til i dag.» Det er viktig.

– Det er noe med å sette i kontakten for man skruer på beytren, sier Benestad.

«Kvinnen er tent når hun føler at hun er det.»

SEXOLOG ESBERG ESTHER PIRELLI BENESTAD

LIIVSSTIL
Sexlyst

Slik tenner du meg, kjære

Dette MENER gutta!



Anders Michaelson (27), forlovet.
– I helgen prøvde jeg noe nytt, og det var å fri. Det fungerte veldig bra, det er det beste jeg har prøvd hittil. Men når det er sagt, så er ikke jeg noen donjuan. Det gjelder å se an hvem man har foran seg og velge inngang ut fra det. Dersom man kjenner partneren sin godt, vet man hva som skal til, og får det til hvis man vil det nok. Men noen ganger må man selvsagt strekke seg lenger enn andre...
For å si det sann: hvis du tar oppvasken og gir henne en massasje for eksempel, da er du det.

Hvordan tenner man en kvinne?

hente oppmerksomhet, komplimenter og følelsen av å bli verdsett. Det er også viktig å få henne til å slappe av, for eksempel ved å massere føttene hennes. Se henne inn i øynene mens du gjør det, og arbeid deg fra føttene og opp – med kyss, omhet og tid.

Tid er viktig, da får du henne ofte over i en tilstand der hun føler at tiden står stille og ingenting haster. Det bedrer også selve sexen, siden det ikke blir så mye press om å prestere. Ikke sjelden har jeg opplevd at jenta har ridd et klimaks kun ved «guddommelig» berøring.

Ronny Sealseng (32), samboer.
– Noen ganger fungerer det å være veldig direkte og «ta ansvar», mens andre ganger fungerer massasje, en tekestilling, blomster...
Å sende blomster gjør henne ofte mer medgjørlig og gjør at hun «kastet seg» mer over deg. Men det trenger ikke å være blomster, det kan være en sjokolade, for det saks skyld. Å gi domer oppmerksomheten de trenger, når de behøver det, er viktig for å vinne fram – i tillegg til nærhet og kommunikasjon.
